

# Masteroppgåve

NTNU  
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for historiske og klassiske studier

Fremmerlid, Gisle Øye

## Tankesett og førestellingar i Danmark-Noreg kring slavehandelen og slaveriet i perioden 1750-1820.

Masteroppgåve i Det humanistiske fakultet og institutt for  
historiske og klassiske studier

Rettleiar: Hove, Jon Olav

Medrettleiar: Osei-Tutu, John Kwadwo

Mai 2021



Fremmerlid, Gisle Øye

# **Tankesett og førestellingar i Danmark-Noreg kring slavehandelen og slaveriet i perioden 1750-1820.**

Masteroppgåve i Det humanistiske fakultet og institutt for historiske og klassiske studier

Rettleiar: Hove, Jon Olav

Medrettleiar: Osei-Tutu, John Kwadwo

Mai 2021

Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet

Det humanistiske fakultet

Institutt for historiske og klassiske studier



**NTNU**

Kunnskap for ei betre verd





## **Samandrag:**

I denne masteroppgåve har eg sett på tankesett og førestellingar om slaveri og slavehandel i Danmark-Noreg før, under og etter den 14. forordning av 1792, altså vedtaket om avskaffinga av slavehandelen i Danmark-Noreg og i dansk-norsk Vestindien. Tema for denne oppgåva er kva argument og informasjon ein kan finne i perioden 1750-1820, og korleis dette representer mentaliteten, altså meininger, tankar og kjensler kring slavehandelen og slaveriet i samtidia.

Eg har brukt kjelder som er tilgjengelege på Nasjonalbiblioteket sine nettsider. Dette inkluderer reisedagbøker, aviser, bøker og andre sekundære kjelder frå samtidia. Desse kjeldene har gitt innsikt i kva argumentasjon som vart brukt for og i mot slaveriet og slavehandelen, og kva informasjon som var i fokus. Det har vore viktig i dette arbeidet å vurdere desse kjeldene i samanheng med den varierande grada av ytrings- og trykke-fridom som var i Danmark-Noreg i perioden.

Oppgåva syner at det fantes ei rekke ytringar knytt til slavehandel og slaveri. Dette var ytringar som bidrog til å spreie informasjon og tankesett kring slavehandel og slaveri. Kjeldene syner også til førestellingar om at slavehandelen var naturleg. Der var også førestellingar om at slavehandelen og slaveriet var naudsynt for kristning og sivilisering av afrikanarane. På same måte viser ytringane også at der var motstandarar som meinte at slavehandelen og slaveriet var i strid med humanismen. Vi ser også at der er forskjellege økonomiske syn i samtidia, der lønsamheita og fordelaktigheita vert sett opp mot kvarandre. I den endelige avskaffinga, var det nettopp tankesetta og førestellingane om humanisme og lønsamheit som vart viktige, medan religiøse tankesett som hadde vore mykje brukt for å legitimere slavehandelen, vart lagt mindre vekt på i den 14. forordninga av 1792.



**Abstract:**

In this thesis I have looked at mindsets and notion about slavery and the slave trade in Denmark-Norway before, during and after the 14th ordinance of 1792, in other words, the decision to abolish the slave trade in Denmark-Norway and in the danish-norwegian West Indies. The theme for this thesis is what arguments and information can be found in the period 1750-1820, and how this represents the mentality, in other words, the opinions, thoughts and feelings about the slave trade and slavery in the present.

I have used sources available through the National Library of Norway's website. This includes travel diaries, newspapers, books, and other secondary sources from the contemporary. These sources have provided insight into what argumentation was used for and against slavery and the slave trade, and what information was in focus. It has been important in this work to assess these sources in connection with the varying degree of freedom of expression and freedom of the press that was in Denmark-Norway during this period.

The thesis shows that there were several statements related to the slave trade and slavery. These were statements that helped to spread information and mindsets about the slave trade and slavery. The sources also point to the notion that the slave trade was natural. There were also notions that the slave trade and slavery were necessary for the Christianization and civilization of the Africans. In the same way, the statements also showed that there were opponents who believed that the slave trade and slavery was against humanism. We can also see that there are different economic views in this period, where the beneficial and profitability were set against each other. In the final abolition, it was precisely the mindsets and notions of humanism and profitability that were important, while religious mindsets that had been widely used to legitimize the slave trade, were less emphasized in the 14th ordinance of 1792.



## **Forord**

Eg vil takke alle som har hjelpt meg med å skrive denne masteroppgåva. Vegleiarane mine Jon Olav Hove og John Kwadwo Osei-Tutu, som vikarierte for Jon Olav då han var i pappaperm. Takk for at dykk hjelpte meg å finne min eigen veg igjennom denne oppgåva. Eg vil også takke Lina Aasmo, min tidlegare lærar, for å all den hjelpa ho gav meg for å kunne lykkast på tross av dysleksien min. Til sist vil eg takke mor og far min, for å pushe meg, og ha tru på meg, då eg sjølv var i tvil.

Gisle Øye Fremmerlid

## Innhaldsliste

1. Innleiing: .....	9
1.1. Ideen for oppgåva: .....	9
1.2. Problemstilling:.....	9
1.3. Tidlegare Forsking: .....	9
1.4. Metode: .....	10
1.5. Teori:.....	14
1.6. Avhandlinga si oppbygging:.....	16
2. Slaveri Transatlantisk slavehandel og Abolisjonisme: .....	17
2.1. Slaveri som Institusjon: .....	17
2.2. Den Transatlantiske Slavehandelen: .....	19
2.3. The Middle Passage.....	23
2.4. Abolisjonismen i Storbritannia: .....	27
3. Reisedagbøker:.....	33
3.1. Johannes Rask.: .....	33
3.2. Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea: .....	36
3.2.1. Rømer: .....	36
3.2.2. Pontoppidan: .....	41
3.3. Isert:.....	43
3.4. Hans Christian Monrad:.....	48
4. Slaveri og Slavehandel i <i>Adresseavisa</i> : .....	54
4.1. – 30.06.1769 – Negerens Tilbøyelighet til Sjølv-Mord: .....	54
4.2. – 10.05.1770 – Angående de Afrikanske Negers Slaverie: .....	56
4.3. – 8.11.1771 - Efterretting om Europæernes handel paa kusten af Guinea, som bestander i Slaver, Guld og Elephant-Tænder eller Elfenbeen. ....	58
4.4. – 01.10. & 08.10. & 22.10.1784 – En Franskmands Efterretning om den Franske Slavehandel: .....	61
4.4.1. Økonomi: .....	61
4.4.2. Skildring av behandling og slaveri: .....	63
4.4.3. Skala: .....	65
4.4.4. Artikkelerien generelt: .....	65
4.5. – 13.09.1803 – Artikkel utan overskrift:.....	66
5. Bøker, tidsskrifter og annan litteratur:.....	69

5.1. - Den Danske Oeconomus. Første Deel:.....	69
5.2. Oldendorp: .....	73
5.2.1. Behandling av slavar:.....	75
5.2.2. Kristninga av slavar:.....	77
5.3. Den 14. Forordning av 1792: .....	80
5.4. Andreas Rigelsen Biørn:.....	82
6. Avslutting: .....	88
7.Kjelder og Litteratur:.....	90

## Tabellar:

Tabell 1: Estimat av ombordstigne afrikanske slavar hjå portugisiske skip 1500-1600. Henta 08.05.2021. frå; <a href="http://www.slavevoyages.org/estimates/LBCYg2v8">http://www.slavevoyages.org/estimates/LBCYg2v8</a> .....	19
Tabell 2: Antall slavar som reiser frå Afrika, 1501-1866. Henta 08.05.2021 frå <a href="http://slavevoyages.org/estimates/WJUpabmd">http://slavevoyages.org/estimates/WJUpabmd</a> .....	23
Tabell 3: Antall slavar kjem fram til Amerika i live 1501-1866. Henta 08.05.2021 frå <a href="http://slavevoyages.org/estimates/onej967n">http://slavevoyages.org/estimates/onej967n</a> .....	24

## Figurar:

Figur 1: Slavehandelen sit omfang i Dansk-Vestindia frå Afrika, i perioden 1750-1850. Henta 05.05.2021. frå <a href="https://www.slavevoyages.org/voyages/Oqk5zrnJ">https://www.slavevoyages.org/voyages/Oqk5zrnJ</a> .....	21
Figur 2: Slaveskipet "Brooks" frakta 452 slavar per reise, og hadde om lag 6 kvadrat fot plass til kvar slave. Henta 10.12.2020 frå; <a href="https://www.virgin-islands-history.org/en/history/slavery/danish-decision-to-abolish-transatlantic-slave-trade-in-1792/">https://www.virgin-islands-history.org/en/history/slavery/danish-decision-to-abolish-transatlantic-slave-trade-in-1792/</a> .....	25
Figur 3: Kronologisk dødsrate med slaveskip-kapteinar som gjorde fire eller fleire reiser frå Nantes på 1700 talet. Basert på data henta frå, Klein, Herbert S., (2010), <i>The Atlantic Slave Trade</i> , s. 155.....	26
Figur 4: Antal afrikanske slavar sende til Vestindia med dansk-norske skip i perioden 1780-1810. Henta 15.05.2021, frå <a href="https://www.slavevoyages.org/voyages/w9wuXEct">https://www.slavevoyages.org/voyages/w9wuXEct</a> .....	81

# 1. Innleiing:

## 1.1. Ideen for oppgåva:

Før eg valde denne oppgåva spurde eg venner og kjente om kva dei viste om den transatlantiske slavehandelen, og kva dei viste om Danmark-Noreg si rolle i denne handelen? Mange svara at dei ikkje viste at Danmark-Noreg var delaktige i slavehandelen i denne perioden. Andre svarte at dei viste at Danmark-Noreg hadde delteke, men at dei ikkje visste om Dansk-Vestindia, eller i kva grad dei deltok. Ved denne uoffisielle undersøkinga hjå venner og kjente, danna eg meg ei mening om at der var lite kunnskap kring dette temaet hjå den gjennomsnittlege nordmann, og såleis vurderte eg at dette kunne vere eit spanande tema å undersøke.

## 1.2. Problemstilling:

Etter at eg fann temaet, måtte eg finne ei problemstilling innanfor rammene ideen sette. Ein dag hadde vi undervisning om Annales-skulen og om *l'histoire de mentalité*, altså mentalitets-historie. Her stod tankar, kjensler og idear frå temaet si samtid i fokus. Då byrja ideen kring problemstillinga å ta form, og eg har basert denne oppgåva på problemstillinga som følgjer: "Kva tankesett og førestellingar knytt til slaveriet og slavehandelen kan vi finne i Danmark-Noreg både før, under og etter avskaffinga av slavehandelen?" Både kunnskap og meiningar er med på å danne eit tankesett. Eg vel også å avgrense fokuset mitt ved å skrive mest om Danmark-Noreg, men nokre innslag frå Storbritannia. Grunnen til dette er at Storbritannia var ein "trendsettare" for mykje av ideane ein kunne finne i argumentasjonen for og imot slaveriet. Vidare vil vi også begrense oppgåva til perioden ca.1750-1820. Dette gjev oss tilgang til ei periode med varierande grad av ytrings- og trykke- fridom i Danmark-Noreg.

## 1.3. Tidlegare Forsking:

Historisk metode, altså framgangsmåten forskaren må bruke for å finne kunnskap om fortida, baserer seg på analyse av historikaren sine historiske kjelder. Kjeldematerialet til denne oppgåva er basert på primære og sekundære kjelder frå samtidia, samt faglitteratur frå meir moderne tid. Oppgåva startar med ein bakgrunnsdel der vi i stor grad bruker faglitteratur for å danne ein historisk kontekst og grunnmur som vi kan jobbe utifrå i oppgåva sin hovuddel. Eg har brukt Erik Gøbel; *The Danish Slavetrade and its Abolition*, for samtidia sitt syn på slavehandelen, og Per Oluf Hernæs; *Vestafrika, Fortene på Guldkysten*, for den faktiske

slavehandelen. Eg kan også vise til Jon Olav Hove sin artikkel; *Sukkerhuset i Trondheim, Historia og minnet om industrietablering og transatlantisk slavehandel*, som eg har brukt til å finne informasjon om ytrings- og trykke-fridom i samtid til den dansk-norske slavehandelen, og ikkje minst til å etablere Adresseavisa som ei god sekundærkjelde for synet på slavehandelen på 1770-1800 talet. I denne oppgåva fokuserer eg først på primærkjelder. Her har reisebøker, slik som Ludvig Ferdinand Rømer og Paul Erdman Isert sine verk vore viktige. Deretter har vi sett fokus på sekundærkjelder frå samtid. Her har *Adresseavisa* vore viktig, og også bøker slik som G.C.A Oldendorp si *Fulstændigt Udtog af C.G.A. Oldendorps Missions-Historie om de evangeliske Brødres Mission paa de caraibiske Øer St. Thomas, St. Crux og St. Jan, udgivet paa Tydsk i to Dele*, har vore viktig. Kjeldematerialet er i stor grad henta frå Nasjonalbiblioteket sine nettsider, der kjeldene har vorte digitalisert, noko som har gjort det enklare å finne relevant og spesifikk informasjon. Mitt arbeid har i stor grad gått ut på å finne fram til kjelder som viser tankar og meininger kring slaveriet og slavehandelen i samtid.

#### 1.4. Metode:

Covid-19 pandemien har påverka mitt val av metode, slik at eg i hovudsak har brukt diverse databasar for å kunne gjere arbeid i arkiv. Primært har eg brukt Nasjonalbiblioteket både i Noreg og i Danmark for å finne relevante primærkjelder til bruk i mitt arbeid. Dette er store databasar, der det er god tilgang på mange originale kjelder frå denne oppgåva si aktuelle periode. Her har eg brukt relevante søkeord for å finne kjelder med relevant tematikk. Her føler eg det er viktig å understreke at fleire av desse søkjeorda er ord som eg ikkje vil bruke i teksta mi, då dei er støytande, krenkande og fornedorande for mange. Men dei var vanlege i den tidsperioden oppgåva føre seg. Eg har i hovudsak avgrensa min bruk av desse orda til direkte sitat i oppgåva. Det å ikkje inkludere desse sitata vil i mine auge feilrepresentere perioden. I dei tilfella eg har vore nøydd til å bruke desse orda, har eg sett dei i hermeteikn. Søkeorda eg har nytta er ”Neger”, ”Negerinne”, ”Negerhandel”, ”Negerslave”, ”Negerlaveri”, ”Slavehandel”, ”Slaveri”, ”Vestindien”, ”Guinea”, ”Christiansborg” og ”St. Croix”. Desse søkjeorda dekkjer både stadar som var geografisk viktig, den transatlantiske slavehandelen til Danmark-Noreg, og begrep nytta på offer for slavehandel. Eg har også teke etterhald om at enkelte av søkjeorda er noko breie. Slaveri er til dømes eit ord som kan tyde ulike ting. Til dømes var slaveri også eit begrep for tvangsarbeid i Noreg, ei straff som vart nytta for fleire lovbrot. Mellom anna hadde ein i Trondheim ”slaveriet” der desse fangane budde medan dei utførste straffe arbeidet (i dag Sjøfartsmuseet). Vidare har

slaveriet vore svært utbreidd i både tid og geografi. Såleis har eg vore nøydd til å innsnevre sokjeordet slaveri til eit visst tidsrom. Sidan eg har fokus på avslutninga av slavehandelen i Danmark-Noreg, valde eg om lag 1750-1820 som periode. Vidare ser eg også kun på slavehandelen som går vestover, altså over Atlanterhavet. Andre begrep vart på denne tida nytta som synonym for slavehandel. Dette inkluderer uttrykk slik som “negerhandel”, dette er såpass spesifikt for det eg ønskjer å skrive om, at dei treng mindre grad av avsnivering, anna enn tidsrom.

Vidare har eg i fleire tilfelle brukt omsetjingar av original-kjelder, til dømes har eg brukt Ingeborg Raunkiær si omsetjing av; *Lægen Paul Iserts breve fra dansk Guinea 1783-87*, som vart gitt ut i 1917. Eg har valt å gjere dette grunna at der er relativt lita endring i forhold til originalteksta, samt at det for meg som dyslektilkar er mindre krevjande å lese. Vidare har eg valt å bruke omsetjingar frå samtidia i ei rekke kjelder. Til dømes gav G.C.A. Oldendorp og Ludwig Fredinand Rømer ut sine bøker på tysk, for så å omsetjing dei til dansk i si samtid. I og med eg ikkje kan lese tysk særleg godt, har eg primært brukt dei danske utgåvene i denne oppgåva. Vidare er også samtidia sine kjelder trykte på gotisk, dette gjer at søka varierer i kvalitet etter som det kan vere vanskeleg for søkermotoren å finne orda på Gotisk.

Eg har også vald å bruke fleire utgåver av *Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresses-Contoirs Efterretninger* som kjelde. Eg vil heretter referere til denne avisat etter dagens namn, *Adresseavisen*. Det er fleire grunnar til at eg har vald nettopp denne avisat som kjelde. For det første; *Adresseavisen* er ei avis som vart trykt utanfor maktsenteret i København. Her kan det då vere mogeleg at der har vore andre tankar kring slaveriet og slavehandelen enn det ein fann i hovudstaden. For det andre; *Adresseavisen* er ei av dei eldste avisene i Noreg, og er digitalisert heilt tilbake til første utgåve frå 1767. Desse avisene et tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket, og er dermed ei database ein også under koronaepidemien har fast og konstant tilgang til under skriveprosessen. Vidare har eg også nytta *Slavevoyages-prosjektet*. Dette er eit prosjekt der historikarar og ekspertar innan den transatlantiske slavehandelen har digitalisert eit stort antall kjelder for å kunne dokumentere den transatlantiske slavehandelen, eg har brukt dette prosjektet for å finne spesifikke tal angåande slavehandelen. Eg har nytta fleire av søkeorda vi har sett i avsnittet ovanfor for å finne fram til artiklar, bøker og andre kjelder, der desse søkeorda har vorte brukt. Derifrå har eg gjort eit utval i tidsrommet 1750-1820. Eg har vald å bruke Johannes Rask si reisedagbok frå 1750 talet som startskot, og H.C. Monrad si reisedagbok som vart trykt i 1820 åra, som ei avslutning for perioden.

I denne oppgåva skal vi sjå på fleire trykte kjelder frå tida før og etter avskaffinga av slavehandelen. Her må vi vurdere i kva grad der var ytrings- og trykke- fridom i Danmark-Noreg. Jens Arup Seip har skrive om det han kallar *Det Opinionsstyrte Enevelde*. Det han meiner med dette, er at einevelde hadde eit ønskje å styre etter det opinionen meinte. Og utan ytrings- og trykke-fridom er det vanskeleg å finne opinionen til folket. Såleis var ein nøydde til å gje i alle fall ei viss grad av ytrings- og trykke-fridom. Døme på dette kan vi sjå i 1750 åra og 1760 åra, då dåverande konge av Danmark-Noreg, Kong Fredrik V., sa ‘*Jeg vil ikke tillate at åndslivet underkastes innskrenkninger i mitt rike*’<sup>1</sup> Dette tyder i følgje Seip på at kongen tillåt ei viss grad av både ytrings- og trykke-fridom i Danmark-Noreg. Men her er det viktig å nemne at før 1770 var det framleis ein lovfesta førehandssensur. I praksis tyder dette at kongemakta let forfattarar og andre skribentar sensurere seg sjølve. Vi kan i denne perioden også snakke om trykkefridomen som eit privilegium, ikkje ein rett. Ein kunne miste privilegiet til å drive trykkeri. Såleis kan ein seie at det kunne ha konsekvensar å gi ut publikasjonar der kongemakta og regjeringa vart kritiserte. Dette gir oss periodeslike skrifter der det er lita grad av kritikk mot staten, då desse periodiske skriftene var avhengige av å kunne gi ut fleire utgåver over tid og var redde for å miste sitt privilegium. Men ein kan også seie at dersom ein gav ut ei einsleg bok, var der i større grad trykkefridom, då eventuelle konsekvensar vart mindre viktige. Det var også slik at ulike trykkeri tok ulike sjansar. Såleis kan ein seie at sjølvsensureringa var ei gråsone.

M. G. Birckner, den leiande autoritet på ytringsfridom i samtid, sa at ein i praksis hadde ytringsfridom og trykkefridom i Danmark-Noreg, men at den ikkje var lovfesta.<sup>2</sup> Brickner meiner altså at ytrings- og trykke-fridomen i Danmark-Noreg i samtid eksisterte kun på grunn av godvilja til staten. Dette er noko Birckner såg negativt på, då han meiner at ytringsfridomen bør vere lovfesta, og ikkje vere avhengig av makthavaren sin gode karakter.<sup>3</sup>

I brorparten av 1700 talet hadde Danmark-Noreg førehandssensur, med andre ord kunne trykte verk verte kontrollert og sensurert der kongemakta følte at det var behov for det.<sup>4</sup> Her må vi nemne *Johann Fredrich Struensee*. I perioden 1770-1772 regjerte Struensee i kongen sin stad. I denne korte perioden kom der fleire liberale reformer, der til dømes trykkefridomen

<sup>1</sup> Fredrik V, sitert av - Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, Universitetsforlaget, Oslo. s. 6.

<sup>2</sup> Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, s. 6.

<sup>3</sup> Birckner, M.G., (1798), *M.G. Birckners Samlede Skrifter – Anden Deel*, U. Bodins Forlag, København. s. 83.

<sup>4</sup> Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, s. 5.

vart lovfesta.<sup>5</sup> I Reskript 14/9 1770, oppheva staten den lovfesta sensuren, slik at ein fekk det vi kan kalle ytrings- og trykke-fridom. Denne fridomen var svært kortvarig, då det allereie året etter, i 1771, kom eit nytt Reskript, Reskript 7/10, som gav forfattarane eit ansvar for det dei skreiv.<sup>6</sup> I Reskript 20/10 av 1773, kom det eit forbod mot å omtale noko som angår staten og regjeringa i periodiske skrifter. Av slike periodiske skrifter kan vi til dømes nemne *Adresseavisa*. Vi kan av dette seie at der var til dels både store og mange endringar i ytrings- og trykke-fridomen som føregjekk på 1770 talet. Men etter 1784 vart dette forbodet likevel ikkje handheva av staten.<sup>7</sup> Vi kan då konkludere med at ytrings- og trykke-fridom var ei viktig sak både for dei som skreiv, og dei som herska. Vi kan også seie at sjølv om der var innskrenkingar og ustabilitet på 1770 talet, var der periodar med trykke- og ytrings- fridom i Danmark-Noreg før avskaffinga av den dansk-norske slavehandelen. Men samanlikna med Storbritannia var der relativt lita grad av ytrings- og trykke-fridom i Danmark-Noreg.<sup>8</sup> Storbritannia hadde meir diskusjon i samfunnet, medan Danmark-Noreg var eit absolutt monarki. Såleis hadde dei dansk-norske borgarane inga røyst i Stortinget, det var berre ei lita samfunnsguppe som kunne diskutere dei viktige teama i samfunnet.<sup>9</sup>

Eg har i stor grad nytta kjeldene ikkje som beretningar om slavehandelen, men som levningar frå samtidia. Grunnlaget for dette er at eg vil få tilgang til dei tankesetta og tankeformene, og dei eventuelle førestielingane som kan knytast til slavehandelen og slaveriet. Vi kan dele levningane i tre grupper; *normative*, *beskrivande* og *preformativ*.<sup>10</sup> Normative levningar vil seie dei levningane som vurderer og seier noko om kva som bør vere, her under kan vi plassere kritikk retta mot slavehandelen. Beskrivande levningar vil gje beretningar om korleis det var, reisedagbøkene er døme på slike levningar. Ein kjelde kan vere både normativ og beskrivande. Preformativ levningar er dei levningane som i samtida utførte noko. Døme her kan vere 14. forordning av 1792, der slavehandelen vart avskaffa. Desse levningane vert då ein del av verkelegheita dei vart til i.<sup>11</sup> Vi må også kommentere at verkelegheita kan verte oppfatta og forstått på forskjellege måtar av forskjellege menneskjer. Den afrikanske slaven og den europeiske slaveeigaren oppfattar nok slavehandelen på forskjellig vis.<sup>12</sup> Her kan vi

---

<sup>5</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and its Abolition*, Brill, Leiden; Boston, s. 75.

<sup>6</sup> Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, s. 5.

<sup>7</sup> Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, s. 5.

<sup>8</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and its Abolition*, s. 153-154.

<sup>9</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and its Abolition*, s. 65.

<sup>10</sup> Kjeldstadli, Knut, (1999), *Fortida er ikke hva den en gang var*, En Innføring i Historiefaget, Universitetsforlaget, Oslo, s. 172.

<sup>11</sup> Kjeldstadli, Knut, (1999), *Fortida er ikke hva den en gang var*, En Innføring i Historiefaget, s. 170.

<sup>12</sup> Kjeldstadli, Knut, (1999), *Fortida er ikke hva den en gang var*, En Innføring i Historiefaget, s. 38.

sjå dei ulike førestellingane menneskja i samtida hadde, og dei forteljingane dei har kring førestellingane. Ola Svein Stugu skriv;

To sentrale omgrep for å forstå kulturelle prosessar allment og historiebruk særskilt er førestellingar og forteljingar. Førestelling er i utgangspunktet eit omgrep som er knytt til mentale prosessar og til kva menneske trur og meiner, medan forteljing er knytt til språklege framstillingar i vid forstand. Dei to heng likevel saman.<sup>13</sup>

Såleis ser vi at det opplevde og det fortalte, vil vere like viktig som den faktiske verkelegheita i oppfatninga av slavehandelen og slaveriet. Her må eg understreke at eg ikkje kan undersøke i kva grad dei ulike tekstene eg har teke før meg vart leste i samtida, men det at dei vart trykte syner framleis til tankesett og førestellingar.

### 1.5. Teori:

I føgje Per Strøholm kan vi dele menneskje inni tre delar, naturvesenet, samfunnsvesenet og det tenkjande vesenet.<sup>14</sup> Historia om naturvesenet vil konsentrere seg om til dømes økonomisk, teknologisk og demografisk historie. Historia om samfunnsvesenet vil i større grad sjå på politisk- og sosial- historie. Historia om det tenkjande vesenet vil fokusere på *Idehistorie*.

I videste forstand vil idéhistorie omfatte de forskjellige kulturers og epokers karakteristiske tenkesett og tankeformer, de fundamentale kategoriene og begrepene som er felles for kulturen eller epoken, og som er mer eller mindre underforstått gir mulighetsbetingelsene for hele dens intensjonale liv, det som i dag gjerne kaller *mentaliteter*.<sup>15</sup>

Her må vi særleg leggje merke til begrepet *mentalitetar*. Mentalitet er i høgste grad prega av å vere eit teoretisk begrep. Det treng difor ikkje å stå for noko reelt eksisterande. Den er vanskeleg å finne, og kan ha eit stort og komplekst omfang. Strøholm seier at; ”Mentaliteter representerer si tids grunnstemning eller toneart, det som disponerer den for å føle, tenke og handle på spesielle måter”<sup>16</sup> Det å forske på mentalitetar vil seie å fokusere på dei tankesetta og språk som har eksistert i samtida. Vidare er det også interessant og nødvendig å sjå om det skjer endring i mentaliteten i perioden.

---

<sup>13</sup> Stugu, Ola Svein, (2016), *Historie i Bruk*, Det Norske Samlaget, Oslo, s. 16-17.

<sup>14</sup> Strøholm, Per, (1989), *Farvel til Fortida: Idehistorie og vår Livsverden*, Spartacus Forlag, Oslo. s. 10.

<sup>15</sup> Strøholm, Per, (1989), *Farvel til Fortida: Idehistorie og vår Livsverden*, s. 10-11.

<sup>16</sup> Strøholm, Per, (1989), *Farvel til Fortida: Idehistorie og vår Livsverden*, s. 11.

Det er vanskeleg å skrive om mentalitetshistorie utan å nemne den franske *Annales-skulen*. *Annales-skulen* ville studere dei tankar og idear ein fann hjå den allmenne mann, altså mannen i gata.<sup>17</sup> Dette går noko i mot idehistoria, der ein ofte vektlagde den verdiskapande eliten. Vidare vil mentalitetshistorie fokusere på at menneskje er både rasjonelt og emosjonelt. Dette vil seie at dei tankar, idear og meininger som menneskje har, vert påverka av både rasjonell tankegang og av kjensler. Historikarar slik som Febvre, meinte at dersom ein kun ser på det rasjonelle, vil ein seie at menneskjenaturen er utan endring.<sup>18</sup>

While interested in the history of man's retional reflections upon the world, Febvre urged historians to probe the history of man's passionate response to hit enviromental surroundings, to the material conditions of his exsistence and the quality of his life.<sup>19</sup>

Febvre meiner altså at kjensler vil vere ein reaksjon på menneskje sitt miljø. For denne oppgåva, er dette viktig. Vi vil igjennom denne oppgåva freiste å finne ut kva tankar og meininger der var kring slaveriet og slavehandelen i Danmark-Noreg i samtida. Vidare meiner også historikarane i *Annales-skulen* at samfunnet består av menneskjeskapte strukturar, til dømes språk, lover og institusjonar.<sup>20</sup> Og der desse strukturane var eit merke for framgang i eit samfunn, ville dei over tid verte ein del av det som held att samfunnet ifrå vidare utvikling. Vi kan då få ei fase der nye strukturar overlappar dei gamle strukturane. Her kan vi nemne at slaveriet er eit eksempel på ein slik struktur, då den er i ei fase der den held på å verte avskaffa, og erstatta med ein ny struktur.

I denne oppgåva vil vi fokusere på mentalhistorie. Vi vil altså ikkje fokusere på "sjølve" slaveriet og slavehandelen, men heller på dei tankane, meininger og kjenslene samtidas menn hadde kring slaveriet og slavehandelen. Her må vi seie at der også var kvinner som deltok i diskusjonen om slavehandelen og slaveriet, men dei kjeldene vi har nytta i denne oppgåva er skrivne av menn. Vi må også ta forbehold om at primærkjeldene i stor grad er skreve av ein elite, dei som faktisk kunne lese og skrive, samt dei som hadde råd til å trykke og publisere verka sine. Såleis vert denne oppgåva basert på mentaliteten til denne avgrensa samfunnsgruppa.

---

<sup>17</sup> Hutton, Patrick H., (1981), *The History of Mentalities: The New Map of Cultural History*, Wesleyan University, Wiley, s. 237-238.

<sup>18</sup> Hutton, Patrick H., (1981), *The History of Mentalities: The New Map of Cultural History*, s. 243.

<sup>19</sup> Hutton, Patrick H., (1981), *The History of Mentalities: The New Map of Cultural History*, s. 243.

<sup>20</sup> Hutton, Patrick H., (1981), *The History of Mentalities: The New Map of Cultural History*, s. 258.

## 1.6. Avhandlinga si oppbygging:

Vi vil starte oppgåva med å beskrive den metodiske tilnærminga og teorien som vert brukt i oppgåva for å kunne svare på problemstillinga vi har presentert. Viktige tema her er Idehistorie, mentalitetshistorie og ytringsfridomen i Danmark-Noreg i samtid. Deretter kjem det ein bakgrunnsdel for å danne ein grunnmur, eller ein kontekst, til å byggje resten av oppgåva på. Her ser vi på definisjonen av slaveri og slavehandel, og omfanget og organiseringa av slavehandelen i det transatlantiske systemet. Hovuddelen av oppgåva kjem til å baserer seg på tre typar kjelder frå samtid. For det første; reisedagbøker. Her vil vi sjå på kva dei som reiste til Vest-Afrika og Vestindien skreiv om sine opplevingar av slavehandelen og slaveriet. Kva var deira tankar og kjensler krig denne institusjonen? Den andre typa kjelde vi skal sjå på er; kjelder som fell utanfor ein felles konkret definisjon, her kan vi nemne *14. Forordninga av 1792* og *Danske Oeconomus. Første Deel*, som høvesvis er den formelle avskaffinga av slavehandelen i Danmark-Noreg, og ei bok kring økonomien i Danmark-Noreg. Den tredje typen av kjelder vi skal sjå på er; avisar, eller meir spesifikt, *Adresseavisen*. Her kan vi sjå tankesett og førestillingar frå utkanten i Danmark-Noreg, samt at desse vekentlege tidsskriftene kan vere meir reaksjonære i periodar med auka trykkefridom. Til sist vil vi danne ein konklusjon der vi ser på kva som var dei mest utslagsgjenvende tankesetta for avskaffinga av slavehandelen i Danmark-Noreg.

## 2. Slaveri Transatlantisk slavehandel og Abolisjonisme:

Før vi byrja dette arbeidet og freistar å svare på problemstillinga, må vi danne oss ein grunnmur å byggje på, med andre ord presisere og utdjupe nokre nøkkelomgrep som er viktige for denne oppgåva. Herunder vil vi sjå på kva slaveri var, kva slavehandel var, korleis føregjekk slavehandelen, og kva var omfanget.

### 2.1. Slaveri som Institusjon:

Slaveri har igjennom tidene vore ein viktig og vedvarande del av ulike samfunn verda over. Eksempel mange kjenner til, er til dømes Romarriket, antikkens Egypt, Kina og meir relevant for dette arbeidet, Amerika og Afrika. Vi må stille oss spørsmålet, kva er slaveri? Kva er ein slave? I følgje Brenda E. Stevenson er den mest grunnleggjande faktoren ved defineringa av ein slave, mangelen av kontroll. Det vil seie at ein slave sitt liv blir kontrollert av ein annan, eller fleire andre personar.<sup>21</sup> Her er det viktig å nemne at ein slave er eigmend av nokon, dette gjorde ein slave til ein eigendel. Dette gav ein slave få eller ingen rettigheiter, noko som i mange tilfelle kunne føre til grov utnytting og misbruk av slavane. Dette var ikkje alltid tilfelle, men det var langt i frå uvanleg at slavar fekk svært dårlig behandling. Her kan det vere forskjell frå slaveeigar til slaveeigar, der enkelte var meir brutale enn andre. Eksempel her kan for eksempel vere at ein slave ikkje fekk tilgang på medisin/legehjelp. Dei vart utsette for dårlige arbeidsforhold, fysisk, seksuell og psykologisk mishandling i form av straff og/eller generell svært dårlig behandling.

Slaveri var viktig for økonomisk vinning i mange industriar der slavar stod for store delar av produksjonen. Men det er viktig å ta med at ikkje alle slavar vart brukte i jordbruk eller industri. Vi kan til dømes nemne at i Midtausten var mange slavar brukte som soldatar eller konkubiner, avhengig av kjønn. Vi kan seie at det i fleire samanhengar var eit tydeleg hierarki blant slavar. Ein slave som dreiv jordbruk kunne til dømes ha lågare rang enn ein soldat slave.<sup>22</sup> Men slaven som hadde ansvar for drifta av garden, kunne igjen ha høgare status enn soldatslaven. I i mange tilfelle kunne ein slave kjøpe seg fri. Men her er det viktig å nemne to ting. For det første var ikkje dette noko alternativ for mange slavar, då dette ikkje var noko

---

<sup>21</sup> Stevenson, E., Brenda, (2015), *What is slavery?*, Polity Press, Cambridge s. 3- 4.

<sup>22</sup> Stevenson, E., Brenda, (2015), *What is slavery?*, s. 3- 4.

slaven hadde rett til, men heller noko ein meister kunne tillate dersom han/ho ønska det. Med andre ord kunne ein meister nekte slaven å kjøpe fridom. For det andre kunne ein meister sette ein pris på fridomen som slaven ikkje hadde råd til.<sup>23</sup> Vidare kunne soldatslavar bli gitt fridom for lang og tru teneste i krig. Og i følgje koranen kunne konkubiner få fridom dersom dei fødde arvingar til meisteren.<sup>24</sup>

Ein generell definisjon av slaveri kan vere; eit system der eit eller fleire menneskjer blir vurderte som eigendalar, manglar rettar, og vert kontrollerte av andre menneskjer. Denne definisjonen kan vere problematisk sidan den er så generell. Til eksempel kan vi nemne at gjennom europeisk historie, kan mange bønder kome under denne definisjonen av å vere ufri. Dei jobba for ein elite. Med andre ord vart dei kontrollerte av andre, fekk ikkje betalt for arbeidet, og dei var ofte geografisk knytt til landet. Herbert S. Klein hevdar at ein kan differensiere ufrie slavar og til dømes ufrie bønder med grunnlag i lokale band. Det Klein meiner med lokale band er slekt, lokalt fellesskap og andre sosiale tilknytingar ein har rundt seg.<sup>25</sup> Kombinerer ein dette med Stevenson sin definisjon angåande slaven sin mangel på kontroll over sitt eige liv, får vi ein klarare definisjon på kva ein slave var. Forskjellen mellom ein ufri/liveigen bonde, og ein slave, var altså at ein bonde oftast var født og oppvaksen på same staden som han/ho arbeida på. Såleis hadde bonden sosiale band og eit nettverk som gav eit grad av vern. Ein slave derimot var ofte ikkje frå det same området. Ofte var dei kjøpte, kidnappa, eller vunne i krig utanfor det lokale miljøet. På grunn av dette meir låg ein slave direkte under slaveeigaren/meisteren sin kontroll. Slavar vart selektivt brukte, med andre ord fekk dei oppgåver som bøndene ikkje gjorde, til dømes gruvearbeid og som tenrar i husholdet til herren. Her kan ein snakke om slaveri som ein eigen institusjon, og ein kan seie at talet på slavar i mellomalderens Europa var relativt lågt. Slaveriet som institusjon var ikkje avgrensa til Europa. I Midtausten forbaud Shari'a lovane muslimar å ta andre muslimar som slavar. Men det var fult lovleg å ta/eige ikkje-muslimar som slavar. Her ser det ut til å vere ein slags "oss og dei- mentalitet". Noko vi kjem til å sjå meir på seinare.

Slaveri har vore ein viktig institusjon i mange samfunn i historia, og ein viktig del av slaveriet er korleis ein skaffar slavar. I krig vart mange tekne som fangar og brukte/selde som slavar, ein forbrytar kunne blir dømd til slaveri. I mange samfunn, som til dømes India 300 fvt.,

---

<sup>23</sup> Stevenson, E., Brenda, (2015), *What is slavery?*, s. 10.

<sup>24</sup> Stevenson, E., Brenda, (2015), *What is slavery?*, s. 13.

<sup>25</sup> Klein, Herbert S., (2010), *The Atlantic Slave Trade*, Cambridge University Press, Cambridge, s. 1-2.

kunne ein bli født inn i "slaveklassen".<sup>26</sup> Som Klein hevdar hadde meisteren ikkje ønske om å ha lokale slavar med eit etablert nettverk. Ei løysing på dette kunne då vere å kjøpe slavar. Dette skaper etterspurnad, og gir då eit grunnlag for slavehandel. Ein enkel definisjon av slavehandel er kjøp og slag av menneskjer som er gjort til slavar.

## 2.2. Den Transatlantiske Slavehandelen:

Dette arbeidet handlar om den transatlantiske-slavehandelen, der slavane vart sende frå Afrika til Amerika for å arbeide på plantasjar, og ikkje minst i gruver. Det som er viktig her, er skalaen av slavehandel som vaks fram i den transatlantiske slavehandelen.

Vi kan ikkje seie at den transatlantiske slavehandelen oppstod tidleg på 1500 talet, men vi ser at Portugisarane på denne tida kjøpte og selde afrikanske slavar i Vest-Afrika. I følgje Herbert S. Klein, kjøpte portugisarane om lag 800 afrikanske slavar årleg.<sup>27</sup> Desse afrikanske slavane vart selde vidare i Afrika i bytte mot gull. Vi kan dermed ikkje kalle dette for ein transatlantisk slavehandel. Men vi kan seie at dette var eit startskot for europeisk handel av afrikanske slavar. Slavevoyages-prosjektet sine tal går tilbake til 1501-1510, og her ser vi i tabell 1 at der var estimert at om lag 950 slavar vart transporterte i den portugisiske slavehandelen i denne 10 års perioden. Etter kvart som koloniane vart etablert i Amerika, kom slavehandelen til å vekse som ei følgje av at ein trengde arbeidskraft til det tunge fysiske arbeidet i både gruver og plantasjar. Vi ser at i perioden 1590-1600 har talet på dei ombordstigne afrikanske slavane stege til over 49 000.

	Portugal / Brazil	Totals
1501-1510	950	950
1511-1520	5,041	5,041
1521-1530	5,495	5,495
1531-1540	7,204	7,204
1541-1550	13,697	13,697
1551-1560	2,826	2,826
1561-1570	20,374	20,374
1571-1580	16,350	16,350
1581-1590	32,959	32,959
1591-1600	49,295	49,295
Totals	154,191	154,191

Tabell 1: Estimat av ombordstigne afrikanske slavar hjå portugisiske skip 1500-1600. Henta 08.05.2021. frå; <http://www.slavevoyages.org/estimates/LBCYg2v8>.

Dei europeiske aktørane hadde variabel makt rundt dei etablerte fortta på kysten.<sup>28</sup> I stor grad var dette etablerte samfunn, og makta var konserert hjå ein afrikansk elite. Lenge vart europearane sett på som gjester i Afrika, då dei ikkje hadde spesielt stor korkje politisk eller

<sup>26</sup> Stevenson, E., Brenda, (2015), *What is slavery?*, s. 14.

<sup>27</sup> Klein, Herbert S., (2010), *The Atlantic Slave Trade*, s. 10.

<sup>28</sup> Hernæs, Per Oluf, (Red.), (2017), *Vestafrika Fortene på Guldkysten*, Gads Forlag A/S, Bosnia-Herzegovina, s. 43.

militær makt i Afrika.<sup>29</sup> Slik sett var dei på likefot. Men den afrikanske eliten var herrar, høvdingar og kongar i eige land. Såleis hadde den lokale eliten mykje makt der. Forta til europearane kontrollerte ikkje mykje utanfor murane, men kunne lokke med handel av varer ein ikkje hadde lokalt, ofte i bytte mot slavar.<sup>30</sup> Det er også verdt å nemne at maktpendelen var i konstant sving, der europeiske fort over tid vart overtakne av andre europeiske stormakter, og forta var langt ifrå sikra mot Afrikanarane.

For å vise den avgrensa makta til europearane i Vest-Afrika, kan vi sjå på to periodar. Den første perioden er; 1679-1683, då danskane gav frå seg kontrollen av Christianborg til Portugisarane etter at dei lokale afrikanarane gjorde opprør og drap kommandant Johan Ulrich.<sup>31</sup> Her ser vi at der er lite danskane kan gjere, anna enn å reise der ifrå. Her er det viktig å nemne at dette ikkje var unikt for dansk-norske fort. Dette gjeld i stor grad alle dei europeiske forta på den afrikanske kysten. Forta var avhengige av å samarbeide med dei lokale for å kunne å sikre tryggleiken på forta, og ikkje minst, drive handel i regionen. Vidare var også dei europeiske maktene i områda ikkje samarbeidspartnerar, men konkurrentar i handelen med både slavar og gull. Her kunne den afrikanske eliten spele europearane opp imot kvarandre.<sup>32</sup> Den andre perioden som er viktig, er 1693-1694. Perioden der Asameni kuppa og overtok Christiansborg.<sup>33</sup> Grunnen til dette kuppet var at danskane hadde valgt feil side i ein borgarkrig hjå den lokale stormakta Akwamu. Dette gjorde at den lokale sigrande eliten vart fiendtleg-innstilte til danskane i fortet. Danskane gjenerobra ikkje fortet, men dei kjøpte fortet tilbake frå Kong Basua for 3000 riksdalar.<sup>34</sup> Danskane kunne ikkje halde fortet imot fiendtleg innstilt lokal befolkning. Såleis var dei avhengige av eit godt forhald med Afrikanarane.

---

<sup>29</sup> Hernæs, Per Oluf, (Red.), (2017), *Vestafrika Fortene på Guldkysten*, s. 32

<sup>30</sup> Hernæs, Per Oluf, (Red.), (2017), *Vestafrika Fortene på Guldkysten*, s. 43


<sup>31</sup> Hernæs, Per Oluf, (Red.), (2017), *Vestafrika Fortene på Guldkysten*, s. 74-76.

<sup>32</sup> Law, Robin, (2018), Chapter 6, William's Fort: The English Fort at Ouidah, 1680s–1960s. I Osei-Tutu, John Kwadwo, (Red.), *Forts, Castles and Society in West Africa Gold Coast and Dahomey 1450-1960*. (s. 119 – s. 148), Leiden, Boston, Brill., s. 121.

<sup>33</sup> Hernæs, Per Oluf, (Red.), (2017), *Vestafrika Fortene på Guldkysten*, s. 90-91.

<sup>34</sup> Hernæs, Per Oluf, (Red.), (2017), *Vestafrika Fortene på Guldkysten*, s. 93.

Slavehandelen ekspanderte kraftig mot slutten av 1700-talet, då etterspørselen etter slavar auka meir og meir, slik at den lokale eliten såg på slavehandelen som ei nødvendigheit for eiga økonomiske utvikling.<sup>35</sup> Vi kan sjå denne ekspansjonen i figur 1. Danmark-Noreg var ivrige etter samarbeid, diplomati og handel mellom handelsforta og dei afrikanske aktørane. I likskap med fleire andre europeiske makter hadde Danmark-Noreg ein koloni i Vestindia. Dette førte til at det var eit stort behov for arbeidskraft på plantasjene der. Dette ser ut til å vere ein motivasjon for å drive slavehandel, då omlag 72% av slavar, i perioden 1660 – 1802 i Dansk-Vestindia kom frå danske skip.<sup>36</sup>



Figur 1: Slavehandelen sit omfang i Dansk-Vestindia frå Afrika, i perioden 1750-1850. Henta 05.05.2021. frå <https://www.slavevoyages.org/voyages/Oqk5zrnJ>.

Frå om lag 1674 hadde det «*Vestindisk-guineisk kompani*» monopol på dansk slavehandel. Dette kompaniet var ansvarleg for den dansk-norske handelen mellom Afrika, nærmare bestemt Guinea, og koloniane i Vestindien. Denne handelen bestod ikkje berre av kjøp og sal av Afrikanske slavar, men også av dei produkta som vart produserte i koloniane. Vi kan nemne sukker som eit av dei viktigaste av desse produkta. Såleis var «*Vestindisk-guineisk kompani*» veldig viktig i den dansk-norske slavehandelen.<sup>37</sup> Men i 1734 opna kompaniet for at andre private aktørar kunne delta i handelen så lenge dei betalte ei avgift for å kunne drive slavehandel.<sup>38</sup> Grunnen til at kompaniet gjorde dette var at slavehandelen i seg sjølv ikkje var lønsam. Dette tyder ikkje at slaveriet var ulønsamt, men kan heller peike på at sjølv handelen

<sup>35</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, s. 32.

<sup>36</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, s. 32.

<sup>37</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, s. 11.

<sup>38</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, s. 11-12.

med slavar var ulønsam. Dette ser ut til å verte bekrefta då kompaniet gjekk under i 1754, og den danske krona tok over handelen ved å etablere *Den Konglige Guineiske Handelsdirektion*. Dette vart gjort for å oppretthalde flyten av slavar til dei danske koloniane. Problemet for dei danske slavehandlarane låg i at der blant anna ikkje var stort nok behov for slavar i dei danske koloniane. Også skipsforlis, sjukdomsutbrot og andre faktorar som påverka dødsraten om bord negativt, hadde store konsekvensar for lønnsamheita til den dansk-norske slavehandelen. I tillegg var utgiftene til skip, mannskap og ikkje minst dei danske fortan Afrika for høge, i forhold til antall slavar dei kunne selje til dei danske koloniane i Vestindien. Eit eksempel her kan vere *Det Guineisk Kompagni* som var kjent som, det *danske slave kompaniet*, som dreiv slavehandelen i perioden 1766 til dei gjekk konkurs i 1776.<sup>39</sup> Dei hadde rett nok ikkje monopol, men dei var utpeikte av den danske krona til å drive den dansk-norske slavehandelen. Her kan vi igjen sjå at den danske krona tok direkte grep for å verne om den dansk-norske slavehandelen. Bakgrunnen for dette kan vere at kongemakta ønskjer å oppretthalde tilgangen på slavar, men også å oppretthalde status blant andre europeiske kongemakter. Det kan også vere at på tross av at slavehandelen ikkje er lønsam, så kan sjølve produksjonen slavane står for i koloniane vere lønsam. Tilgangen til dei produkta som vart produserte i koloniane, i hovudsak sukker, kan vere verd å gå i minus for. Ein kan og tenkje seg at dersom sjølve slavehandelen går i minus, er det likevel tenkeleg at produksjonen i koloniane veg opp for dette.<sup>40</sup> Det var billigare å kjøpe nye slavar enn det var å oppfostre born til å bli slavar i koloniane. Såleis var det ein relativ jamm etterspørsel etter slavar. Plantasjane i Amerika/Vestindia vart destinasjonen for mange slavar, kor mange kjem vi attende til i neste del-kapittel.

---

<sup>39</sup> Gøbel, Erik (2016), *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, s. 13.

<sup>40</sup> Gøbel, Erik (2016), *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, s. 12-13.

### 2.3. The Middle Passage.

Mange av argumenta mot slavehandelen handla om behandlinga av slavane, og om dødsraten på reisa frå Afrika til Amerika, også kjent som “The Middle Passage”. Såleis er det viktig å sjå nærmare på denne etappen av reisa.

	Spain / Uruguay	Portugal / Brazil	Great Britain	Netherlands	U.S.A.	France	Denmark / Baltic	Totals
1501-1525	6,363	7,000	0	0	0	0	0	13,363
1526-1550	25,375	25,387	0	0	0	0	0	50,762
1551-1575	28,167	31,089	1,685	0	0	66	0	61,007
1576-1600	60,056	90,715	237	1,365	0	0	0	152,373
1601-1625	83,496	267,519	0	1,829	0	0	0	352,844
1626-1650	44,313	201,609	33,695	31,729	824	1,827	1,053	315,050
1651-1675	12,601	244,793	122,367	100,526	0	7,125	653	488,065
1676-1700	5,860	297,272	272,200	85,847	3,327	29,484	25,685	719,675
1701-1725	0	474,447	410,597	73,816	3,277	120,939	5,833	1,088,909
1726-1750	0	536,696	554,042	83,095	34,004	259,095	4,793	1,471,725
1751-1775	4,239	528,693	832,047	132,330	84,580	325,918	17,508	1,925,315
1776-1800	6,415	673,167	748,612	40,773	67,443	433,061	39,199	2,008,670
1801-1825	168,087	1,160,601	283,959	2,669	109,545	135,815	16,316	1,876,992
1826-1850	400,728	1,299,969	0	357	1,850	68,074	0	1,770,978
1851-1875	215,824	9,309	0	0	476	0	0	225,609
Totals	1,061,524	5,848,266	3,259,441	554,336	305,326	1,381,404	111,040	12,521,337

Tabell 2: Antall slavar som reiser frå Afrika, 1501-1866. Henta 08.05.2021 frå <http://slavevoyages.org/estimates/WJUpabmd>.

Som vi ser i tabell 2 vart om lag 12.5 millionar afrikanarar sende til Amerika, men tabell 3 (nest side) viser oss at berre 10.7 millionar ankom sin endelege destinasjon. Det har igjennom tidene vore vanskeleg å sette eit konkret tal på kor mange afrikanarar som vart selde som slavar, og som faktisk ankom i Amerika. Ein kan ha høyrd tal som har vore antatt høgare eller lågare enn det ein har sett i tabell 2 og 3. Men ved å samle skipsloggar, rekneskap og manifest kan ein byrje å sjå meir spesifikke tal. Dette er noko av det slavevoyages-prosjektet freistar å gjere, og det er desse tala eg går ut ifrå.

Ut i frå samanlikninga av tabell 2 og 3, ser vi at det var totalt ca. 1,8 millionar slavar som ikkje gjekk i land i Amerika, Vestindien eller nokon annan destinasjon. Vi kan då regne med at dette talet reflekterer dei som døde på overfarta. Det er verdt å nemne at dette er eit særsmo omdiskutert tall, der antall døde kan vere betydeleg høgare. Det er ikkje utelukka at det var fleire som døde under overfarta, men Slavevoyages.org sine tal er dei tala som vart oppførte i samtidia, med forbehold om at arbeidet til Slavevoyages.org ikkje er ferdig per dags dato.

Vidare er det også eit poeng å nemne dokumentasjonen. Ein hadde vitner, mannskapet på slaveskipa og sjølvsagt slavane sjølve. Der var også rekneskap og skipsmanifest som viste til tapt ”last” under overfarta, og fleire andre former for dokumentasjon. Forholda om bord slaveskipa var uhygieniske, umenneskelege og generelt sjokkerande. Mange av abolisjonistane brukte behandlinga av slavar om bord på desse skipa som fokus for kritikken av slavehandelen, og som argument for å avslutte slaveriet.

	<b>Spain / Uruguay</b>	<b>Portugal / Brazil</b>	<b>Great Britain</b>	<b>Netherlands</b>	<b>U.S.A.</b>	<b>France</b>	<b>Denmark / Baltic</b>	<b>Totals</b>
1501-1525	4,462	4,914	0	0	0	0	0	9,376
1526-1550	17,763	17,771	0	0	0	0	0	35,534
1551-1575	19,720	22,174	1,188	0	0	50	0	43,132
1576-1600	42,037	67,879	168	1,160	0	0	0	111,244
1601-1625	58,445	214,808	0	1,577	0	0	0	274,830
1626-1650	31,421	166,017	26,315	26,106	702	1,479	836	252,876
1651-1675	9,464	209,690	93,209	81,918	0	5,456	544	400,281
1676-1700	4,670	261,523	208,431	74,878	2,548	22,265	20,374	594,689
1701-1725	0	421,232	339,007	62,477	2,612	95,357	3,882	924,567
1726-1750	0	470,236	455,284	71,268	27,500	216,213	3,820	1,244,321
1751-1775	3,634	476,596	682,454	117,855	70,624	278,479	14,711	1,644,353
1776-1800	5,601	623,298	673,590	35,202	56,601	369,121	33,215	1,796,628
1801-1825	151,367	1,037,342	253,678	2,475	89,990	117,969	14,351	1,667,172
1826-1850	354,813	1,099,018	0	324	1,662	58,579	0	1,514,396
1851-1875	181,526	7,318	0	0	413	0	0	189,257
Totals	884,923	5,099,816	2,733,324	475,240	252,652	1,164,968	91,733	10,702,656

Tabell 3: Antall slavar kjem fram til Amerika i live 1501-1866. Henta 08.05.2021 fra <http://slavevoyages.org/estimates/onej967n>.

Mange slavar kom frå konflikt mellom afrikanske statar og/eller folkegrupper. Dette gjorde nok at antall døde i både direkte og indirekte samanheng med slavehandelen, var høgare enn det tabell 2 og 3 viser, då dei kun fokuserer på overfarta. Men at kor mange afrikanske slavar døde før dei kom til Amerika, er problematisk å stadfeste. Det er lite dokumentasjon for antall slavar som vart kjøpt opp av europearane. Samanliknar vi dette med tabell 2 og 3 ser vi at dødsraten i Afrika ville ha vore mykje høgare.

Men det er framleis viktig å nemne desse dødsfalla i denne samanhengen, særleg om det påverka synet på slavehandelen i samtid. Dette kunne påverke abolisjonist-bevegelsane som vaks fram i dei europeiske og amerikanske samfunna over tid. Dette arbeidet vil ta føre seg mentalitet- og ide-historie, og her er det viktig å nemne at reine fakta ikkje alltid er det som styrer tankar og meininger i ein kultur. Vi kan sjå at i populærkulturen kunne både forsvararar og motstandarar av slavehandelen ha beskrivingar som ikkje alltid stemde. Framleis den dag i dag er det mange som tenkjar at ”de fleire slavar de meir profitt”. Dette viser seg imidlertid

ikkje å stemme heilt. Som sagt var det ein høg dødsrate under *The Middle Passage*. Om eit slaveskip hadde 300 slavar om bord, vil eit dødsfall under reisa representer eit økonomisk tap på 0,33% av den totale investeringa i slavar<sup>41</sup>. Om då 15 av slavane ikkje overlevde overfarta, ville det representer eit økonomisk tap på rundt 5% av investeringa. Her hadde ein forsikringar, for å hindre at tap av slavar skulle føre til at kapteinen/skipet/selskapet vart bankerott.

Det var heller bruken av slavar på plantasjar og i gruver som stod for den verkelege økonomiske vinninga, i alle fall i dansk-norsk samanheng. Såleis var det viktig at slavane overlevde overfarta og kunne brukast i produksjon på plantasjane. Ein kan då tenkje at ein ville gje slavane betre forhold, slik at dei hadde ein auka sjanse for å overleve. Kanskje dette kan stemme til ei viss grad, men det er likevel ikkje mogeleg å seie at reisa var lett for nokon. Europeanane var nok heller motiverte til å finne ein mellomveg, der ein kunne ha slavane så tettpakka som mogeleg utan å auke dødsraten betydeleg. Dette kan vi sjå når vi samanliknar tonnage og antall slavar per skip. Vi må her vere oppmerksame på at skipa varierte i tonnage.

Men over tid fell

mange skip i den  
same klassa, 100-299

tonn.<sup>42</sup> 55% av dei

britiske skipa som

var i denne klassa

vart brukte som

slaveskip i perioden

1691-1713. Dette

auka til om lag 80% i

perioden 1782-1808.

Så tidleg som i 1684,


vedtok Portugal at

slaveskipa skulle

begrense antall

slavar dei kunne

frakte basert på




Figur 2: Slaveskipet "Brooks" frakta 452 slavar per reise, og hadde om lag 6 kvadrat fot plass til kvar slave. Henta 10.12.2020 frå; <https://www.virgin-islands-history.org/en/history/slavery/danish-decision-to-abolish-transatlantic-slave-trade-in-1792/>.

<sup>41</sup> Klein, Herbert S., (2010), *The Atlantic Slave Trade*, s. 133-134.

<sup>42</sup> Klein, Herbert S., (2010), *The Atlantic Slave Trade*, s 145.

tonnasjen.<sup>43</sup> Det er også verdt å nemne at mange av slavehandlarane og dei private selskapa i Europa generelt, også gjekk den same vegen. Dei mindre skipa gav slavane om lag 5 kvadratfot, eller  $1,5 \text{ m}^2$ , plass til ein slave. Eit større skip kunne gje nærmare 6 kvadratfot,  $1,8 \text{ m}^2$ , per slave. Det er ikkje ei overdriving å seie at dette var veldig lite plass. Ein kan sjå dette når ein ser på teikninga i figur 3 der slavane låg skulder til skulder og hovud til fot til einannan. Ein kan seie at desse lovane og forskriftene kanskje kunne hindre at forholda vart verre, men ein kan ikkje seie at forholda for slavane om bord var betra. Tross alt var dette for å sikre at "lasten" overlevde overfarta, ikkje meir og ikkje mindre. Ein kan då godt tenkje seg at biletet av at menneskjer ligg tettpakka i mørket, gav tyngde til argumenta abolisjonistane brukte mot *The Middle Passage*.

Ein grunn til at dødsraten var så høg på overfarta, var blant anna sjukdom, til dømes meslingar. Slike sjukdommar kunne spreie seg raskt, og då slavane i stor grad var under dekk, med relativt lite plass, kunne dødsraten stige raskt. Lite plass førte også til at forholda generelt var særsla uhygieniske. Som vi ser i figur 3 kunne ein nå over 50% dødsrate i ekstreme tilfelle. Eit argument slavehandlarane brukte var at dødsraten vart lågare hjå eit mannskap som hadde erfaring med *The Middle Passage*.<sup>44</sup> I figur 3 ser vi at det framleis er toppar både på fjerde og femte tur med



Figur 3: Kronologisk dødsrate med slaveskip-kapteinar som gjorde fire eller fleire reiser frå Nantes på 1700 talet. Basert på data henta frå, Klein, Herbert S., (2010), *The Atlantic Slave Trade*, s. 155.

<sup>43</sup> Klein, Herbert S., (2010), *The Atlantic Slave Trade*, s 144.

<sup>44</sup> Klein, Herbert S., (2010), *The Atlantic Slave Trade*, s. 155.

nokre kapteinar. Dette kan tyde på at når sjukdomen først kom, var det lite ein kunne gjere for å bekjempe den. Vidare er det også ofte ein ikkje ubetydeleg dødsrate hjå slavane utan utbrot av sjukdom. Dette kunne komme av vald, sjølvormord, opprør og mange andre faktorar. Men dødsraten var såpass høg at det gjekk skrekkhistorier om at hai-stimar følgde slaveskipa over Atlanterhavet. Mannskapet på slaveskipa fekk også instruksar frå skipseigarar i København. Mellom anna var det kapteinen sitt ansvar å sikre at mannlige slavar kom frå forskjelle språkgrupper/stammar, slik at dei ikkje kunne kommunisere med andre slavar, sannsynlegvis for å hindre planlegging av opprør.<sup>45</sup> Vidare skulle ein røyke einebær og vaske med eddik under dekk to gongar i veka for å hindre sjukdom. Kokken skulle sørge for at slavane fekk ordentleg mat, for å forhindre til dømes skjørbuk. Vidare skulle slavar også få hjelp av skipslegen dersom dei vart sjuke. Dette var imidlertid ”berre” retningslinjer frå eigarar/leiinga. Der var ingen garanti for at dei vart følgde til ei kvar tid.

Offisielt vart det vedtatt i 1792 at den dansk-norske slavehandelen, altså innkjøp og sal av afrikanske slavar til dei dansk-norske koloniane, skulle avskaffast i januar 1803.<sup>46</sup> Slaveri var framleis lovleg og heldt fram. Dette var meint til å gjere slaveriet i koloniane sjølvstendig, og gjere det slik at slaveriet kunne halde fram utan tilgang til nye slavar etter 1803. Avskaffinga av slavehandelen i Storbritannia skjedde fire år seinare, i 1807. Men i denne korte perioden, vart det skipa meir slavar årleg enn nokon gong før. Vi ser også at slavehandelen ikkje stoppa på grunn av desse lovendringane. Men den vart kraftig redusert. Vi har sett i figur 1 at der var ein auke i importen av afrikanske slavar i dei dansk-norske koloniane i Vestindien i 1840, 37 år etter avskaffinga. Såleis kan vi seie at sjølv om slavehandelen formelt sett var avskaffa, tyder ikkje det at den vart avslutta.

#### 2.4. Abolisjonismen i Storbritannia:

Danmark-Noreg var eit absolutt monarki, altså fekk det danske folk ingen representasjon i Parlamentet (Stortinget). Der var ein liten elite som kunne påverke kongen, men formelt sett var det kongen som tok alle avgjersler, og hadde all makt.<sup>47</sup> Såleis var der generelt lita grad av debatt i det dansk-norske samfunnet.<sup>48</sup> Men i andre land, som Storbritannia, hadde ein debattar om slavehandelen og slaveriet. Og herifrå spreidde det seg informasjon om slavehandelen og slaveriet, samt argument for og i mot også til Danmark-Noreg. Vi vil i dette kapittelet freiste å

<sup>45</sup> Gøbel, Erik, (2017), Kapittel 7: Slavehandelen under Daneborg 1647-1806. I, Hernæs, Per Oluf, (Red.) *Vestafrika – Forterne på Guldkysten*, Gads Forlag, (s. 184-s. 221) s. 210.

<sup>46</sup> Hernæs, Per Oluf (Red.) & Gøbel, Erik, *Vestafrika – Forterne på Guldkysten*, (2017), s. 187

<sup>47</sup> Gøbel, Erik, *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, (2016), s. 65.

<sup>48</sup> Gøbel, Erik, *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, (2016), s. 65.

identifisere kva informasjon og argument som vart brukte i debatten. Før vi seinare i oppgåva skal undersøke i kva grad dette påverka førestellingar, tankesett og tankeformer i Danmark-Noreg.

Vi vil først sjå på den religiøse argumentasjonen. Før 1770-talet var det i stor grad prestar og teologar som diskuterte etikken kring slaveriet og slavehandelen.<sup>49</sup> Nokre av problemstillingane teologane hadde rundt slaveriet var; kva var kristendomen sitt syn på slaveriet? Var slaveri/slavehald godkjent i Bibelen? Vi startar med å sjå på kva argument som vart brukte for slaveriet. Kanskje det mest brukte argumentet var Ham, son av Noah. Han vart slave for sine brør, i følgje 3.Mosebok 9:20-27. Ein debatt i teologien var om dette var ei straff, eller om det var ei forbanning, då ein ofte sa at Ham var forbanna med mørk hud. Då tolka ein dette til å tyde at Ham representerte alle som var mørke, medan brørne hans var europearar. Såleis rettferdigjorde ein at afrikanarane kunne brukast som slavar.<sup>50</sup> Det er verdt å kommentere at det ikkje står nemnt i bibelen at Ham hadde, eller fekk, mørk hud. Det ser heller ut til at dette er noko som først vart nemnt seinare. Såleis argumenterte teologar for at dette ikkje var gyldig bibellære, då det ikkje var Guds ord, og heller ikkje var nedskrive i bibelen. Det var heller menneskje som hadde lagt til dette.

Der var fleire forskjellege sekter som var motstandarar av slaveri. Mange av desse mindre sektene hadde små nedslagsfelt. Mykje av motstanden kom i form av preiker frå prestar innan sektene. Desse preikene vart også til dels gitt ut i papirform. Men distribusjonen var ofte avgrensa til lokalmiljøa. Dermed hadde det lite påverknad nasjonalt. Det har vore dokumentert at det eksisterte eit samarbeid mellom fleire av desse sektene.<sup>51</sup> Sjølv om motstanden mot slaveriet og slavehandelen var ei kampsak for desse sektene, hadde dei relativt lite suksess. Vi kan til dømes nemne presbyterianarane som ei av desse sektene. Men kanskje den viktigaste, og mest kjende, i forhold til anti-slaveribevegelsen, er kvekarane.<sup>52</sup> Kvekarane var også kjende som “The Society of Friends”, men vi kjem til å bruke kvekerane som namn på denne gruppa gjennom denne teksta.

---

<sup>49</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, Ashgate Publishing, New York, s. 30.

<sup>50</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 165.

<sup>51</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 47.

<sup>52</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 47-48.

Kvekarane var ei sekt som var imot slavehandel, og var aktive i både Storbritannia og Amerika, særleg i Pennsylvania og New Jersey. Der det er behov for det, vil vi differensiere mellom amerikanske kverkerar og britiske kvekarar. Kvekarane hadde vore motstandarar av slaveri og slavehandel lenge. Tre årstal er viktige i denne samanheng. Det første er 1671, då grunnleggjaren av trua, George Fox, besøkte slavekoloniane på Barbados.<sup>53</sup> Etter å ha sett korleis slavane levde og vart behandla, argumenterte han for frigjeringa av slavane på Barbados. Fox meinte at slavehaldet var uetisk i forhold til kvekarane sin filosofi. Dei to andre årstala er 1727 og 1776.<sup>54</sup> I 1727 fordømde kvekarane slaveri som institusjon i dei amerikanske koloniane, og innan 1776 hadde alle kvekarar frigjord slavane sine i koloniane, samt at dei gav dei tidlegare slavane utdanning. Det er framleis viktig å nemne ordbruken til kvekarane. Sjølv om slavane vart frigjorde og fekk utdanning var dei framleis omtala som "Negroes".<sup>55</sup> Her kan det sjå ut til at det på tross av at det var eit ønskje om å danne eit samfunn utan slaveri, var det framleis eit tydeleg skilje mellom dei frigjorde afrikanske slavane og dei tidlegare slaveeigarane.

Etter arbeidet med å frigjere slavane i dei amerikanske kvekersamfunna byrja fleire av dei amerikanske kverkerane å sjå på slaveri og slavehandel som eit problem for alle menneske. Med andre ord var det ikkje nok at kvekersamfunna avslutta sitt eige slavehald, men ein måtte freiste å få avslutta slavehaldet som institusjon. Her kan ein snakke om at kvekarane byrja å blir meir humanistiske. Altså måtte ein byrje å sjå på dei afrikanske slavane som medmenneske.<sup>56</sup> Anthony Benezet og Granville Sharp var to kjende forfattarar og aktive motstandarar av slaveriet. I mykje av sitt arbeid la dei vekt på Storbritannina si deltaking og kontroll over slavehandelen. Grunnlaget for dette var enkelt. Storbritannia var særsviktig for det meste av handelen som føregjekk mellom Europa, Afrika og Amerika. Med andre ord var Storbritannia også særsviktig for slavehandelen mellom Afrika og Amerika, samt eksporten av varer produserte av dei afrikanske slavane i koloniane. Dersom Berezet og Sharp, samt dei andre abolisjonistane, kunne overbevise Storbritannia om å avskaffe slavehandelen, ville talet på slavar gå dramatisk ned. Såleis ville slaveriet verte avskaffa gradvis over fleire år.<sup>57</sup> Det var på denne måten slaveriet hadde vorte avskaffa i dei amerikanske kvekersamfunna, og ideen var den same, men i ein større målestokk.

<sup>53</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 48.

<sup>54</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 48.

<sup>55</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 48.

<sup>56</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 48-49.

<sup>57</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 52.

Berezet såg også på afrikanarar som medmenneskjer, og såleis var afrikanarane likestilte med andre. I samtidia representerte dette eit radikalt syn. Men med bruk av skildringar av den brutale behandlinga av dei afrikanske menneskja som vart tekne som slavar, den grusome reisa dei hadde til koloniar i Amerika, og den behandlinga dei fekk der, reiste det seg ein debatt som løfta desse problema fram i lyset.<sup>58</sup> Ein kan altså seie at dette var starten på ei kampanje for å avskaffe slavehandelen.

Den sekulære kampanjen for avskaffing av slavehandelen skaut også fart seint på 1760 talet, då Storbritannia gjekk frå ein agrarøkonomi, der landeigarelitar var viktigast (*Ancien Régime*), til ein industriell økonomi der det vaks fram ei større gruppe av nye handelsmenn. Dette opna samfunnet for nye tankar, meiningar og idear. Frå sekulært hald kan vi trekke fram til dømes John Locke, og hans idear kring naturlege rettar og fridom for alle menneskje.<sup>59</sup> Her kan ein nok seie at Locke ikkje var for avskaffing av slaveriet og slavehandelen, men ideen om fridom for alle, skapte grobotn for ei endring i samfunnet. No kunne altså menneskje, og samfunnet, gjere framgang. Samfunnet fekk såleis eit meir positivt syn på framtida, og eit meir negativt syn på fortida, og også til dels samtidia. Endringa av verdiar og tankar førte til at ein no fekk nye problem i samfunnet. Slaveriet og slavehandelen er her eit døme. For britar flest var slaveri og slavehandel ikkje eit tema i kvardagen. I stor grad var dette noko som gjaldt eliten. Og med industrialiseringa endra eliten seg. Der britar flest før hadde sett på handelen i Vestindien som fordelaktig, og eit nødvendig vonde, byrja ein no å sjå på etikken, og endringane i økonomien som industrialiseringa førte med seg.<sup>60</sup> Det er verdt å nemne at sjølv om ein såg på slavehandelen som nødvendig, såg ein den framleis som eit vonde. Dette viser at ein allereie då såg på slavehandelen som problematisk til tross for nødvendigheita.

Opplysningstida sine filosofar såg på menneskje som eit individ. John Locke sa at menneskje sin fornuft gav han fridom frå absolutt makt.<sup>61</sup> Her hevdar han at individet ikkje kan, og dermed ikkje burde verte gjort til slavar. Her kan ein som les Locke lett trekkje parallellear til slaveriet, der denne fridomen vert nekta afrikanarane. Mange i samfunnet i samtidia såg no på dette som noko som kunne endrast, ein kunne perfeksjonere samfunnet. Dette opna for ein ende på slaveriet og slavehandelen.<sup>62</sup>

---

<sup>58</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 53-54.

<sup>59</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 17.

<sup>60</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 15-16.

<sup>61</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 17.

<sup>62</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 18.

Mykje av den konkrete kritikken omhandla dødsraten og forholda som slavane levde under. Dette gjaldt då spesielt ved *The Middle Passage*, der europearane var mest innblanda. Abolisjonisten Thomas Foxwell Buxton argumenterte i samtidia for at 18% av dødsfalla i slavehandelen skjedde om bord i skipa, medan heile 71% skjedde under transporten av slavane frå det afrikanske innlandet til kysten.<sup>63</sup> Resten meinte han skjedde i koloniane. Det var lite støtte for dette på grunn av manglande data frå Afrika. Men her ser ein at førestellinga om dødsraten til dei afrikanske slavane var mykje høgare enn det som ein kunne sjå av *The Middle Passage*. Såleis kunne slavehandelen tenkast å vere enda meir moralsk feil i mange europearar sine auge.

Det siste vi vil sjå på er kva økonomiske argument ein hadde for og i mot slaveriet. Her kan vi nemne at varer som sukker, sølv og bomull frå koloniane i Vestidien var sett på som fordelaktige. Dette er ikkje direkte økonomisk, då handelen kan vere til fordel for staten og folket, utan at det treng om å vere ei reell økonomisk vinning i slavehandelen. Mange økonomar i samtidia kritiserte det merkantilistiske systemet, og såg på koloniane som ein stor kostnad for Storbritannia.<sup>64</sup> Under merkantilismen var der stor grad av stateleg kontroll av handel og prisar. Ein hadde privilegerte selskap som fekk monopol på varer og/eller marknadar, til dømes *Det Britiske Ostindiske kompani*, eller det danske *Vestindisk-guineisk Kompagni* i Danmark-Noreg. Her var det økonomiske argument for å gjere økonomien meir individualistisk. Frihandel for ei befolkning som vart stadig meir styrt av tanken om fridom. Men kanskje den viktigaste teorien Smith kom med var tanken om arbeidsdeling.

In praising labor, Smith de-valued the commodities of exchange as intrinsically inferior to human capacity. In other words, he viewed positive social change as stemming from reconfigured forms of labor rather than commodities.<sup>65</sup>

Smith såg slaveriet som ineffektivt, og meinte at det fremja sløvheit/latskap og tap av ressursar. Han meinte at ein arbeidar som arbeide for si eiga sjølvinteresse alltid ville vere meir effektiv.<sup>66</sup> Her snakkar Smith om motivasjon for arbeidet. Dersom ein slave ikkje fekk noko for arbeidet sitt så var e umotivert til å arbeide. Dersom ein arbeidar fekk godgjersle for arbeidet sitt, ville arbeidaren vere mykje meir motivert og produktiv.

---

<sup>63</sup> Klein, Herbert S., (2010), *The Atlantic Slave Trade*, Cambridge University Press, Cambridge, s. 132-133.

<sup>64</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 21.

<sup>65</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 23.

<sup>66</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 25.

It is not from the benevolence of the butcher, the brewer, or the baker, that we expect our dinner, but from their regard to their own interest.<sup>67</sup>

Dei argumenta vi har sett på her kan ofte vere vanskeleg å skilje frå kvarandre. Religiøse og sekulære argument, ville ofte bruke liknande informasjon og argument, der vi til dømes ser at inhuman behandling er viktige tema i begge kategoriane. Endringar i den økonomiske verda, altså vekst i industri og framveksten av ei middelklasse, førte til at nye sekulære idear og tankar kom fram. Vi kan no sjå på i kva grad vi finn desse førestellingane/tankemåtane knytt til slavehandelen i Danmark-Noreg.

---

<sup>67</sup> Adam Smith sitert hjå: Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 25.

### 3. Reisedagbøker:

På 1700 talet vart det utgitt mange reisedagbøker, blant anna kan vi nemne Mungo Park si bok, *Travels in the Interior of Africa*, som vart utgjeve i 1799, som viktig innan sjangeren. Allereie i 1800 kom der ei utgåve omsett til dansk. Vi kan såleis seie at der var betydeleg interesse, samt rask tilgang på, informasjonen frå Storbritannia i Danmark-Noreg. Før slike reisedagbøker kom, var der relativt liten tilgang på informasjon om dei menneskja som budde i dei forskjelle samfunna og kulturane i Afrika. Såleis var der eit ønskje om å lære meir om Afrika. Dette gjorde reiselitteratur-sjangeren særskilt populær i samtidene. Vi kan sjå dette av antal gjenutgjevingar og omsetjingar bøker innan denne sjangeren fekk. Vi kan til eksempel nemne Paul Erdman Isert og hans reiseskildring, *Reise nach Guinea und den Caribäischen Inseln in Columbien, in Briefen an seine Freunde beschrieben*, som vart originalt gitt ut på tysk i 1790, og som vart omsett til dansk same året. Vidare vart der trykt to utgåver av boka på hollandsk, ei i 1791 og ei i 1797, med fransk og svensk omsetjing som vart utgitt i henholdsvis 1793 og 1795.<sup>68</sup> Dette viser oss at der var vid interesse, og ein betydeleg marknad for slike reisedagbøker.

Reisedagbøker er meint å vere både opplysnande og underhaldande. Ofte skildrar dei geografien, naturen og dei forskjelle kulturane ein kunne finne i Afrika. Dei reisedagbøkene eg har valt som kjelder for denne oppgåva, har i tillegg også fokus på slaveri og slavehandel, og har såleis vore viktige i å spreie informasjon om slaveriet og slavehandelen i Danmark-Noreg. Vi ser også at der er forskjelle tankesett kring slaveriet og slavehandelen i desse reisedagbøkene.

#### 3.1. Johannes Rask.:

Den tidlegaste reisedagboka vi vil sjå på er Johannes Rask si, *En kort og sandferdig Reise-Beskrivelse til og fra Guinea*. Denne teksta omhandlar Rask sitt opphold i Vest-Afrika i perioden 1708 til 1713, men boka vart først gitt ut i 1754, altså etter Rask sin død. Kvifor den vart gitt ut først då er vanskeleg å seie. Vi kan seie at Rask tek opp slaveri og slavehandel og til tider stiller det i eit dårleg lys. Men boka er først og fremst ei skildring av Rask sine opplevelingar i Vest-Afrika, ikkje kritikk retta mot slavehandelen. Trykkefridomen i Danmark-Noreg var i følgje M.G. Birckner ikkje lovlista, men i praksis var der ein uformell

---

<sup>68</sup> Larsen, Kay; Green-Pedersen, Sv. E.: *Paul Isert*, i Dansk Biografisk Leksikon på lex.dk. Henta 2. april 2021 frå [https://biografiskleksikon.lex.dk/Paul\\_Isert](https://biografiskleksikon.lex.dk/Paul_Isert).

trykkefridom på 1750-1760 talet.<sup>69</sup> Grunna at der er lite konkret kritikk retta mot dansk-norsk slavehandel, kan ein seie at der var liten grunn til at trykkinga av Rask si bok skulle hindrast.

Vi nemner også at vi kjem til å bruke Jostein Øverlid si norske omsetjing, *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*, då denne utgåva er meint til å vere ei omsetting til moderne norsk og ikkje ei tolking av Rask si tekst.<sup>70</sup> Johannes Rask var ein dansk prest og i følgje Jostein Øverlid ein ”grundig og entusiastisk naturgranskare, ein lærde mann for si tid,”<sup>71</sup> Øverlid gjer eit poeng av at forskinga til Rask var noko avleggs. Men for denne oppgåva sin del, er det ikkje viktig i kva grad forskinga til Rask var avleggs. Vi vil halde fokus på er Rask sine skildringar og tankar kring slavehandelen, slaveriet og dei afrikanske slavane.

Rask skriv at dei afrikanske slavane gjer lite motstand under sjølve slavehandelen i Afrika, det er først når dei skal ombord på skipa at dei gjer motstand. Han meiner dette kjem av at dei er redde havet og reisa.<sup>72</sup> Han begrunner dette med at dersom slavane skulle gjere opprør på havet, vil dei ikkje kunne finne tilbake til Afrika. Men Rask gir også andre grunnar;

Ein av drengene mine tolka for meg ei dum innbilling som ein slik slave hadde: dei meiner at dei kvite, eller blanke som dei til vanleg kallar dei kristne, kjøper dei for å ta dei med seg på havet å søkkje dei ned som dukkarar for å fange bussies med dei.<sup>73</sup>

Vidare skriv Rask også at det finnест fleire slike innbillinger hjå dei afrikanske slavane. Det som er relevant å vise til her er at Rask seier at dette er ei dum innbilling. Her ser vi at Rask ser ned på slavane, og vidare er Rask avisande ovanfor redslene til dei afrikanske salvane.

Rask seier dette om dødsraten under overfarta til Vestindien;

Håar finst det og mange av, og store. Oftast ser ein dei halde seg nær skipa der det er mange folk og slavar ombord. For dei døde kroppane som altfor ofte blir kasta over bord, blir deira del.<sup>74</sup>

Rask beskriver Håar, altså fisk, som følgjer slaveskipa. Det er verdt å kommentere at sitatet er nesten ei bisetning her, då det er fiskane som følgjer skipa som er i fokus. Men vi ser også at Rask seier ”folk” og ”slavar” som to separate ting. Dette kan vise til ein menneskjessyn der afrikanske slavar er sett på som noko anna enn menneskje. Han kommentarer ikkje den behandlinga slavane fekk på skipa her, men når han seier at det er *altfor mange* som dør på

<sup>69</sup> Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, Universitetsforlaget, Oslo, s. 6.

<sup>70</sup> Jostein Øverlid, (1969), *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*, Halden, Fonna Forlag, s. 9

<sup>71</sup> Jostein Øverlid, (1969), *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*, s. 6.

<sup>72</sup> Jostein Øverlid, (1969), *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*. s. 34.

<sup>73</sup> Jostein Øverlid, (1969), *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*. s. 34.

<sup>74</sup> Jostein Øverlid, (1969), *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*. s. 23.

denne overfarta, så kan vi sjå at han meiner at der er dødsfall som ein burde kunne ha forhindra. Ein kan ikkje kalle dette for argumentasjon, men det er heller informasjon kring dødsraten. Vi kan også kommentere at det å kaste lika til avdøde over bord ikkje var uvanleg, ein gjorde det også med dei av mannskapet som døde.<sup>75</sup>

Døme på behandlinga av dei afrikanske slavane om bord på slaveskipa kjem fram når Rask skriv om eit slaveopprør som skjedde på slaveskipet *Fridericus Quartus*.<sup>76</sup> Rask skriv også at dette er ei vidarefortelling frå overassistent Knut Rost. I dette slaveopprøret greidde fleire av dei afrikanske slavane å lausrive seg frå bøylane/lenkene sine, og freista å overmanne mannskapet. Her skriv Rask;

Av mannskapet vart to mann ille skadde av desse fortvila menneska. Likevel fekk ein dei, Gud vere lova, tvinga til ro etter ein hard strid. Elles ville dei ha myrda kvart liv av dei kristne, slik dei ropte og skreik om, og dessutan ville dei ha gjort kompaniet uboteleg skade.<sup>77</sup>

Her ser vi at dei afrikanske slavane vert omtala som fortvilte menneskjer, dette viser oss at Rask såg på dei afrikanske slavane som menneske og at han viste ei grad av medkjensle når han viser til fortvillelsen deira. Men vi ser også at Rask viser til den økonomiske skaden eit slik opprør ville ha gjort for kompaniet (altså det Vestindisk-guineisk Kompagni). Det er også viktig å nemne at tap av kristne liv er viktig for Rask. Vi ser ofte at han snakkar om kristendommen og slaveriet, men kvar for seg. Der er lite kommentarar kring rettferdigjering eller fordømming av etikk kring slaveri og slavehandel. Vidare skildrar Rask straffa til dei afrikanske slavane som var deltagande i opprøret. Leiaren vart avretta. Men før det skjedde kappa mannskapet begge hendene av han. Deretter vart hendene vist fram til dei andre slavane til skrek og advarsle, samt at liket vart hengt opp slik at dei afrikanske slavane skulle sjå kva som skjedde med dei som gjorde motstand. Vidare vart dei andre slavane som deltok, piska og smurde inn med aske og salt. Rask er noko nøytral i skildringa av slaveopprøret og straffa som kom i etterkant, men ved at det vert vist til dei afrikanske slavane som fortvila menneskjer, ser vi eit tankesett der afrikanarane vert mennesjeleggjorde. Samstundes takkar Rask Gud for at slaveopprøret vart stansa, og at dei kristne ombord ikkje vart drepne. Men Rask var ikkje nøytral til slavehandelen og slaveriet. Dette kan vi sjå når han skriv;

Dersom den velviljuge lesaren gjeve meg lov til det, lyt eg ved dette høvet nemne noko som eg tok meg nær av, og som gjeld slavehandelen: Når dei kjøp-mennene som driv den motbærlegaste

<sup>75</sup> Jostein Øverlid, (1969), *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*. s. 16.

<sup>76</sup> Jostein Øverlid, (1969), *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*. s. 52-53.

<sup>77</sup> Jostein Øverlid, (1969), *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*. s. 53.

handel kjem for å selje slavar på festningane eller handelsstadane, så er alle slavane bakkundne, likevel utan jarn eller boltar på føtene. Om livet på den fremste slaven er det bunde eit tau av bast eller anna. Dette tauet er så langt at dei fører det inn under høgre armen på dei som kjem etter, så mange som dei er, og såleis driv eigarmannen og folka hans dei stakkars menneskja fram i ei rad liksom krøter. Sanneleg fekk eg meir enn ein gong tårer i auga ved å sjå det, og eg måtte tenkje på det apostelen skriv i 2. brevet til Timoteus, 2. 26.<sup>78</sup>

Her ser vi at på eit personleg nivå såg Rask på dei afrikanske slavane som menneskjer, og at han var kritisk til ideen om at dei afrikanske slavane var som dyr/krøter. Vi ser dette tankesettet ved til dømes at Rask omtalar slavehandelen som den ‘’motbærlegaste handel’’, altså den motbydelegaste handelen. Såleis kan vi sjå at Rask meiner at behandlinga dei afrikanske slavane får er umenneskjeleg.

### 3.2. Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea:

Rømer er kanskje mest kjent for å ha gitt ut boka, *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, i 1760.<sup>79</sup> Vi vil i denne oppgåva bruke 1997 utgåva der det er gjort relativt få endringar i original-teksta. Vi kan dele Rømer si bok i to. For det første har vi Rømer si tekst, som utgjer brorparten av boka. For det andre har vi Erik Pontoppidan sitt forord til boka. Dette forordet er særstakkt interessant for denne oppgåva si problemstilling, grunna at dette er eit av dei få døma på ein konkret og reflektert argumentasjon for slaveri, og om det etiske ved slavehandelen. Vi vil starte med å sjå på Rømer si tekst, då forordet til Pontoppidan byggjer på denne teksta, samt at det er naudsynt for å gje oss innsikt og kontekst i forhold til forordet.

#### 3.2.1. Rømer:

Ludwig Ferdinand Rømer var kjøpmann i Vest-Afrika i 1739 og vart utnemnt som Danmark-Noreg sin overkjøpmann i Guinea i 1746. I 1749 vart han utnemnd til guvernør i Christiansborg, men valde å reise attende til Danmark grunna dårlig helse. Det er viktig å nemne her, at det å vere kjøpmann i Vest-Afrika, i praksis vil seie at ein er slavehandlar. Og det var nettopp i igjennom denne handelen Rømer vart ein velståande mann. *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, er ikkje ei dagbok i den forstand at den vart skrive under reiser eller opphold i Afrika. Boka er skrive i åra etter Rømer kom attende til København. Såleis kan ein stille spørsmål om, eller kanskje i kva grad, dette kan ha påverka Rømer sin

---

<sup>78</sup> Jostein Øverlid, (1969), *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*. s. 156.

<sup>79</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, Frifant Forlag, Nesodden, s. 248-249.

hukommelse om enkelte hendingar i boka. Rømer nemner at han ikkje har teke notat undervegs på sine reiser, noko han angrar på når han skriv denne boka.<sup>80</sup>

Rømer var det vi kan kalle kongens mann. Altså var han utpeikt av den danske kongen til si stilling. Dette kunne føre til at Rømer var mindre villig til å kritisere Kongen og kongemakta. Då boka originalt vart utgitt, var Rømer ikkje lenger overkjøpmann, men han hadde kongeleg privilege til å drive sukkerraffineri.<sup>81</sup> Såleis kunne det framleis vere ein grunn til å halde seg på god fot med kongemakta, då dette er eit prilige han kunne miste, og ikkje ein rett. Som vi har sett var ytrings- og trykke-fridomen ikkje lovfesta i perioden Rømer trykte boka si. Her var det ei grad av sjølvsensur, men forfattarar som ikkje planla ei lang litterær karriere, hadde moglegheit til å trykke bøker der ein var meir kritisk. Rømer si skildring ser ikkje ut til å vere motivert av korkje å forsvare, eller å kritisere slavehandelen eller slaveriet. Rømer snakkar ikkje spesifikt om eige forhald til kongemakta. Men det faktum at boka er skrive av ein tidlegare overkjøpmann, det vil seie mannen som var ansvarleg for den dansk-norske slavehandelen i Afrika, kan vere eit argument for at boka kan vere eit forsvar for Rømer si eiga rolle i slavehandelen.

I kapitel 1 beskriv Rømer landet Guinea som eit velsigna og fruktbart land, og at eit kvart menneskje hadde prisa seg lukkeleg for å vere fødde i slikt eit paradis.<sup>82</sup> Her påstår Rømer at slik er det ikkje med Afrikanarane. Her skriv han at hatet mellom folkesлага går i arv, og at afrikanarane fører umenneskelege krigar seg i mellom. Han går så langt som å seie at dei ikkje lenger er menneskjer, men heller "Creaturar",<sup>83</sup> altså skapningar. Her kan ein seie at han skil seg frå kvekarane sitt humanistiske menneskjesynd. Vidare fortel Rømer at dei som bur på det kalde Grønland er meir velsigna enn afrikanarane.<sup>84</sup> Grunnen til at han hevdar dette, er manglande tryggleik i Afrika. Rømer skriv;

En Slave ere meere sikker paa sit Liv, end hans Konge eller Herre, som ikkje veed hvilken Dag eller Nat hans Naboe, som forhen af ham groveligen er fornærmet, lister sig paa ham, og Dræber hans heele Familie, i det han med sit armeerede Mandskab lister sig igjennem saadanne Veye, som ham af vilde dyr er gjorte.<sup>85</sup>

<sup>80</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 77.

<sup>81</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, Om Forfattaren.

<sup>82</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 21.

<sup>83</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 25.

<sup>84</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 21.

<sup>85</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 25.

Då Rømer reiste langs den Vest-afrikanske kysten for å finne slavar, trefte han nye stammer og folkeslag. "Vi have blant disse Slave seet Nationer som man knap kunde kalde Mennisker."<sup>86</sup> Her trefte han, i følgje boka, menneskjeetarar, eller kannibalar. Desse menneskja hadde spissa tennene sine, og ein var nøydde å trekke tennene deira for at dei ikkje skulle gå til åtak på andre slavar.

En Capitain var saa ulykkelig og fik den (menneskjeetaren) to Gange; denne bandt Mennieske-Æderern et par Canon-Kugler til Halsen, og slengte ham i Søen.<sup>87</sup>

Denne informasjonen kan nok vere med på å danne eit bilet på korleis Rømer meinte livet i Afrika var, og viser korleis han forklarte at slaveriet ikkje var ei drastisk forverring av livet til ein afrikanar. Tvert imot vil Rømer sitt syn/argument freiste å forklare kvifor slavehandelen ikkje var spesielt negativ, då ein redda afrikanarane frå kannibalar, krig og anna liding i Afrika.

Rømer fortel om enkelte opplevinga han har hatt som slavehandlar i Vest-Afrika. Noko som går igjen fleire stadar i Rømer si bok, er Afrikanarane sin kjærleik for brennevin. Her fortel Rømer at afrikanarane er villige til å gå langt for å få tak i brennevin. Eit døme er då ein mann sel kona si for å få nok til brennevin.<sup>88</sup> Mannen sel ikkje kona direkte til Rømer eller andre dansk-norske handelsmenn, men sel ho utanfor fortet til andre afrikanarar. Her stiller Rømer, i alle fall denne eine afrikanske mannen, i eit därleg lys. Samstundes viser Rømer også at afrikanarane deltok i slavehandel for eiga vinning. Det var ikkje ein handel afrikanarane vart påtvinga av europearane. Men det er europearane som starta den transatlantiske slavehandelen og held den ved like. Men det som verkeleg er interessant, er at Rømer gir rom for afrikanarane sjølve til å kommenter dette;

Det er Eder, I Blanke, Heder det, som have bragt ald Ondskab iblant os. Havde vi vel solgt hverandre, dersom ikke I, som Kiøbere vare kommet til os? Begiærligheden som vi haver til Eders, Fortryllende Vahre og Brændeviim gjør, at een Broder den anden og een Ven den anden ikke kan troe, Ja! knapt en Fader sin Søn.<sup>89</sup>

Ein kan kanskje seie at ved å forklare menneskjesynet ein fann i Afrika, freista Rømer å legitimere slavehandelen. Men ved å vise til denne fordømminga av europearane sine slavehandelverksemder frå ein afrikanar, viser Rømer til to sider av saka. Vi må og

---

<sup>86</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 31.

<sup>87</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 32.

<sup>88</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 82-83.

<sup>89</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 37.

kommentere at vi ikkje veit i kva grad dette er ei truverdig kjelde, men det som er viktig er å sjå at det verdt stilt spørsmål kring europearane si rolle i intensiveringa av den afrikanske slavehandelen. I dette sitatet ser vi også at europearane har ei hovudrolle i slavehandelen, men samstundes går det klart fram at det er tosidig. Afrikanarane er dei som sel slavar, men det vert sådd tvil om i kva grad dei hadde selt slavar dersom europearane ikkje hadde vore så villig til å kjøpe.

Rømer fortel at det er eit skilje mellom afrikanarane som bur på det han kallar *Ovenkysten*, og dei som bur på *Gull-Kysten* og *Underkysten*.<sup>90</sup> Her fortel han at afrikanarane som bur på *Ovenkysten* er vennlege og hjelsame. Når han skriv om dei valdelege og uærlege snakkar han om dei som er å finne på *Gullkysten* og *Underkysten*. Her differensierer Rømer mellom forskjellege delar av Afrika. Men han har likevel eit breitt syn på Afrika her, han nemner ikkje forskjellege nasjonar eller folkeslag. Dette kan forklarast med at dette kapittelet fungerer som ei innleiing til sjølve hovudteksta i boka hans. Såleis freistar Rømer å gjere denne delen noko meir generell for å danne eit bilet av Afrika og samfunna ein kunne finne der hjå lesaren.

Rømer skil også mellom korleis ulike europearar behandlar slavane dei kjøper i Vest-Afrika. Han er spesielt negativ til korleis Spania og Portugal behandlar dei afrikanske slavane. I følgje Rømer vert dei afrikanske slavane sende ned i gruver i koloniane for å grave etter gull og sølv, og dei som blir sett til dette arbeidet kjem aldri til å sjå dagslys igjen.<sup>91</sup> Denne behandlinga meiner Rømer er umenneskeleg. Her kan ein då sjå at Rømer ser desse afrikanske slavane som menneskjer. Det er ikkje slaveriet han proteserar imot, det er behandlinga av slavane. Rømer tek opp behandlinga av dei afrikanske slavane her, man han snakkar relativt lite om korleis behandlinga var elles. Her ser det ut til at Rømer ønskjer å framheve at dei afrikanske slavane i dei portugisiske og spanske koloniane levde under svært tøffe forhold. Han held her fokus på korleis andre slavehandel-nasjonar behandla afrikanske slavar i koloniane sine. Men det er eit fråvær av informasjon om dei afrikanske slavane si behandling i dei dansk-norske koloniane. Såleis kunne ikkje lesaren danne seg ei konkret mening om slaveriet i Danmark-Noreg, men dei kunne gjere det utifrå den informasjonen Rømer gir om andre nasjonar sin slavehandel. Ein grunn til dette kan vere at på tross av at der var ein ulovfesta ytringsfridom, var der framleis ei grad av sjølvsensur. Rømer kan altså ha sensurert seg sjølv for å ikkje omtale dansk-norsk slaveri direkte. Det er ei mindre grad av informasjon

<sup>90</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 26.

<sup>91</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 44.

kring *The Middle Passage*, men vi må hugse at dette er ei reiseskildring om Guinea. Såleis er fokuset lagt til Rømer sitt opphold i Afrika. Men Rømer viser blant anna til at dei afrikanske slavane om bord slaveskipa vert forgifta, mannskapet gjer dette for å berge seg sjølve dersom det er lite mat og drikke att på overfarta.<sup>92</sup>

For å beskrive og forklare omfanget av slavehandelen skriv Rømer;

Hidindtil continuerede Accras skiønne Slave-Handel, og i Europa kunde men ikke begribe, hvor alle de sorte Mennisker kom fra; de tænkte, at de Sorte i Africa ikkuns avlede Børn, for at sælge dem til Europærerne, eller ogsaa der som i Ostindien, og paa mange Steder ofte infaldt ufrugtbare Tider, at Folke sælger sig selv, for ikke at døe af hunger. Alle som læse dette, vil ikke beskyld Africanerne mere, at de sælge deres Børn.<sup>93</sup>

I høve dette sitatet, er det viktig å leggje vekt på forholda i Afrika som Rømer viser til. I følgje Rømer er der blant anna hungersnaud. Slik at det beste afrikanske foreldre kan gjere for borna sine, er å håpe på å selje seg sjølve og borna sine til slaveri. Skildringa Rømer gir av forholda i Afrika, kan vere med på å fremje slaveriet som ei mogeleg redning for afikanarane.

Rømer meiner at slavehandelen er naudsnyt, den er sjølve drivkrafta i all produksjon i Vestindien. Utan slavar til å arbeide i gruver i Peru, Mexico og Brasil, vil Europa gå tomme for sølv, som var valutaen i handel med austen. Særleg viktig her er Kina, der Storbritannia nytta sølv frå Peru som betaling for mykje av til dømes teen.<sup>94</sup> Her kan ein seie at Rømer i stor grad er prega av merkantilisme og av fordelaktigheita ved handelen i og med koloniane i Vestindia. Dette kjem tydeleg fram når Rømer snakkar om levealderen til ein afrikansk slave. I følgje Rømer er det rart at slavane lever til dei er 40 år.<sup>95</sup> Detter bruker han som eit argument for at Danmark-Noreg må etablere fleire fort på kysten, slik at ein kan sikre tilgangen på afrikanske slavar til Vestindien. Utan denne tilgange på slavar vil koloniane, i Rømer sine auge, ikkje kunne oppretthalde produksjonen i gruvene eller på plantasjane i Vestindien.

---

<sup>92</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 231.

<sup>93</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 116.

<sup>94</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 35.

<sup>95</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 199.

### 3.2.2. Pontoppidan:

Som vi har nemnt var forordet skrevet av Erik Pontoppidan, tidlegare biskop i Bergen. Då Pontoppidan skreiv forordet til; *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, var Pontoppidan *prokansler*, altså var han rektor, ved universitet i København.<sup>96</sup> I likskap med Rømer var Pontoppidan det ein kallar kognens mann. Men i mottsetting til Rømer var mykje av Pontoppidans makt, prestisje og økonomi meir direkte knyta til kongemakta då boka vart utgjeve. Han hadde vore biskop i Danmark-Noreg. Der kristendommen er statsreligionen. Dette vil seie at han var utnemnd av kongen til denne stillinga. Det same kan seiast om stillinga som prokansler hjå universitet i København. Å kritisere det dansk-norske slaveriet og slavehandelen ville med all sannsynlighet vere slutten på både Pontoppidan si karriere, og på hans politiske og sosiale liv. Rømer si skildring er nøytral, men der er skildringar som set slavehandelen og slaveriet i Danmark-Noreg i eit dårleg lys, med brutale skildringar. Dette kan då ha framprovosert Pontoppidan sitt forsvar av slavehandelen.

Ein tydeleg forskjell vi kan sjå mellom Rømer og Pontoppidan er korleis dei omtalar Vest-Afrika og afrikanarane. Rømer viser til forskjellege kulturar og folkeslag i Vest-Afrika, men Pontoppidan ser til å omtale Afrika i grove trekk, altså snakkar Pontoppidan som Afrika som ei einheit, og afrikanarane verdt ikkje delte i folkegrupper. Rømer beskriv mange forskjellige grupper, kongedømme og statar. Dette er ein viktig og markert forskjell i ordlyden til desse to forfattarane. Det kan kanskje sjå ut til at dei som hadde reist til og i Vest-Afrika, hadde ei større forståing for at Vest-Afrika var ein samansett og komplisert region. Pontoppidan, som ikkje hadde vore i Vest-Afrika, visste lite om Afrika. Dette kan ha bidratt til det var ei relativt lita gruppe europearar, danskar og nordmenn inkludert, som hadde stor kunnskap om Afrika. Popularisering av reisebøker frå dei som hadde vore i Afrika, kunne då vere særsviktige for å spreie kunnskap om dei nasjonane, kongedøma, folkesлага og kulturane som var å finne i Afrika, både på godt og vondt. Spreiing av feilinformasjon kan også lett skje i slike tilfelle. Informasjonen reisedagbøkene formidla kunne då vere viktig for dei i Danmark-Noreg som mangla denne kunnskapen. Ein kunne då skifte meningar, tankjar og kjensler kring slaveri og slavehandel, på godt og vondt, med bakgrunn i denne nye informasjonen.

---

<sup>96</sup> Neiendam, Michael, (04.04.2016), *Erik Pontoppidan - 1698-1764*, i Dansk Biografisk Leksikon på lex.dk. henta 10.03.2021 frå [https://biografiskleksikon.lex.dk/Erik\\_Pontoppidan - 1698-1764](https://biografiskleksikon.lex.dk/Erik_Pontoppidan - 1698-1764).

I forordet til «*Tilforladelig efterretning om kysten Guinea*», forklarer og rettferdiggjer Pontoppidan slaveriet og slavehandelen.

Christendommens Aand ikke selv ville tillad at drive Kiøbmandskab med Mennesker skabte, ligesaa vel som vi, efter Guds Billedes, og igienkøibte ved den samme sotre Megler imellem Gud og Menneskene.<sup>97</sup>

Altså stiller Pontoppidan spørsmål om kva rett dei kristne har til å drive slavehandel? Som sagt argumenterer Pontoppidan for slaveriet. Dette kan vi sjå av hans vektlegging av det verdslege mot det sjelelege. Ved å spreie kristendommen hjå afrikanarane, reddar ein sjela deira i følgje ei slik tolking. Eit motargument som Pontoppidan sjølv tek opp, er at den harde behandlinga dei afrikanske slavane fekk i det verdslege livet, ikkje var naudsynt dersom det einaste målet var å kristne afrikanarane. Ein kunne ha misjonert og spreidd den kristne religionen i Afrika i staden for å danne slavekoloniar og så forkrynt Guds ord der. Her kan ein tenkje seg at det var andre motiv som kom i tillegg til sjølve ønskje om å kristne afrikanarane. Dette forklarar Pontoppidan med følgjande utsegn;

*Nu er det sandt, De Christnes store Hoved-Lov er Kiærlighed, og Kiærligheds første Grad er Billighed, men Billighed fobyder at omskifte en Underlands Tilstand til Noget ringere eller verre, med mindre man tillige kan forskaffe ham en anden lige saa stor eller større Fordeel.*<sup>98</sup>

Her brukar han uttrykket *Billighed*. Slik som det vert forklart her, er den beste oversetninga *rimelegheit*.<sup>99</sup> Det Pontoppidan freistar å forklare her, er at det er rimeleg at dersom ein lid eit tap så skal ein få att ein gevinst som er like stor, eller større. Vi har allereie nemnt sjelalivet, men Pontoppidan argumentarar også for at det verdslege livet ikkje vert nemneverdig endra. Altså meiner han at dei Afrikanske menneska sine levevilkår i heimlandet er elendige, og forholda der vert skildra som usikre og umenneskelege. Vidare vert det også nemnt at tjuveri, mishandling og mord er utbreidd i Guinea. Dette bruker Pontoppidan til å argumentere for at livet i Guinea er så elendig at det å bli sold som slave til dansk-norske handelsmenn, og send til danske koloniar, ikkje er ei forverring av levevilkåra til afrikanarane. Derimot vert sjela deira redda, då dei får ta del i Guds lære frå misjonærane i koloniane. Såleis er slaveriet og

---

<sup>97</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand (1760), *Tilforladelig efterretning om kysten Guinea*, side 10. (Forord av Erik Pontoppidan)

<sup>98</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, s. 10. (Forord av Erik Pontoppidan)

<sup>99</sup> Det Norske Akademi for Språk og Litteratur, (2021), *Billighed*, henta 19.02.2021 frå <https://naob.no/ordbok/billighet>.

slavehandelen i Pontoppidan sine auger rimeleg, då sjela til dei afrikanske slavane vert berge. Dette tankesynet legg meir vekt på det åndelege enn det verdslege.

Om vi ser på Pontoppidan sitt kanskje mest kjente verk, *Sandhed til Gudfrygtighed* (1768), ser vi og Pontoppidan si meining om slaveriet i ”Det Fjerde Bud? Hædre din Fader og din Moder, at det kand gaae dig vel, og du maa længe leve paa jorden.”<sup>100</sup> Her skriv Pontoppidan om å hedre foreldra sine, men han går djupare her. Blant anna ser han både staten, i form av kongar, fyrstar og andre ”Øvrigheds-Personer” som foreldra i eit samfunn. Dette fungerer og i mindre skala der husbonden er forelder til teneste-folk og tenalar.<sup>101</sup> Dette er i følgje Pontoppidan Guds orden, og er det beste for alle. Her ser vi det vert gjort forskjell på tenalar og tenestefolk, og vi kan rekne med at slavar fell under ein av desse kategoriane, og vil såleis vere underlagt slaveeigaren (husbonden) i denne ordenen.

Pontoppidan meiner at afrikanarane har det like godt, om ikkje betre, når dei jobbar i koloniane. Det einaste unntaket han gjer er dersom afrikanaren er gift med born. Pontoppidan ser heller ikkje ut til å gjere noko forskjell på afrikanarane, altså ser Pontoppidan ut til å sjå alle afrikanarar under eit. Vidare skriv Pontoppidan at han har snakka med mange som har kome attende frå St. Croix, som har opplevd at mange av slavane har konvertert til kristendommen.<sup>102</sup>

### 3.3. Isert:

Ein av dei meir kjende motstandarane av slaveriet i Danmark-Noreg var kanskje legen, Paul Isert. I perioden 1783-1787 reiste Isert til Christiansborg, det Dansk-norske fortet på Gullkysten, og deretter til Vestindien på slaveskipet Christiansborg. For å hindre forvirring kjem vi til å referere til slaveskipet Christiansborg som SS Christiansborg, og fortet som Christiansborg. Vi veit forholdsvis lite om Isert før han reiste til Afrika. Det vi veit er at han var både lege og botanikar, var født i Brandenburg i 1756, og at han sannsynlegvis studerte i København.<sup>103</sup> Grunnen til at nettopp Isert fekk reise til Christiansborg, var at han fekk stillinga som overlege på fortet. Anna enn å vere lege, var Isert også oppteken av naturvitenskap, noko vi kan sjå av skildringane hans av naturen i dei ulike breva han skreiv. Det meste vi veit om Isert finn vi i dei breva han skreiv til venner og familie på sine reiser i

<sup>100</sup> Pontoppidan, (1768), *Sandhed til Gudfryktighed*, Waÿsenhuses Bogtrykkerie, Kiøbenhavn, s. 36.

<sup>101</sup> Pontoppidan, (1768), *Sandhed til Gudfryktighed*, s. 36.

<sup>102</sup> Rømer, Ludwig Fredinand (1760), *Tilforladelig etterretning om kysten Guinea*, side 11. (Forord av Erik Pontoppidan)

<sup>103</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, G.E.C. Gad, København, s. 186.

perioden 1783-1787, og som han gav ut i bokform i 1788 etter han returnerte til København. Den originale utgåva av 1788 var utgitt på tysk, og vi kjem i dette arbeidet til å bruke den danske omsetjinga av Ingeborg Raunklær frå 1917. Men vi vil først sjå på forordet i den tyske 1788 utgåva, då det her kjem fram kva som motiverte Isert til å gjere denne reisa.

Her seier Isert at den største motivatoren for hans reise til Guinea og Vestindien, var Naturhistoria. Såleis kan vi sjå at Isert var prega av ideala i opplysningsstida om forsking. Han seier til dømes; ”Det skal være heilagt for einkvar historisk forfattar å bevare manerar og skikkar hjå ville nasjonar. Kanskje eit århundre meir, og nasjonen eksisterer ikkje lenger, eller har endra seg dramatisk.”<sup>104</sup> Her ser vi motivasjonen til Isert for reisa til Guinea og Vestindien. Han ønskte å bevare kulturen hjå dei afrikanske nasjonane. Isert seier at det er viktigare å bevare dei afrikanske kulturane enn ”dei siviliserte” (dei europeiske), sidan afrikanarane ikkje kan gjere det sjølv. Ein kan altså seie at Isert vil dokumentere og spreie kunnskap om kulturane i Afrika. Isert gjer seg også førestellingar om lesarane sine førestellingar om Afrikanarane; ”Kva vil mannen med dette, ei bok som fortel oss om tullingar og ein vill barbarnasjon?” Her viser Isert altså til ei førestelling hjå samtidene sine lesarar, der mange såg på afrikanarane som ”tullingar” og på Afrika som ein ”barbarnasjon”.

Ein kan ikkje kalle Isert ein historikar, men han var utvilsamt ein mann av opplysningsstida. Vi kan sjå dette i hans motivasjon for reisene sine, der han seier at grunnen til at han reiser er naturhistorie, og eit ønske om å bevare dei særegne kulturane som var i Afrika. Det er viktig å nemne at Isert ser ut til å snakke som om at Afrika består av fleire nasjonar, men at han framleis ser på afrikanarane som eit folkeslag i byrjinga av breva sine. Dette er ikkje nokon konkret teori Isert har, men ut ifrå det han skriv, ser det ut til at det er ein antagelse frå Isert si

---

<sup>104</sup> Isert, Paul, (1788), *Reise nach Guinea und den Caribäischen Inseln in Columbien, in Briefen an seine Freunde beschrieben*, J.F. Morthorst, Kopenhagen, forord utan sidetal. Tysk orginal tekst er som følger:  
*Die Haupttriebfeder, die mich nach Guinea und hernach nach Westindien traachten, war allein die Naturgeschichte.- Ben meiner dortigen Ankunft, fand ich tausend neue Gegenstände, die ich, ob sie gleich nicht zur Naturhistori, nicht mangemacht lassen konnte. Die Früchte davon sind diese Briefe. Vielleicht wird einer oder der andere meine Leser lachen und Sagen: was will der Mann damit, dass er uns ein Buch der Thorheiten und Gebräüce Einer wilder barbarischen Nation Erzählt? Denen atworte ich mit Rainal; Dass es jedem historischen Schriftsteller heilig seyn sollte, die Sitten und Gebräüche wilder Nationen aufzubewahren. Ein Jahrhundert vielleicht mehr, und die Nation existirt nicht mehr, oder ist doch mächtig verändert. - Die Peruaner, die Mexikaner und die andere dieses Welttheils, was waren sie? Es ist daher nöthiger also die Gebräüche wilder Nationen, denen die Kunst des Schreiben mangelt, da sie sie nicht selbst aufbewahren können, als civilisierte Völker aufbewahren, wehnn man von ihrer Historie unterrichtet seyn will. Glücklich würden ich mich preisen wenn ich einige Züge der merkwürdigen afrikanischen Nation, der Neger, entfaltet hätte.” – Forord i Paul Erdmann Isert's ... Reise nach Guinea und den Caribäischen Inseln in Columbien, in Briefen an seine Freunde beschrieben*

side. Såleis kan vi teoretisere at før Isert reiste til Afrika, ser han ikkje ut til å ha gitt vesentleg uttrykk for motstand mot slaveriet.

Ein kan til tider sjå nokre negativt lada kommentarar om afrikanarar, som til dømes i brev tre, då Isert er på hærtokt i 1784. Her reiser Isert gjennom fleire landsbyar, der han treff Way-folket som han beskriv som ‘’Way-Negrene er de værste Slyngler af det hele arge Augnaer-Folk.’’<sup>105</sup> Vidare skriv han også at Auganer-folket er både gudlause og late. Av dette kan vi sjå at Isert kanskje hadde eit negativt intrykk av Afrikanarane i starten av sine reiser. Men det som kanskje er mest interessant, er at Isert ser ut til å differensierte mellom forskjellege stammer og folkeslag, meir og meir etter kvart som han reiser. Dette gjer også Rømer og Monrad, såleis ser dette ut til å støtte teorien om at der var lite kunnskap om Afrika hjå mange av europearane som ikkje sjølv hadde vore i Afrika. Her fortel han lesaren at det er mange forskjellar mellom afrikanarane innbyrdes. Her må det likevel seiast at Isert framleis ser ut til å ha ei noko negativ formeining om Afrikanarane generelt, i alle fall i byrjinga av reisedagboka.

Over tid ser denne oppfatninga om afrikanarane ut til å bli noko mildare. Men vi ser framleis at det blir nemnt til dømes at kvinnene i Fida-Folket er fråstøytande. Men han meiner også at Fida-Folket er flittige.<sup>106</sup> Likevel ser det ut til at han etter kvart byrjar å sjå fleire positive trekk hjå forskjellege stammer/folkeslag i Afrika på sine reiser. Vidare ser det ut til at Isert har ei genuin interesse av å oppleve og utforske nye kulturar. Dette leiar oss til ein ny faktor, nemleg at Isert ikkje lenger ser på Afrika som ein stor kultur, men heller som eit stort område med mange forskjellege kulturar, folkeslag, stammer, kongeriker osv. Dette gjer at Isert har eit meir menneskeleg syn på folket før dei vart tekne som slavar, og sendt til fjerne koloniar i Vestindien. Dette kan ha gjort at Isert såg slavehandelen i eit anna lys, då han undervegs lærte å kjenne fleire kulturar, og korleis mange av dei afrikanarane han møtte og hadde kontakt med på desse reisene levde. Han såg ikkje lenger på slavane som eit produksjonsmiddel, men heller som eit menneskje. Det er verdt å nemne at Isert ikkje skreiv dagbok, men brev. Desse breva vart skreve på forskjellege tidspunkt og såleis kunne både kunnskap og meininger endre seg frå eit brev til eit anna. Men sjølv om Isert ser ut til å ha eit meir menneskeleg syn på afrikanarane, driv han samstundes med slavehandel langs kysten i Afrika.<sup>107</sup>

---

<sup>105</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 42.

<sup>106</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 93-94.

<sup>107</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 75.

I føreordet sitt sa Isert at han ville bevare afrikansk kultur. I dette ser han ut til å ha strekt seg lenger enn fleire andre i samtida. Eksempel på dette er å finne fleire stadar i breva hans. I samband med å drive slavehandel langs kysten, møter han fleire religionar. Særleg når han er blant Fida-folket nemner han dette.<sup>108</sup> Her er det mange tempel dedikert til ein slange gud. Guden blir ikkje namngitt her, men det er sannsynlegvis gudinna Mami Wata. Vidare snakkar Isert om dans og song i ritual rundt religionen. Ein kan nok ikkje seie at Isert går i djupta på kulturen her, då til dømes namnet på guddomen manglar. Men det var få andre som hadde skrive noko særleg om religion, og mange europearar var generelt kritiske til andre religiøse og kulturelle feiringar, enn dei kristne, då dei såg på desse som heidenske. Vi kan til dømes sjå på Pontoppidan som meinte at kristninga av dei afrikanske slavane var ei plikt for europearane. Isert er ikkje ukritisk til lokale religionar, men sett frå ein kulturell ståstad, ønskjer han i alle fall å bevare denne religionen sine kulturelle aspekt. Dermed kan vi vise til ei betydeleg utvikling frå Pontoppidan sitt forord i *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, til Isert si tilnærming til religion og kultur i Afrika.

Isert legg fram at ein mannleg slave kostar 600 kroner, medan ein kvinneleg slave kostar 475 kroner. Den eigentlege prisen er ikkje så viktig for denne oppgåva, men prisen er også noko Rømer nemner i si bok. Vi kan også seie at ei slik prissetting av menneskjer kan vise til eit tankesett der ein ikkje ser på afrikanarane som menneske, men meir som dyr.<sup>109</sup> Men prisgjevinga kan også vise til at dette er handel med menneske. Sjølv om afrikanarane vert behandla som dyr, har Isert vist til at afrikanarane er menneskjer. Dersom vi ser prisgjevinga i kontekst av Isert sitt menneskesyn, kan vi seie at dei danske kjøpmennene driv menneskehandel. Isert bruker også uttrykket menneskehandlar seinare i boka;

Hvor dybt bevæget maatte ikke selv den mest forhærdede Menneskehandler blive ved den Scene,  
da Sønnen saa sin Fader i Lænker!<sup>110</sup>

I 1787 reise Isert frå Guinea til Vestindien, med slaveskipet (SS) Christiansborg. Her var der 452 salvar og 36 europearar om bord. Isert seier at skipet ikkje kunne romme meir enn 200 dersom det var brukt i "Kongens Tjeneste". Altså var dei afrikanske slavane stuau inn i lasteroma, slik Isert fortel det, som sild i tønne.<sup>111</sup> "Den lange Rejse og især Negrenes Behandling er for en Del Aarsag til den store Dødlighed paa Slaveskibene."<sup>112</sup> Dei afrikanske

<sup>108</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 90.

<sup>109</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 70-71.

<sup>110</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 132.

<sup>111</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 167-168.

<sup>112</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 172.

slavane vart lenka saman slik at dei ikkje kunne reise seg. Mannlege slavar slapp ut av laste rommet annankvar dag. Då vart dei lenka saman parvis og ført opp på dekk, der dei hadde kanoner og gevær som var meint til bruk på dei afrikanske slavane dersom dei gjorde opprør. Dette skjedde på Isert sitt skip andre dagen etter avreisa frå Afrika. Dei Afrikanske slavane fekk tak i Isert og freista å drepe han. Før dei dei kom så langt, opna skansen eld og nedkjempa dei afrikanske slavane. (Skansen var ein bastion der europearane kunne stå trygt og nedkjempe opprøret der ifrå.) Då afrikanarane såg at dei hadde tapt, kasta mange seg overbord og drukna seg sjølve. Fleire av afrikanarane drog med seg andre afrikanarar over bord, og europearane freista å redde så mange som råd. Her må vi nemne at det ikkje var av godheit, men grunna av at kvar slave som drukna representerte eit økonomisk tap. På tross av dette døde 34 afrikanske slavar.<sup>113</sup>

Ei forklaring på kvifor så mange av dei afrikanske slavane gjorde sjølvord kan vere tankesettet deira. Dette kan vi ikkje vite sikkert, då dette er Isert si levning og førestelling, og ikkje dei afrikanske slavane si levning om hendelsen. Isert skriv; “Umulig kan de vente sig noget synderlig godt af deres Fremtid, naar Evropæerne bruger saa voldsomme Midel for at være sikre paa dem.”<sup>114</sup> Dette er ikkje nemnt å vere ein eksplisitt grunn til sjølvordet, men det syner eit tankesett, eller ei førestelling om korleis tankesettet til dei afrikanske slavane var ombord på slaveskipa.

Men det som gjorde sterkest intrykk på Isert, var behandlinga slavane fekk i Vestindien;

Den almindelige Behandling av disse Stakler, især dem ved Markarbedje, er udenfor al Menneskelighed. Jeg saa det. O, havde eg dog aldrig set det! Jeg saa, hvordan man for ringe ofte inbildte Forseelser bandt dem til Pæle og offentlig med Slavepiske sønderflængede der kød!<sup>115</sup>

Ofta vart slavane også smurd inn med salt og spansk peppar etter piskinga. Slik Isert fortel er det ofte innbilte og mindre misferder som kan føre til slik straff. Eit eksempel er til dømes om ein slave ber om mat frå plantasjedrivaren. Dette kunne vere nok til å verte piska. Den afrikanske slaven hadde ingen rettigheter. Dersom ein europear gjekk til åtak, kunne ikkje den afrikanske slaven forsvare seg sjølv utan at han vart hardt straffa for det. Isert bruker kraftige bilete som viser at slavane ikkje berre vart straffa eller disciplinert, dei vart slik Isert ser det, regelrett mishandla. Dette er informasjon som

---

<sup>113</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 169-170.

<sup>114</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 165.

<sup>115</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 178.

set slaveriet og slavehandelen i eit dårlig lys, og kunne vere med på å endre synet på denne institusjonen. Isert kritiserer også dei som argumenterer for slaveriet.<sup>116</sup> Her argumenterte mange for at dei afrikanske slavane var late, dei stal og dei var syndrar. Isert seier at dei kan reise til det Indre Afrika; “og der se, om de ikkje overalt finder Uskyldighedens Spor og de redligeste Mennesker.”<sup>117</sup> Vi kan her seie at Isert sitt menneskjesy i høve dei afrikanske slavane har endra seg betydeleg sidan han ankom Afrika. Ein kan no seie at han var motstandar av slavehandelen.

Noko av det som gjer Isert så interessant, er at sjølv om han opplever det han sjølv definerer som ummeneskjeleg behandling av dei afrikanske slavane i Vestindien, så er han ikkje i mot slaveriet. Tvert om argumenterer han for denne ein koloni og plantasjar i Afrika. Dermed kunne ein spare dei afrikanske slavane for den behandlinga dei fekk både på overfarta og i Vestindien.<sup>118</sup> Her hevdar Erik Gøbel at Ernst Schimmelmann var mannen bak ideen, Schimmelmann var også mannen bak forordninga av 1792 som avskaffa slavehandelen, samt at han også var plantasjeeigar i Vestindien og dessutan finansminister.<sup>119</sup> Erik Gøbel har lagt stor vekt på Schimmelmann, og eg vel av den grunn å ikkje fokusere mi forsking på Schimmelmann i denne oppgåva. Men vi må kommentere at Isert hadde ei veldig sterk politisk kontakt i Schimmelman. Dette kunne vere utslagsgjenvande for at Isert sine slavehandel-kritiske brev vart trykte i det heile teke. Ved å ha ein støttespelar i Schimmelmann kunne kritikken vere meir open i reisedagboka. Vidare var også Isert sin forbindelse til Schimmelmann viktig for at det vart starta ein koloni i Afrika. Denne kolonien lukkast ikkje særleg godt, då Isert dødde kort tid etter han ankom Afrika for å setje opp denne kolonien, og prosjektet vart dermed avslutta.

### 3.4. Hans Christian Monrad:

Hans Christian Monrad var prest på Christiansborg i Guinea i perioden 1805-1808, og under sitt opphold i Afrika skrev han notata om livet der.<sup>120</sup> Dette er svært interessant for denne oppgåva, då dette er perioden rett etter at den dansk-norske slavehandelen var formelt og lovleg avslutta i 1803. Såleis kan ein tenkje seg at to ting endra seg. For det første kan ein tenkje seg at dei danskar og nordmenn som vart innstilte av den danske kongen i diverse

<sup>116</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 180-181.

<sup>117</sup> Raunklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, s. 181.

<sup>118</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and its Abolition*, Brill, Leiden; Boston, s. 67.

<sup>119</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, s. 73.

<sup>120</sup> Axelrod Winsnes, Selena, (2009), *A Description of the Guinea Coast and its Inhabitants*, Sub-Saharan Publishers, Accra s. 6.

viktinge stillingar og verv i Guinea, framleis vil vere kongens menn. Men til forandring frå tidlegare tider, som vi har sett på i til dømes delkapittelet om Rømer, vil desse nye kongens menn no vere meir innstilte på at kongen har gjort rett val ved å avslutte den dansk-norske slavehandelen, og såleis forsvare dette valet. For det andre veit vi at i følgje Slavevoyages-prosjektet fortsette slavehandelen til dei danske koloniane etter avskaffinga. Her kan kanskje Monrad opplyse oss om i kva grad den dansk-norske slavehandelen fortsette, sjølv etter den formelle avskaffinga i 1803.

I 1822 gav Monrad ut boka si; *Bidrag til en skildring af guinea-kysten og dens indbyggere: og til en beskrivelse over de danske colonier paa denne kyst, samlede under mit ophold i afrika i aarene 1805 til 1808*. Her vil vi bruke Selena Axelrod Winsnes si engelske oversetting; *A Description of the Guinea Coast and its Inhabitants* frå 2009. Sidan dette er ei oversetting frå dansk, må vi ta forbehold om at enkelte ord og begrep kan ha endra seg noko. Men Axelrod ser ut til å ha freista å halde seg så tru til orginalen som mogeleg. Blant anna bruker ho ord som "Negroes" der Monrad brukar "Neger". Når slike ord har vorte beheldt, kan ein rekene med at Axelrod freistar å halde omsettinga så nær opp mot den originale danske teksta som mogeleg. Vidare vil vi og freiste å bruke den originale 1822 utgåva, der ein har nytte av det.

Som vi kan sjå vart Monrad si bok utgitt ca. 14 år etter Monrad kom attende til Danmark. Grunnen til dette var at Monrad hadde skreve mange lause notat om sine opplevingar, og at han såleis var nøydd til å bruke tid til å sette dei saman til ei heilheitleg tekst. Monrad har også nytta fleire kjelder for å bygge konteksten i sitt arbeid. Dette kjem tydeleg fram i forordet som er skreve av den danske historikaren C. Molbech, som hjalp Monrad å publisere boka.<sup>121</sup> Molbech seier at Monrad si bok er den første rapport folket har fått sidan Isert sitt verk som vart utgjeve om lag 30 år tidlegare. Og den første rapport frå tida etter at den dansk-norske slavehandelen vart avskaffa. Men det er framleis verd å ta med at Molbech viser klart og tydeleg at han sjølv var motstandar av slaveriet. Eit eksempel på dette kan vi sjå når han skriv;

*Admittedly, our literature is not lacking in descriptions of those African coasts where Europeans, even in the centuries of enlightenment, bring shame upon themselves by slave trade so outrageous to all human feelings.*<sup>122</sup>

---

<sup>121</sup> Axelrod Winsnes, Selena, (2009), *A Description of the Guinea Coast and its Inhabitants*, s. 17.

<sup>122</sup> Axelrod Winsnes, Selena, (2009), *A Description of the Guinea Coast and its Inhabitants*, s. 17.

Her ser vi at Molbech ser på slavehandelen som ein stor skam for heile Europa, grunna den inhumane behandlinga Afrikanarane fekk som slavar. Denne uttala kjem i ettertid av avskaffinga av den dansk-norske slavehandelen. Såleis var det stor grad av trykkefridom i høve kritikken av slavehandelen, då ein ikkje kritiserte Danmark-Noreg si rolle sidan ein hadde avskaffa slavehandelen i 1803. Men dersom det var behov for å ta til orde for å forsvare avskaffinga, ser vi at der framleis var ein debatt i samfunnet i samtida. Vi ser og at slavehandelen vert omtalt i generelle begrep her, det er ikkje direkte snakka om den dansk-norske slavehandelen, men slavehandelen i si heilheit.

Molbech kritiserer også Ludwig Ferdinand Rømer, og hans bok *Tilforladelig efterretning om kysten Guinea*. Her seier Molbech at Rømer fortel fablar, er “ugrundig” og gjer ikkje skilje på det som er sant og usant.<sup>123</sup> Denne oppgåva handlar om tankesett og førestillingar rundt slaveriet og slavehandelen frå Afrika. Slik sett er det vel så viktig å bruke kjelder som ein såg på som viktige i samtida, men som i ettertida har vorte kritiserte eller motbevisa, som det er å bruke reine fakta frå samtida.

I tillegg til forordet har Monrad ein dedikasjon i *A Description of the Guinea Coast and its Inhabitants*. Denne dedikasjonen er til dåverande konge over Danmark-Noreg, Kong Fredrik VI, og seier følgjande:

Among Europe’s Regents, the First  
Who heard Africa’s Sons Cry For Salvation,  
Whose humane Work its was  
That the Negro’s heavy Slave Chains  
For the first Time Were Broken by Law,  
And Whose Eye, as Father of the Nation,  
Watches even over hist most distant Subjects.<sup>124</sup>

Denne dedikasjonen viser oss klart og tydeleg kven som hadde makta til å avskaffe slavehandelen. I Danmark-Noreg, som var eit absolutt monarki, låg denne makta hjå Kongen. Det er to ting vi vil sjå på her. For det første blir orda “*humane Work*” nemnde, altså humant arbeid. Her kan ein då seie at Kong Fredrik VI vert tillagt motiva/tankane kvekarane brukte i

---

<sup>123</sup> Rømer, Ludwig Ferdinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, Frifant Forlag, Nesodden. ikkje sidetal, kapitel-namnet er; Om Forfattaren.

<sup>124</sup> Axelrod Winsnes, Selena, (2009), *A Description of the Guinea Coast and its Inhabitants*, s. 16.

dei Amerikanske koloniane, ved å menneskjelegjere dei afrikanske slavane, altså å forby slavehandelen.

I dedikasjonen ser kongen også på Afrikanarane som sine undersåttar. Her må vi ta forbehold om at det ikkje er alle afrikanarar som vert rekna som den dansk-norske kongen sine undersåttar, men heller dei afrikanarane som er busette rundt dei dansk-norske fortan i Guinea. Det er også vanskeleg å seie i kva grad desse menneska meinte at dei var den dansk-norske kongen sine undersåttar.

Monrad si bok er først og fremst ei skildring av Guinea og dei menneska som budde der. I liknad med Isert, ser det ut til at Monrad i denne boka har eit ønskje om å bevare dei kulturane han møtte i Afrika. Dermed kan informasjonen i denne reisedagboka vere med på å endre forståinga og kunnskapen til mange av dei som las boka. Dette kunne då vere med på å endre synet på slaveriet. Slaveri og slavehandel spelte ei viktig rolle i den lokale økonomien og kulturen i mange vest-afrikanske samfunn. Såleis er dette eit emne som framleis, i samtid til Monrad, var viktig og skrive om, sjølv om den dansk-norske slavehandelen hadde vorte avskaffa. Det var også ønske frå til dømes Ashanti-folket om at den transatlantiske slavehandelen skulle starte oppatt.<sup>125</sup> Dette er noko Monrad seier seg i mot. I følgje Monrad er Ashanti folket sitt ønskje motivert av grådigheit, og såleis stiller dei på lik linje med dei europeiske slavehandlarane som ønskte å fortsette den transatlantiske slavehandelen.

Hiin Englænder anfører glant andet ogsaa at Cabocirerne (egentlig Cabuseerne) eller Forstanderne for Negerbyerne i Ashantee ønskede heftingen Slavehandelens Gienindførelse. Dette er ligesaa rimeligt, som at europæiske Slavehandlere ønske den Indført.<sup>126</sup>

Det er tross alt desse gruppene som har tent mest på slavehandelen, og såleis er det ikkje rart at dei vil fortsette med slavehandelen då dei sjølve ikkje var særleg skadelidande av den transatlantiske slavehandelen.

Monrad var ein strek kritikar av den dansk-norske slavehandelen, og i *Bidrag Til Skildring Af Guinea Kysten Og Dens Indbyggere*, tek han opp mange faktorar som talar i mot den transatlantiske slavehandelen, noko han trekk fram i innleiinga si. Vi kan til dømes nemne at Monrad i sine møter med afrikanarane hadde freista å finne noko som kunne forklare kvifor

---

<sup>125</sup> Axelrod Winsnes, Selena, (2009), *A Description of the Guinea Coast and its Inhabitants*, s. 39-40.

<sup>126</sup> Monrad, Hans Christian, (1822), *Bidrag til en Skildring af Guinea-Kysten og dens Indbyggere, og til en Beskrivelse over de danske Colonier paa denn Kyst, samlede under mit Ophold i Africa i Arene 1805-1809. Kiøbenhavn Trykt hos Andreas Seidelin, hofs og Universitets-Bogtrykker*, s. xxii- xxiii.

nettopp afrikanarane fortener å verte tekne/selde som slavar til fjerne koloniar. Monrad seier at det finst ingen grunn til at afrikanarane skal behaldast slik.<sup>127</sup> Han seier tvert om at ingen menneskje fortener å bli undertrykte og mishandla slik som dei ufrie afrikanske slavane vart i Vestindien.

Eksempelvis går han inn i ein polemikk med engelskmannen Bowdich. Her ser vi også eit konkret eksempel på at utanlandsk litteratur, i dette tilfellet frå Storbritannia, vart leste i Danmark-Noreg i samtida. Monrad er kritisk til Bowdich og skriv følgjande;

Blant andre kan Engländeren Bowdich nævnes som den, der i hans Reise til' Ashantee 1817 har søgt at nedsætte, ja sjølv latterliggiøre ædle Mennesker Følelser for Africaneren. Han spotter over Philosopherne, som ville bedømme Rationer uden at kiende dem. Mon handelsmanden kiender andet end Rationernes Yderside?<sup>128</sup>

Bowdich kritiserer desse Europearane for å vere filosofar som kritiserer statar dei ikkje kjenner til sjølve, altså dei afrikanske statane. Det han vil få fram her, er at slaveriet er ein naturleg del av den afrikanske økonomien. Dermed er det i hans auge ikkje feil av europearane å delta i denne handelen.<sup>129</sup> Monrad svarer på denne kritikken ved å vise til forskjellen mellom den frie afrikanaren og slaven i Vestindien;

Slaveri nedtrykker Menneskeanden og berøver den sin Adel, og at menneskegrandskeren vil finde en Himmelvid Forskiel imellem de frie Africanere og den usle, nedværdige Slave i Vestindien.<sup>130</sup>

Her ser vi igjen at Monrad kritiserer slaveriet. Vi kan no sjå eit viktig skilje mellom Isert og Monrad. Isert var motstandar av slavehandelen, men ville fortsette slaveriet i Afrika. Monrad derimot mostandar av både slavehandelen og slaveriet. Monrad seier at slaveriet ‘’berøver adel og menneskeånda’’ frå afrikanarane. Med dette viser Monrad eit tankesett der afrikanarane er menneskjer og har både ‘’adel og menneskeånd’’. Dette synet viser oss at Monrad er motstandar av slaveriet i si heilheit. Vidare viser Monrad til at slavehandlaren alltid vil ønske å gjeninnføre slaveriet og slavehandelen, då slavehandlaren vil dra stor personleg fordel av det.<sup>131</sup>

Monrad viser til at Bowdich argumenterer for at der er mykje vald og krig i Afrika. Dette har vi og sett at både Rømer og Pontoppidan har nemnt, og særleg Pontoppidan har veklagt at ein

<sup>127</sup> Axelrod Winsnes, Selena, (2009), *A Description of the Guinea Coast and its Inhabitants*, s. 27.

<sup>128</sup> Monrad, H.C., (1822), *Bidrag til en Skildring af Guinea-Kysten og dens Indbyggere...*, s. xxi.

<sup>129</sup> Axelrod Winsnes, Selena, (2009), *A Description of the Guinea Coast and its Inhabitants*, s. 27.

<sup>130</sup> Monrad, H.C., (1822), *Bidrag til en Skildring af Guinea-Kysten og dens Indbyggere...*, s. xxii.

<sup>131</sup> Monrad, H.C., (1822), *Bidrag til en Skildring af Guinea-Kysten og dens Indbyggere...*, s. xxiii.

redda afrikanarane frå ein valdeleg skjebne i Afrika ved å sende dei til Vestindien. Særleg Pontoppidan brukte vald og krig i Afrika som rettferdiggjering av den transatlantiske slavehandelen. Her går Monrad imot, han seier at dersom dette er eit argument så vil det same gjelde for Europa og europearane.<sup>132</sup> Vi kan til dømes nemne Napoleonskrigane og sjuårskrigen som eksempel på konflikt i Europa. Vidare kallar Monrad Vestindien for ein slaktebenk der menneske vert "trält", altså vert arbeidde, til døde.

---

<sup>132</sup> Monrad, H.C., (1822), *Bidrag til en Skildring af Guinea-Kysten og dens Indbyggere...*, s. xxiii.

## 4. Slaveri og Slavehandel i Adresseavisa:

I dette kapittelet kjem vi til å sjå på avisar frå før, under, og etter slavehandelen si avskaffing i 1803, for å freiste å finne informasjon om korleis slaveriet, slavehandelen og afrikanarane vart framstilte i avisar. Vi kjem primært til å bruke *Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger*, som i dag er betre kjent som *Adresseavisa*, som primærkjelde. Avisa vart grunnlagt i 1767. Vi har og ei utgåve av *Trondhiems borgerlige Skoles allene privilegerede Adressecontoirs Efterretninger*, dette er også *Adresseavisa*, men der var ein namneskifte i perioden til oppgåva. I åra før, under og etter avskaffinga av slavehandelen, var det dyrt og trykkje avisar. Difor vart det trykte relativt få eksemplar, og det var få som hadde råd til desse avisene. Her kan vi anta at dei som las desse avisene, var ein del av eliten. Vi veit også at avisar kunne sirkulerast, og såleis kunne ikkje salstala alltid reflektere antall lesarar. Vi kjem til å ta føre oss fleire utgåver av *Adresseavisa* i dette kapittelet, og eg vel å organisere dei kronologisk og gje kvar utgåve eit eige delkapittel for ordens skuld. Vi kjem også til å referere til *Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger* som *Adresseavisa*, då det originale namnet frå samtidta vert noko langt å skrive gjentatte gongar i teksta.

Dersom vi ser på namnet på avisar. Så er det eit ord vi må kommentere, *Priviligerede*. Dette viser oss det ikkje var ein rett å skrive denne avisar, det var heller eit privilegium gitt av kongen. Dermed var det også i kongen si makt å ta tilbake dette privilegiet. Såleis kunne det ha ein konsekvens å kritisere makthavarane. Vi kan dermed seie at trykkefridomen til *Adresseavisa* var innskrenka når det kom til saker der kongen og hans regjering var tema. Reint praktisk kan vi seie at *Adresseavisa* vart gitt ut ein gong i veka, og hadde fire sider. Ofte var der ein eller to artiklar, og i tillegg kom der fleire annonser om varer til sal og liknande. Vidare var der også informasjon om varer som ankom Trondheim med skip.

### 4.1. – 30.06.1769 – Negerens Tilbøyelighet til Sjølv-Mord:

Vi har sett på og kommentert at der var avgrensa trykkefridom for tidsskrifter før 1770. Denne artikkelen er ikkje noko unntak. Sjølvord er utan tvil eit alvorleg tema, men denne artikkelen ser ut til å vere nesten humoristisk i framstillinga. Vi veit at i 1770, under stor grad av trykkefridom, skreiv redaktør Martinus L. Nissen ein artikkel der han var sterkt kritisk til slavehandelen. Men denne artikkelen kjem før trykkefridomen, og er såleis prega av at ein ikkje opent kunne kritisere slavehandelen og slaveriet. Men i følgje Jon Olav Hove sin

artikkelen om Sukkerhuset i Trondheim, er der ein alvorleg undertone i teksta.<sup>133</sup> Ein kan seie at denne artikkelen er meir som ein fabel eller satire, der ein bruker verkemiddel som ironi og overdriving for å synleggjere informasjon kring slavehandelen og slaveriet utan å direkte kritisere slavehandelen.

For lesaren kan det sjå ut til at sjølvormorda blant dei afrikanske slavane vert sett ned på og trivialisert, men dette er eit verkemiddel for å vise til behandlinga av og tankemønstera til dei afrikanske slavane i dansk-norsk Vestindien. ”De Sorte, som blive bragte til America, hængde eller skiere halsene af sig for de mindste Bagateller, og undertiden allene for at gjøre deres herre Fortræd;”<sup>134</sup> Her forklarer forfattaren at grunnen til at dei afrikanske slavane tok sjølvord, var at dei trudde at dei i etterlivet kunne reise attende til Guinea. Forfattaren beskriv dette som ein latterleg tanke, men det var umogleg å overbevise dei afrikanske slavane om at denne tanken var feil. Men samstundes ser lesaren også dei afrikanske slavane sin reaksjon på behandlinga dei får, altså sjølvord.

Lesaren vert vidare introdusert til ein plantasjeeigar på St. Christopher. På plantasjen til denne slaveeigaren var der afrikanske slavar som begikk sjølvord dageleg.<sup>135</sup> Her kan vi seie at dette var ei overdriving, då det er lite truleg at slaveeigaren ville kunne drive plantasjen dersom der var daglege sjølvord hjå dei afrikanske slavane. Men på tross av denne overdrivinga, gir det også ei innsikt på kor utbreidd sjølvordet var. Grunna mangelen av trykkefridom var det vanskeleg å begrunne denne sjølvordsraten utan å kommentere og skildre den behandlinga afrikanarane fekk i koloniane. Men forfattaren skriv framleis om behandlinga i form av ei skildring av korleis denne slaveeigaren held kontrollen over slavane sine. Slik forfattaren fortel det, ville mange av dei afrikanske slavane begå sjølvord for å sleppe unna slaveriet. Men slaveeigaren fortel slavane at dersom dei begår sjølvord så kjem han også til å gjere det same. Dette nærmast ei karikert skildring av umenneskjelegheita til slaveeigaren.<sup>136</sup> Trusselen om at sjølv i etterlivet får ikkje dei afrikanske slavane fred frå slaveeigaren, er nok til å hindre at fleire av dei afrikanske slavane begår sjølvord. Dette

---

<sup>133</sup> Hove, Jon Olav. (2016) *Sukkerhuset i Trondheim: Historia og minnet om industrietablering og transatlantisk slavehandel*. Fabrik & Bolig, s. 5.

<sup>134</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (30.06.1769) *Negrenes Tilbøyelighet til Sjølv-Mord*, side 1.

<sup>135</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (30.06.1769) *Negrenes Tilbøyelighet til Sjølv-Mord*, side 1.

<sup>136</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (30.06.1769) *Negrenes Tilbøyelighet til Sjølv-Mord*, side 1.

viser indirekte til ein brutalitet dei afrikanske slavane var redde for at skulle følgje dei også i det neste livet. Forfattaren har og eit anna eksempel;

Naar en Neger hadde hængt eller myrdet sig, lod han Hovedet og Hændene hugge af ham og ophænge i et Jernbuur midt i Gaarden. Disse Slaver indbildte sig, at saasnart en af deres Landsmænd er begravet, kommer hans Geist om Natten og fører hans Legeme til Guinea. Lad dem hænge sig saa meget di gider, sagde denne Slave-Herre, siden de have saa meget Lyst at komme tilbage til deres Land, skal jeg nok mage det saa, at de skal være elendige nok der, thi de skal verken faae Hoved eller Hænder med sig, og følgelig skal de verken kunde see, høre, æde eller tale.<sup>137</sup>

Her vert altså lika til dei avdøde afrikanske slavane lemlest og låste inne i bur for å hindre at dei skal få ein fredeleg overgang til det neste livet. Dette er harde skildringar som viser til ein brutalitet og ei behandling av dei afrikanske slavane som kunne vere med på skape sympati hjå lesaren. Sjølvordet var altså ein av dei få måtane dei afrikanske slavane kunne sleppe unna slaveriet på.<sup>138</sup> På tross av dette kan ein ikkje seie at artikkelen direkte kritiserer slaveeigarane, slaveriet eller behandlinga slavane fekk. Men ein kan seie at der er ei høg grad av indirekte kritikk. Informasjonen lesaren får i denne artikkelen kan nok seiast å stille slaveeigarane i eit dårleg lys, og sjølvordsraten viser grada av håplausheit dei afrikanske slavane hadde. Dei fleste vil nok seie seg einige i at den behandlinga slavane fekk også etter døden, var uverdig og umenneskjeleg. Kunnskapen og informasjonen i denne artikkelen opna altså for at lesaren sjølv kunne danne seg ei mening.

#### 4.2. – 10.05.1770 – Angående de Afrikanske Negers Slaverie:

Denne artikkelen vart trykt 10.mai 1770, same året Reskript 14/9 1770 trådde i kraft.<sup>139</sup> Vi kan her sjå at artikkelen vart trykt om lag fire månadar før Reskripten trådde i kraft. Likevel er dette er redaktør Martinus L. Nissen sin mest kritiske artikkel i høve slavehandelen og slaveriet.<sup>140</sup> Her kan vi derfor seie at vi får sjå den eigentlege meininga og dei eigentlege tankane til Nissen om slavehandelen og slaveriet. Vi kan då sjå at mange av dei andre artiklane Nissen skreiv var bundne av dei rådande lovene kring trykkefridomen ved tidspunktet for publiseringa.

<sup>137</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (30.06.1769) *Negrenes Tilbøyelighet til Sjølv-Mord*, side 2.

<sup>138</sup> Hove, Jon Olav. (2016) *Sukkerhuset i Trondheim: Historia og minnet om industrietablering og transatlantisk slavehandel*. Fabrik & Bolig, s. 5.

<sup>139</sup> Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, Universitetsforlaget, Oslo, s. 5.

<sup>140</sup> Hove, Jon Olav. (2016) *Sukkerhuset i Trondheim: Historia og minnet om industrietablering og transatlantisk slavehandel*. Fabrik & Bolig.

Døme på klar kritikk i artikkelen kjem i form av eit utdrag av Charles de Montesquieus *De L'esprit des Loix*, Lovens Ånd (Norsk tittel), og forfattaren sine eigne kommentarar til utdraget.<sup>141</sup> Dette er eit klart tilfelle av at ein dansk-norsk forfattar har teke i bruk utanlandske kjelder i argumentasjon og informasjon om slavehandel og slaveri.

Vi startar med utdraget av Montesquieu. Det første vi kan kommentere er at Montesquieu var ein kjent fransk filosof og boka hans, *Lovens Ånd*, snakkar i stor grad om politisk teori. Vi kjem ikkje til å gå inn på dette då det ikkje er særleg relevant for oppgåva. Men det som er relevant er at Montesquieu var anti-slaveri og slavehandel. Vi kan sjå dette i Thomas Nugent si engelske oversetting frå 1752, her seier Montesquieu til dømes;

There is no such thing as a right of reducing people to slavery, save when it becomes necessary for the preservation of the conquest.<sup>142</sup>

Og;

A conqueror, therefore, who reduces the conquered people to slavery, ought always to reserve to himself the means (for means there are without number) of restoring them to their liberty.<sup>143</sup>

Vi kjem med desse eksempla grunna av at *Adresseavisa* sitt utdrag er henta frå ein del av Montesquieu si bok der han gjer greie for grunnane til at slaveriet er godkjent/velgrunna. Såleis kan ein med første augekast tolke dette som argument for slaveriet, men det er eigentleg ein kritikk, og nærast ei latterliggjering av argumentasjonen til pro-slaveri rørsla. Det mest treffande ved artikkelen er kanskje;

Folk af liden Insight og ringe Tænkemaade, gjør formeget Væsen af den Uret, som vi gjør Afrikanerene; thi dersom det var saaledes, som de siger, skulde det da vel adlig have faldet de Europæiske Førster i Tanker, som slutter saa mange unyttige Forbod med hinanden, at slutte ogsaa en i Almindeligheden, for at haandhæve Barmhertighed og Medlidenhed.<sup>144</sup>

For denne oppgåva er det innrømmelsen av urettmessig behandling av afrikanarane som er den viktigaste delen av dette sitatet. Her må vi kommentere at den tonar ned rolla i den uretten, men det er framleis ein konkret innrømelse og eigarskap av ein urett i behandlinga av afrikanarane. Men vi kan dra parallelar til både Pontoppidan og Oldendorp, då dei også viser

---

<sup>141</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (10.05.1770), *Angående de Afrikanske Negers Slaverie*, side 2.

<sup>142</sup> Montesquieu (1748), Omsett av Thomas Nugent (1752), *The Spirit of Laws*, Batoche Books, Kitchener. s. 157.

<sup>143</sup> Montesquieu (1748), Omsett av Thomas Nugent (1752), *The Spirit of Laws*, s. 157.

<sup>144</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (10.05.1770), *Angående de Afrikanske Negers Slaverie*, side 2.

til noko av den negative behandlinga dei afrikanske slavane fekk, men dei meiner at det er verdt det på grunn av kristninga av dei afrikanske slavane. Vidare ser vi også at afrikanarane ikkje vert omtalte korkje som ”neger”, ”negrinne” eller slave. Såleis kan ein seie at artikkelen ser ut til å ha ein heilt anna tone enn mange av dei andre kjeldene vi har sett på. Angåande trykkefridomen ein hadde i 1770, må vi også sjå på forfattaren si eiga meinig. Dette er første gangen Nissen har vist direkte til si eiga meining i samband med slaveriet og slavehandelen.<sup>145</sup> Forfattaren skriv;

Heraf kan man see, hvilke Tanker denne store Mand haver, om den ubarmhertige Misbrug, at bringe uskyldige Mennesker til det ynkværdigste Liv, for at blive Redskaber til vores Overdaadighed.<sup>146</sup>

Her ser vi at Nissen er klart og tydeleg imot slaveriet og slavehandelen. For et første kan vi tydeleg sjå at han ser på afrikanarane som menneskjer, ikkje krøter slik dei afrikanske slavane ofte vart framstilte som. Vi ser også at det ikkje er snakk om disciplinering, men heller om faktisk misbruk av afrikanarane.

#### 4.3. – 8.11.1771 - Efterretning om Europæernes handel paa kusten af Guinea, som bestander i Slaver, Guld og Elephant-Tænder eller Elfenbeen.

Denne Artikkelen handlar om den Dansk-Norske slavehandelen som fann stad i Guinea, og er også skiven av redaktør Martinus L. Nissen. Det første vi kan leggje merke til er årstalet denne artikkelen vart skiven, 1771. Dette var det same året som Reskript 7/10 trådde i kraft.<sup>147</sup> Dette var ei form for innskrenking av den ytrings- og trykke-fridomen dei hadde året før. Men grunna det vi såg same forfattar seie i Artikkelen frå 1770, kan vi slå fast at han sjølv var motstandar av slaveriet og at situasjonen kring trykkefridomen i denne artikkelen var annleis.

Teksta gir eit døme på reisa mange slavar hadde;

Naar vi skal bringe Slaver fra et Stæd til et andet paa Kysten over land, saa bruge vi Halsbøyler, som de ellers har om Benene, sette vi om Halsen paa den ene, og stikke derigennem en Kiæde;

---

<sup>145</sup> Hove, Jon Olav. (2016) *Sukkerhuset i Trondheim: Historia og minnet om industrietablering og transatlantisk slavehandel*. Fabrik & Bolig, s. 5.

<sup>146</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (10.05.1770), *Angående de Afrikanske Negers Slaverie*, side 3.

<sup>147</sup> Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, s. 5.

hver Lænke er halvanden Spand lan; paa saadan en Kiæde, kan man føre 50 Slaver, og bruke ikkun  
2 a 3 Mænd til Escorte.<sup>148</sup>

Dette gjev lesaren eit glimt av behandlinga ein slave fekk. Det er også viktig å nemne at dette er eit direkte sitat frå Ludwig Ferdinand Rømer si bok, *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*.<sup>149</sup> Her kan vi sjå to ting, for det første kan vi sjå at reisedagbøker var utbreidd, og at ein hadde tilgang på denne litteraturen og informasjonen, også i utkantar av Danmark-Noreg, som til dømes Trondheim. Dette viser oss at reisedagbøkene var viktige i høve å spreie kunnskap om omfanget av slavehandelen og om behandlinga dei afrikanske slavane fekk.

For det andre veit vi også at også Rømer si bok vart gitt ut i alt i 1760, altså 11 år tidlegare. Såleis ser vi at boka framleis var relevant i samtid, men vi må kommentere at forfattaren av artikkelen bruker ei noko gammal kjelde. Dette kan og vere eit utrykk for at sjølv om det var tilgang på informasjon og kunnskap, kunne det ta tid å spreie den.

Ein betydeleg del av artikkelen er dedikert til i prissettinga av ein slave.<sup>150</sup> Ser ein prissettinga i lyset av opplysningstida, så ser ein at dei ideala om fridom, liknad og brorskap som stod sentralt for alle menneskje, det vert her sett vekk i frå. Dei afrikanske slavane, vert behandla som dyr på ein marknad. Dette er noko artikkelen går i detalj om. Forfattaren nemner fire Europeiske nasjonar og deira verdsetting av slavane. Portugisarane, engelskmennene, franskmennene og "vi".<sup>151</sup> Det er ikkje direkte forklar kva "vi" er, men sidan forfattaren skriv om forskjelle ge slavehandelnasjonar, kan ein tolke "vi" til å tyde Danmark-Noreg. Vi kan også tolke det meir generelt, der "vi" representera anten europearar eller menneskjer generelt. Det ein må kommenterer er at når forfattaren bruker "vi" gir han lesaren eit vist underliggende ansvar og eigarskap til slavehandelen, og viser til at det er nasjonen, og ikkje berre enkeltmenneskje, altså kjøpmennene/slavehandlarane, som er deltagarar i denne handelen. Særleg portugisarane vert omtala som urimelege, då dei både skal ha slavane til å syngje og danse, dei sjekkar tunga til slavane, og dei leita etter arr og andre teikn på skadar.

---

<sup>148</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (08.11.1771) – *Efterretning om Europæernes handel paa kusten af Guinea, som bestander i Slaver, Guld og Elephant-Tænder eller Elfenbeen.* s. 2.

<sup>149</sup> Hove, Jon Olav. (2016) *Sukkerhuset i Trondheim: Historia og minnet om industrietablering og transatlantisk slavehandel*. Fabrik & Bolig, s. 5.

<sup>150</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (08.11.1771) – *Efterretning om Europæernes handel paa kusten af Guinea, som bestander i Slaver, Guld og Elephant-Tænder eller Elfenbeen.* s. 1.

<sup>151</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (08.11.1771) – *Efterretning om Europæernes handel paa kusten af Guinea, som bestander i Slaver, Guld og Elephant-Tænder eller Elfenbeen.* s. 2.

Kort sagt blir portugisarane stilte i eit dårleg lys her. Det same kan seiast om både engelskmennene og franskmennene. Slavane vart lenka saman i halsband, dette står i kontrast til dei slavane som vart lenka til stokkar som var vanskeleg å bære.<sup>152</sup> Offiserar har også med seg musikkinstrument frå Europa, og anskaffar fleire instrument, slik som trommer og fløyter frå den Vest-afrikanske kysten, og tilet slavane å spele og danse. Her må vi kommentere at slavane får tiltalese (lader) til å danse. Dette gir lesaren eit syn på at dette var noko slaven ville gjere sjølv, ikkje noko som slaven vart tvungen til å gjere av mannskapet. Dette er veldig forskjellege framstillingar, og det er godt dokumentert at slavane vart tvunge til danse på dekk for at dei skulle halde seg i relativ god fysisk form før salet i koloniane. Ordbruken her vil gjere at informasjonen vert framstilt som at dette er noko mannskapet gjorde av god vilje.

Elles blir og slavane også gitt lovnadar om framtida; “*At de kommer til et got Land, Hvor de skal faae mange koner, god Mad etc.*”<sup>153</sup> Forfattaren forklarar desse lovnadane med at mannskapet på slaveskipa ønskjer å hindre opprør ombord, og at dersom ein hadde fortalt afrikanarane kva som venta dei i koloniane, så ville eit opprør vere sannsynleg. Artikkelen har lite informasjon om *The Middle Passage*, men det som blir sagt er at overfarten kan ta betydeleg tid og er avhengig av både ver og vind. Dersom overfarten tek lenger tid enn det som var planlagt, kunne det vere naudsynt for mannskapet å forgifte den afrikanske “lasten” slik at mannskapet hadde nok mat og drikke til seg sjølve gjennom heile overfarta. Her ser vi at behandlinga av dei afrikanske slavane ombord vert konkretisert og vist fram. Teksta tek ikkje eit standpunkt her, men det er eit veldig konkret og direkte eksempel på den behandlinga dei afrikanske slavane fekk og viser at der var ein betydeleg sadisme hjå slavehandlarane. Vi har sett dette tidlegare i Nissen sine artikklar, der dei som eig og sel slavar vert beskrivne som brutale og umenneskjelege. Vi kan no byrje å sjå eit tankemønster hjå Nissen og i hans artiklar.

Artikkelen er relativt open og ærleg i si beskriving av slavehandelsprosessen. Men det som manglar er meir konkret informasjon om Danmark-Noreg, men ved å bruke Rømer som kjelde kan ein seie at det er ordlyden som er grunnen til dette. Altså ser vi at Nissen bruker Rømer sin informasjon om Danmark-Noreg til å omtale slavehandelen generelt. Mange av dei

<sup>152</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (08.11.1771) – *Efterretning om Europæernes handel paa kusten af Guinea, som bestander i Slaver, Guld og Elephant-Tænder eller Elfenbeen.* s. 2.

<sup>153</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (08.11.1771) – *Efterretning om Europæernes handel paa kusten af Guinea, som bestander i Slaver, Guld og Elephant-Tænder eller Elfenbeen.* s. 2.

mest negative aspekta vert lagde på dei afrikanske kjøpmennene, og dei andre europearane, medan Danmark-Noreg aldri er nemnde med namn. Det kan skape, eller vere eit forsøk på å skape, eit inntrykk av at Danmark-Noreg ikkje var dei verste blant europeiske slavehandlarane.

#### 4.4. – 01.10. & 08.10. & 22.10.1784 – En Franskmands Efterretning om den Franske Slavehandel:

Desse tre artiklane heng saman og er basert ”Franskmann” med innsikt i den franske slavehandelen. Her vert det ikkje sagt kven denne ”franskmannen” er, kvar redaktør Martinus L. Nissen har fått informasjonen ifrå, vi veit heller ikkje om han er fransk. Vi kan gå ut i frå at informasjonen kjem frå ei skriftleg kjelde frå samtid, men vi veit ikkje kva kjelda var. Uansett viser dette at den internasjonale problematikken kring slavehandelen var viktig sjølv i Trondheim, som relativt sett var ein utkant i det Dansk-Norske Kongeriket. For enkelheit si skuld kjem vi til å referere til artiklane som del 1, del 2 og del 3 der det er relevant. Men vi kjem også til å diskutere dei under eitt. Vidare vil vi dele innhaldet i artiklane i fleire delar.

Vi ser generelt i artikkelen at den dansk-norske slavehandelen i svært lita grad er omtalt. Eit mogeleg svar på dette kan vi sjå i Reskript 20/10 av 1773.<sup>154</sup> Her vart det forbode å skrive om noko som angår staten og regjeringa. Med andre ord kunne ein ikkje direkte skrive om den dansk-norske slavehandelen, men ein kunne skrive om den franske slavehandelen. Frå 1784 vart ikkje brot på denne Reskipten handheva, men sidan det framleis var skreve i lova, kan det tenkast at forfattaren styrte unna den dansk-norske slavehandelen. Ei anna forklaring kan vere at artikkelen er basert på ei bok, ein pamflett eller annan litteratur frå Frankrike. Då vil det ikkje vere naturleg for ”franskmannen” å omtale dansk-norsk slavehandel direkte.

##### 4.4.1. Økonomi:

Artikkelen tek opp og problematiserer lønnsamheita til både slaveriet og slavehandelen. Vi vil her skilje mellom desse to, då også artikkelen gjer det. I del 1 tekks forfattaren opp utgiftene knytt til den franske slavehandelen. Det første artikkelen etablerer, er at slaveskipa hadde 300 slavar om bord, og eit mannskap på 60 mann.<sup>155</sup> Mannskapet har ei berekna reisetid på 20 månadar frå Europa og attende. Mannskapet skal ha lønn for arbeidet, og både slavar og

---

<sup>154</sup> Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, s. 5.

<sup>155</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (01.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den franske Slavehandel*, Del I, s. 1.

mannskap treng mat og drikke som må vare den fem månadar lange reisa frå Afrika til koloniane. Det var også mange andre utgifter ein var nøydde til å ta omsyn til. Eit eksempel er renta på startkapitalen som skulle til for å utruste og sende eit skip frå Frankrike til Afrika, til Antillen (Vestindien), og attende til Europa. Samt kostnaden med oppkjøp og frakt av afrikanarane som døde under overfarten. Såleis var slaveskipa avhengige av å kunne kjøpe og frakte produkt slik som sukker tilbake til Europa.<sup>156</sup>

Forfattaren problematiserer altså lønnsameheita til den franske slavehandelen, og dermed slavehandelen som system i si heilheit. Slik det vert framstilt i artikkelen er det den inntekta som kjem frå dei produkta ein frakta frå koloniane til Europa som utgjer størstedelen av inntektene i slavehandelen. Dette er noko som blir støtta opp av litteraturen vi har tatt føre oss i tidlegare kapittel i oppgåva. Her ser vi eit klart skilje mellom det lønnsame og det fordelaktige.<sup>157</sup> Såleis skil den seg lite frå mykje anna litteratur i samtid. Men det som er viktig, er at der er eit stort fokus på det ulønnsame, og mindre fokus på det fordelaktige. Dette gjer at forfattaren styrer diskusjonen mot problema med slavehandelen, og såleis legg større vekt på den informasjonen, enn på den meir ”positive” fordelaktigheita. Det at det vart stilt spørsmål ved om i kva grad, eller eigentleg ved om slavehandelen totalt sett var lønnssam i det heile teke, og at dette vert gjort i eit offentleg tidsskrift i samtid, viser oss at der var betydeleg diskusjon og vurdering av tematikken kring slavehandelen i offentlegheita.

Der ein i Del I av artikkelen i stor grad snakka om økonomien rundt slavehandelen, var den afrikanske slaven eit sett som eit arbeidsmiddel, eller eit produkt, og ikkje eit menneskje. I del tre av artikelserien tek forfattaren opp lønnasamheita ved sjølve slaveriet. ”Maa man ikke meget mere tilstaae, at Europærerne have forregnet seg, naar de troe at vinde ved Slavehandelen?”<sup>158</sup> I sitatet bruker forfattaren ordet slavehandelen, men utifrå kontekst ser vi at det eigentleg er snakk om produksjonen i Vestindien, altså sjølve slaveriet. I liknad med Adam Smith ser forfattaren på slaveriet som ineffektivt, samanlikna med arbeid utført av menneskjer som arbeidar for si eiga sjølvinteresse.<sup>159</sup>

---

<sup>156</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (01.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den franske Slavehandel*, Del I, s. 2.

<sup>157</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (01.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den franske Slavehandel*, Del I, s. 2.

<sup>158</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (09.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den franske Slavehandel*, Del III, s. 1.

<sup>159</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, s. 23., side 23.

Men her går “franskmannen” eit steg vidare og seier at den afrikanske slaven ikkje berre vil vere umotivert og inneffektiv, dei driv også aktiv sabotasje. I følgje forfattaren, vil særleg afrikanske slavar som har rømt frå plantasjane vere hemngjerrige og gjere alt dei kan for å skape problem for europearane.<sup>160</sup> Forfattaren nemner også vondskap hjå dei igjenverande afrikanske slavane. Dette er eit negativt lada begrep som vil vise at dei afrikanske slavane ikkje berre var umotiverte til arbeid, men til tider sterkt motiverte til å påføre dei europeiske slaveeigarane tap, ofte materielle, og ikkje minst senke produksjonen på for eksempel sukkerplantasjane. Dette skapar eit økonomisk tap på 28 sous per dag for daglege feil. Dette kommentarer forfattaren er lik ei daglønn for ein arbeidar. Pluss ytlegare 38 livres i året for sabotasje. Sous og liveres var fransk valuta frå samtidia.

Forfattaren dannar eit bilet av kostnaden slaveeigarane har med slavane, og set det opp mot kva slavane yter. Dersom det kosta like mykje å eige ein slave, som det kostar å tilsette ein arbeidar, ville det vere langt meir effektivt å tilsette nokon. Artikkelen går ikkje så langt som å seie at ein burde skifte ut slavane med vanlege lønna arbeidarar, men den stiller spørsmål som gjer at lesaren blir nøydd til å tenkje over det, samt fremje ein diskusjon om slaveriet. Såleis ser vi at økonomi var eit viktig tema i diskursen om slavehandel i Danmark-Noreg.

#### 4.4.2. Skildring av behandling og slaveri:

I den andre delen av artikkelen, publisert 8. oktober 1784, skriv forfattaren om kva behandling dei afrikanske slavane får;

Negerne ankomme i den yderste Fortvivlelse til Amerika; man forvrer er Arbeide af dem, som de ikke ere vante til; de bespises slet; de mishandles med Hug og Slag; og altsaa ere de og inden stakket Tiid bortrykkede.<sup>161</sup>

Her er det ikkje konkret sagt om forfattaren beskriv behandlinga dei afrikanske slavane fekk i koloniane. Vi veit at dei afrikanske slavane fekk dårlig behandling både på slaveskipa og i koloniane. Det viktige her er at det vert skildra som mishandling, ikkje som disiplinisering eller naudsynt maktbruk for å kontrollere slavane. Her ser vi at dei afrikanske slavane i mykje større grad vert framstilte som lidande menneske. Noko som kjem tydeleg fram når forfattaren snakkar om sjølvord.<sup>162</sup> Dei afrikanske slavane hengde seg, drukna seg, eller

---

<sup>160</sup> Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade*, Ashgate Publishing, New York, s. 23.

<sup>161</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (09.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den frandske Slavehandel*, Del II, s. 1.

<sup>162</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (09.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den frandske Slavehandel*, Del II, s. 1.

svelgte si eiga tunge for å begå sjølvmord.<sup>163</sup> Dette gjorde dei i håp om å kunne returnere til heimland sitt. Her er det underforstått at det er snakk om ei form for etterlivet. Vi ser døme på slike sjølvmord etter det mislukka opprøret på slaveskipet Christiansborg i Isert si reisedagbok. Sjølvmorda viser grada av håplausheit slavane kjende både under overfarta og då dei kom til Vestindien.

Artiklane dreg også fram sjukdom som ein stor fare for dei afrikanske slavane. Alt i alt reknar ein med at omlag 1/8 av slavane som vart kjøpte på eit år, døde i løpet av det neste året, og såleis trengde slaveeigarane erstatning for desse slavane året etter. Ein afrikansk slave hadde ein levealder på om lag åtte år i følgje artikkelen; ”Men for slet ikke at overdrive Sagen, ville vi regne ti Aar.”<sup>164</sup> Ved å vise til dødsraten så konkret, dreg ein fram korleis behandlinga av og forholda til dei afrikanske slavane i Vestindien påverka menneskja der. Dette vert ikkje sagt konkret, men denne informasjonen åleine kan nyttast som eit argument mot slaveriet.

Forfattaren gir også informasjon om oppsynsmennene, ”*Til ti Slaver maae altid holdes en Opsynsmand, en sterke Neger, som forstaaer seg god paa alt Slavearbeide og har ingen Medlidenhed.*”<sup>165</sup> Ved å beskrive oppsynsmannen som ein mann utan medkjensle, gir forfattaren lesarane ein god peikepinn på korleis behandlinga av dei andre afrikanske slavane var. Dette kan også gje lesaren eit bilet av at det er dei afrikanarane slavane sjølv som stod for den harde behandlinga, då oppsynsmannen også var ein slave. Dette vert ein noko forenkla måte å tenkje på, då dei afrikanske oppsynsmennene alltid var styrte av, og såleis var ein representant for ein eller fleire europeiske slaveeigarar. Vi kan også nemne at oppsynsmannen får 12 livres meir i underholdning, altså kostnad til livets opphald, dette kunne doble forventa levealder. Dette dannar eit bilet av kor lite dei andre afrikanske slavane fekk av mat og drikke. Det at dette er tatt med i artikkelen, kan vere med på vise at forfattaren har medkjensle med dei afrikanske slavane. Dette ville då igjen kunne skape medkjensle hjå lesaren også.

Kanskje den sterkeste skildringa av behandlinga av dei afrikanske slavane kjem i del 3, der forfattaren fortel at dersom det er lite mat og vatn igjen til overfarten, kan mannskapet kaste nokre av dei afrikanske slavane over bord eller forgifte maten deira.<sup>166</sup> Dette er døme på vald

---

<sup>163</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (09.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den franske Slavehandel*, Del II, s. 1.

<sup>164</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (09.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den franske Slavehandel*, Del II, s. 1.

<sup>165</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (09.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den franske Slavehandel*, Del II, s. 2.

<sup>166</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (09.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den franske Slavehandel*, Del III, s. 2.

og ekstrem behandling av dei afrikanske slavane. Men artikkelen skildrar dette nøytralt, det vert ikkje diskutert i korkje negativt eller positivt retning. Det er informasjon som dannar grunnlag til å fatte eit val, meir enn det er argumentasjon for eller i mot slaveriet. I høve dei tilfella der slavar vart kasta overbord, forgifta, eller grovt mishandla, framhevar forfattaren sin nøytralitet den tilsynelatande mangelen på medkjensle som vart vist afrikanarane.

#### 4.4.3. Skala:

Forfattaren seier også meir om behandlinga av slavane når dei ankom Amerika. Amerika viser her til heile kontinentet Amerika, samt øyene i Vestindien. Her vart slavane vaska, klipte og olja for presentasjon og sal.<sup>167</sup> Ein lege går då over slaven og leitar etter eventuelle manglar, altså skadar og eller sjukdom, og prisen vert sett deretter. Det mest interessante for denne oppgåva sin del, er at forfattaren skriv om skalaen av slavehandelen.<sup>168</sup> 100 000 afrikanske slavar vert sende/selde til dei Britiske koloniane i Amerika årleg, ifølgje avisa sit årstal 1784. Det vert og sagt at det er 850 000 afrikanske slavar i dei britiske koloniane i Amerika.<sup>169</sup> Det kan tenkjast at mange av lesarane ikkje hadde konkrete tall, eller ei ordentleg forståing av kor mange afrikanske slavar der var. Den som las Del II i artikkelerien, ville sjå at dei franske koloniane leid eit tap på om lag 1/8 av slavane sine årleg. Dersom lesaren reknar med at dei tapa relativt sett er dei same i Storbritannia, vil det tyde at dei leid eit tap på 106 250 slavar årleg, og at mengda med slavar dei importerte var mindre enn det dei britiske koloniane trengde for å oppretthalde *status quo*. Desse tala viser skalaen av både slavehandelen og slaveriet, og konkrete dødstal. Dette kan skape førestellingar om skalaen også hjå lesaren.

#### 4.4.4. Artikkelerien generelt:

Artikkelerien tek ikkje opp den dansk-norske slavehandelen direkte, men den tek opp problematikk som er generell for heile den internasjonale slavehandelen. På denne måten kan ein seie at sjølv om den dansk-norske slavehandelen ikkje i nemneverdig grad vert diskutert, vert det likevel diskutert spørsmål som; i kva grad slavehandelen er lønnsam, eller om den eigentleg er lønnsam i det heile teke? Desse spørsmåla vil også vere relevante for den dansk-norske slavehandelen. Forfattaren sine beskrivingar av behandlinga dei afrikanske slavane får av europearane i Afrika, under *The Middle Passage* og i sjølve koloniane, er ofte relativt generell, og har spesifikke dømer frå enkelt nasjonar. Slik kan lesaren resonnere seg til at det

---

<sup>167</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (09.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den franske Slavehandel*, Del III, s. 2.

<sup>168</sup> Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (09.11.1784) – *En Franskmands Efterretning om den franske Slavehandel*, Del III, s. 2.

<sup>169</sup> Her må ein kommentere at 1772 er fire år før USA vart uavhengige av Storbritannia, og såleis tel ein etter alt sansynlighet dei afrikanske slavane i Nord-Amerika med i denne berekninga.

er slavehandelen generelt som er problemet, ikkje berre den enkelte nasjon sin slavehandel og slaveri-praksis. Her er ikkje artikkelen dømmande, men held seg nøytral i formidlinga av fakta. Denne nøytraliteten er noko forfattaren har helde relativt fast ved i store delar av artikkelen. Men i høve dei tilfella der slavar vart kasta overbord, forgifta, eller grovt mishandla, kan forfattaren sin nøytralitet framheve den tilsynelatande mangelen på medkjensle som vart vist afrikanarane.

#### 4.5. – 13.09.1803 – Artikkel utan overskrift:

Som vi veit var 1803 det året då den dansk-norske slavehandelen vart avskaffa. I motsetting til 1770 då der hadde vore ei stor grad av ytrings- og trykke-fridom, var det ikkje tilfellet 1803. Men sidan slavehandelen hadde vorte avskaffa kunne ein kritisere relativt fritt. Dette kom av at den gjeldande reskripten, 20/10.1773, gav forbod mot å omtale noko som angår staten og regjeringa i *periodiske skrifter*.<sup>170</sup> *Adresseavisen* var utan tvil ei slik periodisk skrift, og såleis låg den under dette reskriptet sine avgrensingar. Men forbodet gjaldt for det som angjekk staten og regjeringa, og sidan den dansk-norske slavehandelen hadde vorte avskaffa var det no ”fritt fram” for å omtale slavehandelen slik forfattarane sjølve ønskte.<sup>171</sup>

Forfattaren av artikkelen, redaktør Willum Stephanson, skriv;

I blandt de Vederstyggeligheder, der endnu for faa Aar siden kuns kunde anbefales af Mennesketigre, men hvis Mishag nu snart igjen røber Mangel paa god Tone, er Negerhandelen og Negerslaveriet. Og dog maae haaret reise seg paa hvert Menneskes hoved ved at læse følgenede tilforladlige og af øienvidner bekræftede Træk af denne handel i et af de sidste Tilskuer Nummere.<sup>172</sup>

Her kallar forfattaren slaveriet og slavehandelen for vederstyggelege. Dette er hard ordbruk som fortel tydeleg om forfattaren si meining om saka. Men det som kanskje er mest interessant, er korleis forfattaren skildrar den forventa reaksjonen til lesaren når han presenterer beretningar frå augnevittne i Vestindia. Nemleg at håret reiser seg på hovudet, eit utrykk som ofte viser til frykt og/eller avsky. Vi tek føre oss eit av augevitne beskrivingane;

Den Neger, der, opbragt ved haardhed eller Uretfærdighed, slaaer sin herre eller Mesterknægt (oppsynsmann), bliver først pisket til Blods, brændemærket i Ansigtet, eller faaer Næseborerne

---

<sup>170</sup> Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, s. 5.

<sup>171</sup> Hove, Jon Olav, (2016), *Sukkerhuset i Trondheim: Historia og minnet om industrietablering og transatlantisk slavehandel*, s. 5.

<sup>172</sup> *Trondhiems borgerlige Skoles allene privilegerede Adressecontoirs Efterretninger*, 13. september 1803, s. 3.

opskaarne; men viss han tiere falder i denne Fristelse, bliver han levende brændt, eller man lader ham sulte ihiel.<sup>173</sup>

Her ser vi at det første augevitnet gjer, er å rettferdiggjere handlinga til den afrikanske slaven. Han har motteke hard og urettferdig behandling og har reagert på den behandlinga han har fått. Deretter listar augenvitnet opp mange straffer som den afrikanske slaven lid for dette slaget. Vi ser at straffa for det første ikkje står i forhold til forbrytelsen. For det andre ser vi også at straffa er heilt opp til den enkelte slaveeigaren. Her kan slaveeigaren utføre tortur og dødsstraff for eit slag mot ein autoritets-figur. Straffa for ein liknande handling i Danmark-Noreg ville utan tvil vore langt mildare. Dette viser ulikheita i behandlinga av menneskjer, altså danskar og nordmenn i Danmark-Noreg kontra dei afrikanske slavane i koloniane i Vestindia. Denne forteljinga er meint å vekkje både avsky og mistru hjå lesaren, slik at slavehandelen og slaveriet sine handlingar vert trekt fram i lyset.

Det er også verdt å leggje merke til at på tross av forfattaren si openbare forakt ovanfor slaveriet og slavehandelen, så ser vi framleis at ord som ”neger” vert brukt. Men det som gjer denne artikkelen interessant er at forfattaren omtala afrikanarane som medbrødre og menneskjer.<sup>174</sup> Her kan ein definitivt seie at forfattaren ser på desse afrikanarane som medmenneskje. Ved å kalle afrikanarane for sine medbrødre kan ein seie at forfattaren fjerna noko av avstanden mellom seg sjølv, lesaren og afrikanarane. Vi kan også kommentere at på tross av dette tenkjesettet, ser vi framleis at ord som ”neger” vert brukte. Men i denne artikkelen ser det ikkje ut til å vere for å krenke, fornærme eller gjere narr av afrikanarane.

I artikkelen sin konklusjon stiller forfattaren eit spørsmål frå ein prest sin ståstad til ein afrikansk slave.<sup>175</sup> Her er det snakk om den behandlinga menneskje gjev andre menneskjer under slaveriet, altså korleis danskar, og europearane forøvrig, behandla dei afrikanske slavane. Spørsmålet forfattaren stiller er kva dei afrikanske slavane tenker om straffene i det neste livet. Her svarar den afrikanske slaven at dei ikkje fryktar noko straff i det neste livet, fordi dei allereie har vore igjennom denne lidinga i dette livet. Straffa i det neste livet er reservert for dei kvite, då det er dei som har drive med slik grusom mishandling av sine medbrødre. Her kan vi altså sjå at forfattaren fordømer slaveriet på det sterkeste. Her er det og verdt å nemne at det ikkje er berre slaveeigarane som vert dømde. Her er det alle kvite, altså europearane, som skal straffast i det neste livet. Såleis kan ein seie at forfattaren meiner at alle

---

<sup>173</sup> *Trondhiems borgerlige Skoles allene privilegerede Adressecontoirs Efterretninger*, 13. september 1803, s. 3.

<sup>174</sup> *Trondhiems borgerlige Skoles allene privilegerede Adressecontoirs Efterretninger*, 13. september 1803, s. 4.

<sup>175</sup> *Trondhiems borgerlige Skoles allene privilegerede Adressecontoirs Efterretninger*, 13. september 1803, s. 4.

som har hatt nytte av slavehandelen og slaveriet, både direkte og indirekte, er delaktige i mishandlinga av dei afrikanske slavane i Vestindien. Tankesettet som kjem fram i denne teksta, viser at der var sterke kjensler kring slavehandel og slaveri, men der var lite rom for å uttrykke det utanom periodar med trykkefridom. Her må ein igjen nemne at der ikkje var ein reell trykkefridom, men at det i etterkant av avskaffinga av slavehandelen var moglegheit for å kritisere ein praksis staten og regjeringa ikkje lenger var deltakarar i.

## 5. Bøker, tidsskrifter og annan litteratur:

Slavehandelen og slaveriet var ein viktig del av den internasjonale handelen fram til avskaffinga i 1803. Derfor finn ein bøker, tidsskrifter og annan litteratur der slavehandelen har vore diskutert i ulik grad. Vi har til no sett på reiseskildringar og tidskrifter, men i dette kapitelet vil vi sjå nærmare på nokre av dei bøkene og tekstene som ikkje fell inn under desse kategoriane. Til forskjell frå reiseskildringane er desse kjeldene i stor grad sekundær litteratur. Vidare er dette bøker som ikkje nødvendigvis har slavehandelen som hovudtema, men som likevel ytrar seg om dette.

### 5.1. - Den Danske Oeconomus. Første Deel:

*Den Danske Oeconomus første deel*, vart utgitt 14. februar 1771.<sup>176</sup> Det var også i dette året at trykke-fridomen vart innskrenka ved Reskript 7/10 1771, og forfattarane vart igjen nøydde til å ta ansvar for det dei skreiv, men denne boka kom altså før denne innskrenkinga av trykkefridomen.<sup>177</sup> Derfor kan ein seie at boka vart trykk i ei periode der det var stor grad av trykkefridom. Men forfattaren ser likevel ut til å ta ansvar. Vi ser at forfattaren informerer om at dei slutningane han finn i dette verket er hans eigne meiningar. På tross av dette ser vi at forfattaren er anonym, og forordet er berre underteikna med "E". Det kan vere fleire grunnar til at forfattaren vel å vere anonym, alt i frå at boka er kontroversiell, til at forfattaren har ei hø stilling i regjeringa, og at "E" ikkje ønskjer å bruke sin posisjon til å gje vekt til denne boka.

Forfattaren byrjar med å skrive om at alle som lever i eit samfunn har ei plikt til å gjere det som er til alle sitt gode. Dette gjeld også til regjeringa. Dei skal ikkje gjere noko som kan kome samfunnet til skade.<sup>178</sup> Forfattaren kjem og med direkte kritikk av kongen sin politikk.<sup>179</sup> Her skriv han;

*De ere altsaa meget gode, uden i de Tilfælde, hvor de kan overtrædes og misbruges saaledes, at nogle uformerket, kan beriige sig derved, som kan foraarsage mange andres og flestes, ka snart alles Fattigdom og eendeels Ruin; Hvorom eg har gjort min Forklaring under Skriftet i sig sjølv, og altsaa her vil det forbriegaae.<sup>180</sup>*

---

<sup>176</sup> E., (1771), *Den Danske Oeconomus første deel*, Joh. R. Thiele, København, s. 3.

<sup>177</sup> Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, Universitetsforlaget, Oslo, s. 5.

<sup>178</sup> E., (1771), *Den Danske Oeconomus første deel*, s. 3.

<sup>179</sup> E., (1771), *Den Danske Oeconomus første deel*, s. 5.

<sup>180</sup> E., (1771), *Den Danske Oeconomus første deel*, s. 5.

Dette tyder at der er politikk som kan bli misbrukt. Dette kan ein rekne som ein kritikk av ikkje berre lovane og forordningane, men av kongen sjølv. Dette viser oss at der var stor grad av yttrings- og trykke-fridom då denne teksta var skriven.

*Den Danske Oeconomus. Første Deel*, handlar om den dansk-norske økonomien i sin heilheit. Men for denne oppgåva si skuld er det mest relevant å sjå på dei sidene der handelen med og i Guinea og Vestindien vert omtala. Forfattaren startar med å skrive om den dansk-norske handelen i Guinea. Her skriv han; ‘*Handelen paa Guinea i og for sig selv, er Dannemark fordelaktig, af den Aarsag:*’<sup>181</sup> Vi vil sjå på desse årsakene i neste avsnitt. Men først vil vi sjå på sjølve utalelsen i sitatet. Det første vi vil kommentere her er ordet *fordelaktig*, dette ordet tyder at handelen gir ein eller fleire fordelar. Dette treng ikkje nødvendigvis å tyde at handelen var direkte lønnsam, men kan vise til at den framleis gav fordelar. Vi kan til dømes nemne tilgang på varer som ein hadde därleg eller ingen tilgang til i Danmark-Noreg, slik som gull, afrikanske slavar og sukker. Her er det på sin plass å kommentere det økonomiske systemet, *Merkantilismen*. Denne økonomiske teorien som vart anvendt i samtid gjekk ut på at ein stat skulle samle så mykje edelt metall, sølv og gull primært, som mogeleg. Vidare skulle staten eksportere meir varer enn det som vart importert.<sup>182</sup> Dette førte til at der var høg toll på import av varer frå utlandet. Då vert det å eige ein koloni eit stort fordel. Dette gir ein stat tilgang til varer som det er mangel på i heimlandet, til dømes sukker og sølv. Tilgang til ‘dansk sukker’ frå Vestindien gjorde at ein hadde god tilgang til sukker utan at det påverka sølv-behaldninga til Danmark-Noreg.

Forfattaren gir følgjande grunnar til at handelen i Guinea er lønnsam; For det første seier forfattaren at salet av dansk-norsk brennevin i Guinea gir god gevinst.<sup>183</sup> Dette er noko vi har sett i både Isert og Rømer sine reiseskildringar. Her har dansk-norske kjøpmenn ofte selt brennevin i bytte mot slavar og/eller gull. For det andre forklarar forfattaren at sjølv om den dansk-norske handelen i Guinea kunne vere årsak til dyrtid og mangel på livsmiddler i Danmark-Noreg, så var der likevel god gevinst på desse varene i Guinea at gevinsten kunne vege opp for denne ulempa. Dansk-norske kjøpmenn selde varer, som til dømes brennevin, i bytte mot slavar og gull. Slavane vart selde i Vestindien, medan gullet vart frakta attende til Danmark. Her vel forfattaren og vektleggje at Kongen av Danmark-Noreg tente godt på

---

<sup>181</sup> E., (1771), *Den Danske Oeconomus første deel*, s. 18.

<sup>182</sup> Marks, Robert B., (2007), *Den Moderne Verdens Opprinnelse – En Global og Økonomise Beretning fra det Femtende til det Tjudeførste Århundre*, Pax Forlag A/S, Oslo. s. 113.

<sup>183</sup> E., (1771), *Den Danske Oeconomus første deel*, s. 19.

tollavgifter. Men der var også tilfelle der handelen var tollfri, uti frå at forfattaren seier at Kongen nyte ein “god Told” kan vi anta at forfattaren meiner at Kongen var betydelege inntekter frå denne tollen. Både salet av dansk-norsk brennevin i bytte mot gull, og tollavgifter for handel i Vestindien, er og i tråd med merkantilismen.

Ein ser også at forfattaren seier at ein her fekk godt betalt for slavane i Vestindien.<sup>184</sup> Dette ser ut til å skilje seg frå artikkelseryen i *Adresseavisen* som vart trykt om lag 13 år seinare, i oktober 1784. Der tok ein til orde for at handelen med afrikanske slavar i Vestindien var lite lønnsam. Her må vi ta forbehold om at denne artikkelseryen vart skreve om lag 13 år etter utgjevinga av *Den Danske Oeconomus. Første Deel*, og at prisane på dei afrikanske slavane var variable og kunne påverke lønnsamheita. Det som er viktig å merke seg her, er at det ser ut til å vere forskjellege oppfatningar av lønnsomheita av slavehandelen. For denne oppgåva sin del, er det ikkje viktig kva oppfatning som var korrekt. Det er viktigare å slå fast at der var forskjellege tankar og meininger kring lønnsomheita. Konklusjonen til forfattaren er då at handelen med guinea er lønnsam. Her er det viktig å skilje mellom lønnsam og fordelaktig. Fordelaktigheita er svært viktig i merkantilismen, medan frihandelen ser på lønnsamheita som viktigast. Merkantilismen er generelt meir oppteken av dei varene ein får frå Vestindien, sukker og sølv til dømes, medan frihandelen ser på den økonomiske verdien av varene frå Vestindien. Her vert også utgiftene og kostnaden til desse varene viktige. Dersom utgiftene vert for store, vil handelen verte ulønnsam, og dermed lite attraktiv i frihandelen sine auge sjølv om ein får tilgang på attraktive varer i retur.

Her vert det altså hevdat slavehandelen mellom Afrika og Vestindien er både lønnsam og fordelaktig, noko som skil seg i frå mange andre kjelder. Til dømes seier Erik Gøbel at det var ein generell aksept for at slavehandelen var ulønnsam.<sup>185</sup> Men produksjonen av varer i Vestindien som var avhengig av slavearbeid, var sett som fordelaktig for kongeriket og vog opp for dårleg lønnsemnd.

I motsetting til handelen med Guinea meiner forfattaren at handelen med Vestindien er lite fordelaktig. Her skil han seg frå mange andre i samtid. Her nemner forfattaren igjen at handelen kan vere årsaka til dyrtid og manglar i Danmark-Noreg.<sup>186</sup> Dette står i kontrast til det han skreiv om handelen med Guinea. Her meiner forfattaren at fordi handelen ikkje er

---

<sup>184</sup> E., (1771), *Den Danske Oeconomus første deel*, s. 19.

<sup>185</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, Brill, Leiden, Boston, s. 13.

<sup>186</sup> E., (1771), *Den Danske Oeconomus første deel*, s. 19.

fordelaktig, så er tapet av livsmiddlar av større betydning, grunna av at handelen med Vestindien er ufordelaktig. Men det mest interessante og originale forfattaren skriv kan ein sjå her;

Fordi de Vare, som for samme indvexsles i Betaling og føres Herhind, ere meget kostbare, saasom: Caffe-Bønner, Bom-Uld, Rom, Arrak og Sukker, og deraf alt for mege hidføres og bruges, som kunde undværes, siden den gemeene Mand i Dannemark vel kunde undvære Caffe,<sup>187</sup>

Det som er viktig å notere seg i dette sitatet, er at forfattaren meiner at dei produkta som kjem til Danmark-Noreg frå koloniane er luksusprodukt som det eigentleg er lite behov for hjå alminnelege (Gemeene) folk. Såleis argumenterer han for å redusere innkjøp av varer frå koloniane, eller rettare sagt, redusere innkjøpet av enkelte varer frå koloniane. Her vert til dømes innkjøp av rom og arrak kritisert, då ein allereie produserer brennevin og akevitt i Danmark-Noreg.<sup>188</sup> I den internasjonale handelen sel ein den dansk-norske brennevinen for å kjøpe brennevin frå koloniane, dette ser forfattaren som unødig, då det er meir gunstig å drikke det brennevinet ein har produsert sjølve. Her må vi igjen nemne merkantilisme. Dette er eit typisk eksempel på denne tankegangen. Ved import av dyre, og i følgje forfattaren, unødige produkt, slik som rom og kaffi svekker ein Danmark-Noreg. Denne importen av forbruksvarer kjem på beskostninga av sølv og gull, som i merkantilismen er langt meir fordelaktig og lønnsamt.

Forfattaren seier at dersom ein samanliknar prisen på danske varer og tilsvarande utanlandske varer er der ein tydeleg forskjell.<sup>189</sup> Såleis meinte han at der er ein unødig pengebruk på varer frå Vestindien. Han meinte at desse pengane kunne brukast på ein betre måte. Forfattaren ville at koloniane/plantasjane skulle produsere varer som ein ikkje hadde tilgang til, samt varer ein ikkje hadde reelle erstatningar for, i Danmark-Noreg. Eksempel på eit slik produkt kunne då vere tobakk.

Vidare kritiserte forfattaren også kor utbreidd bruken av både kaffi og importert alkohol er. Han kallte det eit skadeleg misbruk, og sa at den einaste måten ein kunne kontrollere og redusere dette misbruket på, var å innskrenke handelen. Men her peika han også sjølv ut at dersom ein gjorde desse innskrenkingane i handelen med Vestindien, ville det kunne skade og/eller føre til stans i handelen. Grunnane han gav opp for dette var for det første, at tollen på

---

<sup>187</sup> E. (1771), *Den Danske Oeconomus første del*, s. 19-20.

<sup>188</sup> E. (1771), *Den Danske Oeconomus første del*, s. 20.

<sup>189</sup> E. (1771), *Den Danske Oeconomus første del*, s. 21.

desse varene gav ei god inntekt til Kongen. For det andre var denne handelen viktig for og forsørge koloniane og dei som budde i Vestindien. Og den tredje og kanskje viktigaste grunnen, sett frå forfattaren sin økonomiske ståstad, var at dersom ein kombinerte handelen med Guinea og handelen i Vestindien, så vart fordelaktigheita forsterka i begge handlane, men fortenesta forsvann.<sup>190</sup>

Altså er den vestindiske handelen i følgje forfattaren avhengig av handelen i Guinea for å vere fordelaktig. Men dersom den guineiske handelen vert brukt til å vedlikehalde trafikken av slavar frå Afrika til Vestindien vil fortenestene, altså lønnsamheita, forsvinne. Forfattaren har også vist at der var etterspørsel etter luksusvarer frå koloniane, men grunna prisen på desse importerte varene var det få som hadde tilgang til desse varene i særleg grad. Forfattaren meinte også at handelen med Vestindien i stor grad var ufordelaktig, då dei produkta ein importerte frå Vestindien, til dømes sukker, rom og arak var unødige og i strid med merkantilismen.

## 5.2. Oldendorp:

*Fulstændigt Udtog af C.G.A. Oldendorps Missions-Historie om de evangeliske Brødres Mission paa de caraibiske Øer St. Thomas, St. Crux og St. Jan, udgivet paa Tydsk i to Dele,* vart utgitt i av 1784, og består av to bøker skrive av C.G.A. Oldendorp. Henhaldsvis, bok ein; *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan.* Og bok to er; *Historisk Beretning om de hedenske Neger-Slavers Omvendelse paa de Danske Øer i Vestindien.* Vi kjem til å referere til desse to bøkene som Del 1 og Del 2 for enkelheits skuld. Del 1 er ei beskriving av dei danske koloniane i Vestindien, medan Del 2 er ein kronologisk gjennomgang av historia og utviklinga av desse koloniane. I del 2 vert misjonærane, altså Brødremenigheita, stilt i eit godt lys, og det vert fortalt om frelsinga av dei afrikanske slavane i Vestindien. Bøkene til Oldendorp først utgjeve på tysk og trykt i Barby i Tyskland i 1777.<sup>191</sup> så vart utgjeve på dansk i 1784. Med tanke på dei innskrenkingane som vart gjorde i trykke fridomen i Danmark-Noreg kan det vere at boka var vanskeleg å trykkje i Danmark. Men vi må også kommentere at forfattaren var tysk og i stor grad omhandla boka den tyske Brødremenigheita, og såleis er det mogeleg at det var meir naturleg å trykkje boka i Tyskland.

---

<sup>190</sup> E. (1771), Den *Danske Oeconomus første del*, s. 20-21.

<sup>191</sup> Oldendorp, G.C.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan*, Christ. L. Buchs Forlag, København, Forerindring (Utan sidetal).

Til å byrje med vil vi seie at Oldendorp er ei rar levning. I mange tilfelle verkar det som om Oldendorp har hatt svært lite kontakt med dei afrikanske slavane, og han kjem ofte med informasjon som ser ut til å vere noko verkelegheitsfjern. Altså kan ein seie at boka er prega av førestellingar. Vi kan peike på logiske brestar slik som at han hevdar at kvar mannlege slave kunne ha 2-3 koner.<sup>192</sup> Men vi veit at dei aller fleste slavane i Vestindien var menn, og såleis vil det då vere umogeleg at dei fleste afrikanske mannlege slavar har 2-3 koner. Ei ikkje usannsynleg forklaring på denne påstanden, er at dette ikkje var uvanleg i Afrika. Såleis kan Oldendorp ha lest dette i ei anna kjelde og overførte det til Vestindia. Ei anna forklaring kan vere at der var forskjelle typar slavar. Den kan til dømes tenkjast at det var meir sannsynleg at oppsynsmennene og huslavane kunne ha fleire koner enn dei slavane som jobba i plantasjane og i gruvene.

Eit anna poeng kan vere levealderen til dei afrikanske slavane. Rømer sa at han var overraska over at dei afrikanske slavane levde til dei var 40.<sup>193</sup> Oldendorp hevdar at ein afrikansk slave kan verte mykje eldre;

Uagtet deres strænge Arbeyde og kummerlige Levemaade i Vestindien opnaae de en høy Alder.

Hr. O, har kiendt Adskillige, som vare 90, 100 til 120 Aar gamle.<sup>194</sup>

Altså hevdar Hr. O (Oldendorp) at der er fleire afrikanske slavar i alderen 90 til 120 år. Grunna dei forholda og den behandlinga dei afrikanske slavane fekk, er det lite truleg at der var mange av slavane på plantasjane og i gruvene som kunne verte 90 år. Men det er mogeleg at dei afrikanske husslavane som europearane hadde i Vestindia, kunne verte eldre enn mange av dei andre slavane. For denne oppgåva si skuld er det viktig å seie at sjølv om opplysningane som Oldendorp kjem med i slike tilfelle kan vere lite representative for realiteten, så er det likevel viktig å sjå på denne førestellinga, då den kan ha påverka tankar, kjensler, meininger og argument til tross for i kva grad det skildra verkelegheita.

---

<sup>192</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan.*, 200.

<sup>193</sup> Rømer, Ludwig Fredinand, (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, Frifant Forlag, Nesodden, s. 199.

<sup>194</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan.*, s. 198.

Forordet i del to vart skreve i 1782, altså to år før den danske omsetjinga vart utgjeve. Forfattaren av forordet beskrev seg som; "En gammel, snart 82 aarig Jesu Disipel og Vidne".<sup>195</sup> Denne gamle mannen er Jacob Moser, som var kongeleg dansk statsråd.<sup>196</sup> Forfattaren har tydlege tilknytingar til det danske kongehuset, sidan han var statsråd i Danmark. Det kjem også fram at Moser har både omsett og redigert bøkene til Oldendorp.<sup>197</sup> Her har Moser flytta på avsnitt og kapittel, og lesaren vert åtvara om at der er ei viss grad av repetisjon mellom dei to delane. Vi ser også at Moser skreiv forordet sitt i 1782. Om vi går ut i frå at forordet var det siste Moser skreiv, var der altså to år mellom då han var ferdig med boka og då boka vart utgjeve. Vi veit ikkje kvifor det tok slik tid å gje ut boka. Grunna av at Moser var kongeleg statsråd medan han skreiv denne boka, kan vi kalle han ein kongens mann. Vi veit også at der var gjort redigeringar i omsetjinga av bøkene, såleis kan ein stille spørsmål ved kva som vart flytta og om der var noko som vart redigert vekk, eller redigert inn?

For denne oppgåva sin del er det mest interessant å sjå på to tema i desse bøkene. For det første er det interessant så sjå på skildringa av dei afrikanske slavane og behandling av dei i koloniane, og for det andre kristninga av dei afrikanske slavane i Vestindien.

#### 5.2.1. Behandling av slavar:

Vi vil starte med skildringane av dei afrikanske slavane. Vi gjer dette fordi at mykje av behandlinga dei afrikanske slavane fekk, stamma frå førestielinga Brødremenigheita i Vestindien hadde om afrikanarane. Vi har sett på dansk-norsk oppfatning av afrikanarar og afrikanske slavar før, så vi vil i lita grad gjenta det vi har sett på tidlegare. Men vi kan sjå av sitatet nedanfor at Oldendorp sine førestellingar var ganske like førestellingane til mange av forfattarane i samtidia.

Negerenes moralske Charakter er størstedelen meget slet; thi de ere i høyeste Grad egensindige, falske og løgnagtige. Deres Egensindighed gaaer ofte saa vidt, at de før døe, end forandre deres fattede Forsæt.<sup>198</sup>

---

<sup>195</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Historisk Beretning om de hedenske Neger-Slavers Omvendelse paa de Danske Øer i Vestindien*. Christ. L. Buchs Forlag, København, Fortale utan sidetal.

<sup>196</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan., Forerindring.*

<sup>197</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan., København, Forerindring.*

<sup>198</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan., side 199-200.*

Vi kan no byrje å seie at der ser ut til å ha vore ein generell skepsis, og låge meininger om dei afrikanske slavane. I samtidene sine kjelder vert dei ofte beskreve som late, uærlige, sta og som tjuvar. Her ser ikkje Oldendorp ut til å skille seg ut. Han beskriv dei afrikanske slavane si stoltheit som latterleg.<sup>199</sup> Oldendorp meinte også at afrikanaren var både frekk og trassig. Dette var med på å gjere at dei afrikanske slavane var umotiverte og lite effektive. Vidare gjorde denne stoltheita det vanskeleg å kontrollere dei afrikanske slavane. Einaste grunnen til at dei afrikanske slavane jobba var frykta for pisken og for hungersnaud. Her er det interessant at forfattaren nemner at der er enkelte ”negernasjonar”, altså nasjonar, kongedømme, folkegrupper eller tilsvarande i Afrika, som aldri kan brukast som slavar i Vestindien.<sup>200</sup> Her vert det ikkje spesifisert kva nasjonar desse afrikanske slavane kjem i frå, og det vert rein spekulasjon å kommentere på dette. Det som er viktig her, er at forfattaren ikkje ser på ein slave som ein afrikanar, men som ein del av ein afrikansk nasjon. Men dette ser ut til å vere eit unnatak, då forfattaren stort sett brukar ord som ”neger” og slave for å beskrive alle afrikanarane generelt. Altså er det ei stor grad av generalisering av dei afrikanske slavane sin nasjonalitet elles i verket.

Vi ser og referansar til at dei afrikanske slavane vert ”reformerte” i Vestindia.

Mange af disse Negerfolkeslag ere Menneskeædere; dog med Forskjel: nogle æde ikkun deres dræbte Fiender; andre derimod kastrere eller gilde dem, og fede dem side paa Stald, lidesom andet Qvæg, og give Kjødet af hvide Menneskjer Fortrin for andet Kjød.<sup>201</sup>

Vi ser at der er snakk om menneskjeetarar, men desse afrikanarane slutta etter kvart å ete menneskjkjøt. Ved å vise til denne endringa freistar Oldendorp å vise til at dei afrikanske slavane i Vestindia er meir danna og opplyste enn det afrikanarane i Afrika er. Vi såg at Pontoppidan forsvarte slavehandelen grunna si førestelling om Afrika som utrygg, og at dei afrikanske slavane i Vestindien hadde det like bra eller betre enn afrikanarane hadde det i Afrika. Oldendorp sitt tankesett ser ut til å bygge vidare på dette, då dei afrikanske slavane som kom til Vestindien vart både kristna og opplyste.

---

<sup>199</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan.*, side 201.

<sup>200</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan.*, side 201.

<sup>201</sup> Oldendorp, C.G.A. (1784), *Historisk Beretning om de hedenske Neger-Slavers Omvendelse paa de Danske Øer i Vestindien*, s. 16.

Det er viktig å nemne Oldendorp sine meininger kring fruktbarheita til dei kvinnelege afrikanske slavane. Grunnen til dette er at det gir gode dømer på fjernheita Oldendorp ofte viser i sine tekster. Her skriv forfattaren at dei afrikanske slavane er svært fruktbare, mødrene kan gjerne ha 12-14 born, og der er enkelte som hadde så mange som 20 born.<sup>202</sup> Her kan ein sjå at desse kvinnene vart omtala som om dei var avlsdyr. Det er svært lita grad av medmennskjeheit i Oldendorp sine skildringar her.

Oldendorp skriv også om kva straffer dei afrikanske slavane fekk i Vestindien. Dersom den afrikanske slaven gjekk til åtak slaveeigaren, eller ein annan europear, vart slaven straffa med dødsstraff. Dersom slaven rømde, ville slaveeigaren kappe av eine foten.<sup>203</sup> Oldendorp seier at mange av slaveeigarane og familiene deira behandla slavane grusomt. Men til tross for denne dømande kommentaren, har Oldendorp ikkje nokon argumentasjon mot behandlinga av dei afrikanske slavane.

#### 5.2.2. Kristninga av slavar:

Dei lutherske og reformerte kyrkjelærarane og prestane som var i Vestindien, var der først og fremst for dei Europeiske borgarane i koloniane. Altså var undervisninga og gudstenestene meint for dei. Men forfattaren fortel at der var sporadisk undervisning og dåp av atskilige afrikanske slavane før Brødremenigheten kom til Vestindien, i 1732.<sup>204</sup> Her kan det seiast at det ikkje ser ut til at det var ei krav at dei afrikanske slavane skulle verte kristna. Dette ser vi av at der var mange som vart døypte, men der var også mange som ikkje vart døypte. Dette kan tyde på at slaveeigarane som i stor grad bestemte når det kom til religionen til dei afrikanske slavane. Såleis kan ein seie at undervisninga ofte kunne verte sett på som därleg utnytta tid, og som ei utgift for slaveeigaren.

Forfattaren nemner også at der var tradisjonar kring religion som dei afrikanske salvane framleis heldt fast ved. Til dømes er der ofringar, anten i form av drikke, olje og liknande. Men der er også menneskeofringar. Men Oldendorp nemner ikkje kven ein ofra til. Her skriv Oldendorp nøytralt, og er i større grad forklarande enn dømmande. Men dei afrikanske slavane verdt likevel därleg framstilt. Oldendorp kritiserer at dei afrikanske slavane dreiv

---

<sup>202</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan.*, side 198.

<sup>203</sup> Oldendorp, C.G.A. (1784), *Historisk Beretning om de hedenske Neger-Slavers Omvendelse paa de Danske Øer i Vestindien*, s. 21.

<sup>204</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan.*, s. 212.

polygami. Dette er noko som han er tydeleg i mot, då han skriv om korleis dei afrikanske slavane ikkje har begrep om korkje kyskhet eller hjarte si reinheit.<sup>205</sup>

Religiøse praksisar frå heimlanda til dei afrikanske slavane var korkje tilrettelagt for, eller oppmuntra til, men der var heller ikkje forbod mot slike praksisar. Der var ingen religiøse leiarar frå afrikanske religionar blant slavane.<sup>206</sup> Men der var framleis slavar som var polyteistiske, som altså trudde på fleire Gudar, men dei såg på den kristne Gud som den øvste av dei. Dette er i alle fall det Oldendorp hevdar.<sup>207</sup> Han viser og til fleire av bønene til afrikanarane, til dømes; "Gud! Hjelp os; vi vide ikke, om vi leve endnu i Morgen; vi ere i din haand."<sup>208</sup> Og "Herre Gud! Du har givet mig Kræfter til at forrette dette."<sup>209</sup> Den siste bøna skreiv Oldendorp var spesifikt retta mot arbeidet. Bønene gir oss noko innsikt i kva dei afrikanske slavane sjølve tenkte og meinte. Vi ser at dei takkar Gud for å ha krefter til å utføre arbeidet, og ber om å få leve ein dag til. Såleis kan vi sjå at arbeidet krev mykje av dei afrikanske slavane, og at døden er i tankane deira. Det som er slåande her er at Oldendorp ikkje ser ut til å sjå på kva dei afrikanske slavane ber om, men vel å leggje vekt på sjølve handlinga. Her kan vi sjå tankesettet til Oldendorp. I religion er det ikkje uvanleg å skilje mellom det verdslege livet og sjelelivet. Dette er noko også Oldendorp gjer i høve slavar og slaveriet. Den verdslege afrikanaren er ein slave, uavhengig av om han/ho er kristna eller ikkje. Men ein kristna afrikansk slave ville likevel få sjela si berga.<sup>210</sup> Altså såg Oldendorp slaveriet som legitimt, då ein kristna slave vart berga i det neste livet.

Oldendorp seier også at det var mange av dei afrikanske slavane som kunne lese og skrive som vart kristna.<sup>211</sup> Vi veit at undervisning i språk og religion ofte gjekk hand i hand i samtidia. Her kan ein også kommentere at det er noko uklart om det er dei allereie kristna slavane som får undervisning, eller om dei afrikanske slavane som ikkje er kristna får undervisning som ein del av konverteringa/kristninga. Uansett ser det ut til at Oldendorp

---

<sup>205</sup> C.G.A. Oldendorp, (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan.*, side 200.

<sup>206</sup> Oldendorp, C.G.A., (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan.*, København, s. 210.

<sup>207</sup> Oldendorp, C.G.A. (1784), *Historisk Beretning om de hedenske Neger-Slavers Omvendelse paa de Danske Øer i Vestindien*, s. 16.

<sup>208</sup> Oldendorp, C.G.A. (1784), *Historisk Beretning om de hedenske Neger-Slavers Omvendelse paa de Danske Øer i Vestindien*, s. 16.

<sup>209</sup> Oldendorp, C.G.A. (1784), *Historisk Beretning om de hedenske Neger-Slavers Omvendelse paa de Danske Øer i Vestindien*, s. 16.

<sup>210</sup> Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and its Abolition*, Brill, Leiden, Boston, s. 66.

<sup>211</sup> C.G.A. Oldendorp, (1784), *Kort Beskrivelse over Vestindien, især de Danske carabiske Øer, St. Crur, St. Thomas og St. Jan.*, side 201-202

meiner at Brødre-menigheita har vore relativt suksessfulle med undervisninga og konverteringa av dei afrikanske slavane i Vestindien.

Kva var omfanget av kristendommen hjå slavane? Om vi ser på jula 1761 var der 2000 afrikanske slavar i kyrkja.<sup>212</sup> Her var det både preiker og undervisning over fire veker. Vidare skriv Oldendorp her om ein av dei afrikanske slavane, Mingo, som hadde vore medhjelpar i Brødremenigheta i 20 år. Mingo vert beskreve som rimeleg og trufast. Dette er særslig interessant for denne oppgåva. Her vert ein afrikansk slave omtala som eit individ og sett i eit positivt lys. Men dette er det ei stereotypisk skildring av ein god slave. Oldendorp skildrar altså Mingo som ein ideal-slave. Samstundes vert Mingo omtalt som ein person i denne framstillinga, og ikkje berre ein namnlaus slave. Den afrikanske slaven Abraham ”en af Brødrenes meest begavede Lærere og tilforladeligste hjelpere døde af de Saar, som en ham undergiven ulydig Neger havde givet ham.”<sup>213</sup> Ordet ”undergiven”, ser ut til å vise til Abraham som ein oppsynsmann. Abraham vert vidare beskriven som hissig, og Oldendorp gir dette også som dødsårsak. Der er eit eksempel til, ei frigjord afrikansk kvinne som heiter Enucia. Det vert fortalt at ho hjelpte dei sjuke og fattige i kolonien, og oppmodar dei til å stå ved Frelsaren. Vi ser no at Oldendorp har eit positivt syn på desse menneskja. Han namngir dei og viser til positive og negative eigenskapar. Dette gjer at lesaren no kan sjå at afikanarane ikkje er namnlause produksjonsmiddel. Dei vert presenterte som menneske på relativt lik linje som europearane. Eg seier relativt her, sidan Oldendorp framleis nyttar ord som ”Neger” og ”Negerinne” i beskrivingane av dei tre.

Slik det vert skreve her ser vi mennskjesynet til Oldendorp. Men vi ser også at det er eit par faktorar som gjer at Oldendorp viser desse tre medmenneskjelegheit. For det første, alle tre er på dødsleie, og alle er kristne. Dette er viktig, og viser igjen til det verdslege og sjelelege tankesettet til Oledendorp vi har sett tidlegare. Det ser så ut til at for å vere eit menneske må afikanaren vere kristen. For det andre ser det ut til at ingen av dei er plantasje- eller gruve-slavar. Vi kan då undre oss over i kva grad Oldendorp hadde kontakt med slavar som var i plantasjane og gruvene. Sidan alle tre var på dødsleie, kan vi og lure på kor ofte han var i kontakt med dei få afikanarane han beskriv. Såleis kan ein også argumentere for at

---

<sup>212</sup> Oldendorp, C.G.A. (1784), *Historisk Beretning om de hedenske Neger-Slavers Omvendelse paa de Danske Øer i Vestindien*, s. 148-149.

<sup>213</sup> Oldendorp, C.G.A. (1784), *Historisk Beretning om de hedenske Neger-Slavers Omvendelse paa de Danske Øer i Vestindien*, s. 149.

menneskjesynet til Oldendorp er vilkårsbunde. Dersom ein afrikansk slave ikkje er kristna, ser det ut til at Oldendorp viser lite interesse.

### 5.3. Den 14. Forordning av 1792:

Det viktigaste dokumentet om slavehandelen i Danmark-Noreg kan utan tvil seiast å vere den *14. Forordninga om Negerhandelen av 1792*. Her vart det formelt stadfesta at den dansk-norske slavehandelen skulle avviklast i starten av 1803.<sup>214</sup> Eg vel å skrive om forordninga som ei preformativ levning for å syne dei tankesetta og tankemönstera som var utslagsgjevande for avskaffinga av slavehandelen i Danmark-Noreg.

Forordninga seier at det er “velgjørende” og fordelaktig om tilførselen av nye afrikanske slavar frå Guinea kan unnverast til fordel for å bruke arbeidrarar som er fødde og oppvaksne på dei Vestindiske øyene.<sup>215</sup> Vi ser at “dyrkinga” altså plantasjane, framleis er viktige, og at fordelaktigheita ved varene som vart produserte, framleis var eit viktig argument. Såleis ser vi at merkantilismen framleis er relevant i forordninga. Ved å vise til arbeidrarar, og ikkje slavar, kan ein sjå eit tankemönster frå Adam Smith sin teori om frihandel. Vi har sett på korleis merkantilismen la vekt på det fordelaktige og korleis frihandelen la vekt på lønnsamheita. Lønnsamheita vert ikkje vidare nemnt i forordninga, men vi veit, av til dømes artikkelerien av 1784, at der var tvil kring lønnsamheita i slavehandelen.

Vi veit også at der var sekulære, eller humane hennsyn i denne forordninga, tanken var at dersom ein stansa den relativt lette tilgangen på slavar frå Afrika, ville ein tvinge slaveeigarane til å betre forholda i Vestindien, slik at dei slavane som var i Vestindien kunne leve lenger og betre. Dette tankesettet kjenner vi att frå kvekarane. Det vert også nemnt at det er fordelaktig å gje desse afrikanske slavane kristning, undervisning og “sædliged”<sup>216</sup>. Kristning har vi sett at Pontoppidan og Oldendorp har hatt som prioritet, og at slavehandelen har vorte legitimert og rettferdigjort som nødvendig for å få kristna afrikanarane. No ser det ut til at denne forordninga tek noko avstand frå dette, sidan importen av nye afrikanske slavar til misjonsverksemndene i Vestindien vert stansa.

Punkt ein og to omtalar korleis og når slavehandelen skal avviklast. Her kan ein sjå at det er konkret og bestemt i forma av korleis ein beskriv kven og kvar som ikkje kan drive

---


<sup>214</sup> Christian 7., *14. Forordning om negerhandelen*, 16. mars 1792. Henta 14.05.2021, frå <https://danmarkshistorien.dk/leksikon-og-kilder/vis/materiale/forordning-om-negerhandelen-1792/>.

<sup>215</sup> Christian 7., *14. Forordning om negerhandelen*, 16. mars 1792.

<sup>216</sup> Christian 7., *14. Forordning om negerhandelen*, 16. mars 1792.

slavehandel. Undersåttar av den danske kongen kan ikkje kjøpe slavar frå andre statar eller handelsmenn. Ei heller kan danske handelsmenn drive slavehandel på dansk jord, utanom i Dansk-Vestindia. Derimot er det ikkje nemnt noko om at sjølve slavehaldet skulle bli ulovleg. Tvert om ser vi i punkt seks at det er forbode for “negerar” og “negerinnes” å forlate koloniane utan løyve.<sup>217</sup> Orda “neger/negerinne” vart bruk til å beskrive slavar, men det er verdt å nemne at dersom ein slave vart frigjord tyda ikkje dette at ein slutta å bli omtala som neger/negerinne. Dette viser då at sjølv om slavehandelen tek slutt, er planen likevel å fortsette med slaveriet etter 1803. Vi kan her nemne at nye slavar som kom frå Afrika, gjorde opprør oftare enn dei som var fødde i dei danske koloniane i Vestindien. Dette er noko finanskommisjonen, dei som skreiv forordninga, brukte som argument for å ende slavehandelen.<sup>218</sup>

Avskaffinga av slavehandelen kom i 1792, men den skulle ikkje tre i kraft før 1803. Dette gav då slaveeigarane i Vestinden tid til å førebu seg på at tilgangen på slavar stansa. I figur 4 ser vi ei mangedobling av antalet afrikanske slavar frakta til Vestindien i perioden 1794 – 1802. Den danske kongemakta såg at slavehandelen, særleg i Storbritannia, hadde fått mykje kritikk, og var på veg mot avskaffelse. Denne forordninga av 1792 ville kontrollere når slavehandelen vart avslutta, slik at slaveriet i koloniane kunne fortsette etter avsluttinga av slaveriet. Dermed kunne ein fortsette produksjonen, spesielt av råsukker, i etterkant av opphevinga av slavehandelen.



Figur 4: Antal afrikanske slavar sende til Vestindia med dansk-norske skip i perioden 1780-1810. Henta 15.05.2021, frå <https://www.slavevoyages.org/voyages/w9wuXEc>.

<sup>217</sup> Christian 7., 14. Forordning om negerhandelen, 16. mars 1792.

<sup>218</sup> Gøbel, Erik., (2016), *The Danish Slave Trade and Its Abolition*, Brill, Leiden, Boston, s. 141.

Eit av dei viktigaste verkemidla for å sikre nok slavar, kan ein sjå i punkt 4. Her vart skattar og avgifter på import av slavar oppheva. På same tid vart tollen på "negerinner", altså kvinnelege afrikanske slavar, som forlet øyene (Dansk-Vestindia) vert auka med ½ %.<sup>219</sup> Dette viser oss at det var eit mål å gjere slaveriet sjølvforsynt. Ved å ha både mannlege og kvinnelege slavar, ville slave-populasjonen kunne bli utvida utan import frå Afrika, eller andre slavekoloniar. Særleg ser det ut til at det er eit ønskje om å gjere det vanskeleg for afrikanske kvinner å forlate koloniane. Punkt fem er definitivt motivert av eit ønske om å oppretthalde slaveriet, ved at det her vert vedteke at det ikkje skal betalast skatt på kvinnelege slavar som jobbar på plantasjane. Men mannlege slavar skal det betalast dobbel skatt på. Her ser ein at forordningane er meint å stimulere til meir import av kvinnelege slavar i dei neste ti åra, slik at slaveriet kan halde fram etter at slavehandelen vert avslutta.

#### 5.4. Andreas Rigelsen Biørn:

I 1806 gav Andreas Rigelsen Biørn ut ein pamflett som heitte; *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter Iagttigelser og mangeaarige Erfaring*. Dette er av interesse for denne oppgåva grunna at Biørn tidlegare var guvernør i Danmark-Noreg sine områder på Gullkysten, i perioden 1789-1793.<sup>220</sup> Med andre ord vart han guvernør rett før forordning 1792, då det vart vedtatt at den Dansk-Norske transatlantiske slavehandelen skulle avskaffast i 1803. Denne pamphletten vart gitt ut i 1806. Altså vart denne pamphletten utgitt etter avskaffinga av den dansk-norske slavehandelen. Dette viser at sjølv om det var både fatta og iverksett vedtak om avskaffing, var der framleis eit debatt i samfunnet.

Pamfletten er relativ generell. Altså skriv Biørn ofte mest om europearar og han namngir ikkje koloniane. Vidare skil Biørn seg frå mange andre skribentar i samtida, då han i stor grad unngår ordet "Neger". Når han skriv om slavar skriv han ofte nettopp det, slavar. Han skriv også "vores Sorte Brødre".<sup>221</sup> Han referear også til afrikanarane som menneskjer, og slavehandelen som menneskehandel. Her kan ein sjå at Biørn i stor grad ser på afrikanarane som medmenneskjer, men han argumenterer framleis for både slaveriet og slavehandelen. Det er ein tankemønster at mange av dei dansk-norske som anten var i Afrika eller i koloniane, eller både og, såg på afrikanarar som menneskjer. Isert er eit anna døme på ein som såg på Afrikanarane som menneskjer. Vi kan også seie at Pontoppidan er eit døme på ein som ikkje

<sup>219</sup> Christian 7., *Forordning om negerhandelen*, 16. mars 1792.

<sup>220</sup> Hernæs, Per Oluf, (Red.), (2017) *Vestafrika Forterne på Guldkysten*, Gads Forlag A/S, Bosnia-Herzegovina, s. 177.

<sup>221</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter Iagttigelser og mangeaarige Erfaring*, Kiøbenhavn, Trykt på Forfatterens Forlag hos Matthias Johan Sebbelow, Kiøbenhavn, s. 3.

såg på Afrikanarane som menneskjer, med mindre dei var kristna. Det var i større grad danskar/europearar som ikkje hadde vore i Afrika som såg på afrikanarane som lite anna enn krøter eller produksjonsmiddel.

Biørn startar pamfletten sin med å seie at det er naturleg for eit kvart opplyst menneske å føle medkjensle til slavane og avsky over slavehandelen.<sup>222</sup> Det går tydeleg fram at Biørn ikkje ønskjer å kritisere regjeringa for avgjersla om å avskaffe den Dansk-Norske slavehandelen. Men han er framleis ueinig med avgjersla om å avskaffe slavehandelen;

Besjælet af Menneskekiærheden, Ledet af Viisdom gav Danmarks ædle Regierung, ved Slavehandelens Afskaffelse, Verden det første Exempel af dette Slags, som den engelske Regjering nu tildeels har etterfulgt. Imidlertid bestemme mange gyldige Grunde, som her nærmere skulle udvikles, mig til at troe, at det for nærværende Tid, uden visse forgaaende Operationer, verken er mugeligt eller gavnlight, at affkaffe Slavehandelen.<sup>223</sup>

Vi kan her sjå at Biørn meiner at det å avskaffe slavehandelen ikkje er mogleg eller fordelaktivt, grunna av at der er enkelte ”foregaande Operationer” som ikkje har funne stad før avskaffinga. Biørn sin første grunn til at det ikkje er mogeleg å avskaffe slavehandelen er at dødsraten i koloniane Vestindien er for høg til at ein kan avslutte slavehandelen. Biørn skriv at i dei siste åra har ein kun importert nok slavar for å oppretthalde antalet slavar i koloniane. Her ser det då ut til at Biørn seier at dei importerer så lite slavar som mogeleg. Dersom ein importerer færre vil slavebofolkninga i koloniane overtid døy ut. Dermed vil koloniane rett og slett gå tomme for slavar, og såleis vil produksjonen og handelen av varer frå Vestindien stanse. Vidare er det også viktig å nemne at Biørn ser på Storbritannia som ein leiari innan slavehandelen, og at ein bør følgje deira eksempel for å ikkje tape fordelane ved slavehandelen.

Eit anna problem som vert presentert, er at plantasjeeigarane ikkje har jord til overs til korndyrking for å brødfø befolkninga i koloniane. Det er meir lønnsamt, og meir fordelaktig å produsere sukker.<sup>224</sup> Dette vert eit problem dersom ein vil avskaffe slavehandelen, då det ikkje er berekraftig å drive slavehald utan tilgang på ny slavar frå Afrika. Biørn skriv då at dei afrikanske slavane i Vestindien i så fall måtte frigjerast, verte undersåttar og få eige fast land i

---

<sup>222</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 3.

<sup>223</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 3.

<sup>224</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 5.

koloniane.<sup>225</sup> Dette vil også medføre at plantasjeeigarane må få betydeleg erstatning for tapt eigedom, altså for dei afrikanske slavar som har vorte frigjorte, land dei har fått tildelt og må gi i frå seg, og i tapt inntekt i produksjonen av til dømes sukker.<sup>226</sup>

Dei frigjorde Afrikanarane vil då vere nøydde å produsere mat til sjølvberging, som betyr at det blir mindre dyrkbar jord til produksjonen av sukker. Her er og antallet slavar i Vestindien eit problem. I følgje Biørn hadde ein plantasjeeigar 100 tønner eigedom, 1 tønne = om lag 4000 m<sup>2</sup>, og 400 slavar.<sup>227</sup> Her ser ein at der vart lite land til kvar frigjorde afrikanar. Biørn seier også at det er absurd å freiste å forby slavehandel i sin heilheit. Ein stat kan berre forby det i eigne områder. Andre suverene statar og områder som til dømes dei forskjellelege afrikanske statane ville framleis kunne drive slavehandel. Med andre ord vil slaveriet fortsette, berre ikkje i koloniane. Ved dette ser det ut til at Biørn ser på slaveriet som ein internasjonal institusjon, og at det å ikkje delta i denne institusjonen ikkje vil ende slaveriet. Ein kan ende slaveriet og slavehandelen i koloniane ved å gje ei forordning, men i det store biletet vil slaveriet fortsette. Biørn si haldning ser her ut til å vere at dersom slaveriet og slavehandelen er lovleg i andre statar, så vil det å avskaffe slaveriet i dei dansk-norske koloniane vere meiningslaust.

Biørn skriv at dersom slavehandelen opphører vil også europeiske produsentar av varer som vert selde i Afrika i bytte mot slavar, stå ovanfor ei stor krise.<sup>228</sup> Det same kan ein seie om dei menneskja som arbeidar i desse industriane. Her har Biørn eit meir globalt syn. Dersom handelen med afrikanske slavar tek slutt, vil også salet av europeiske varer i Afrika verte kraftig redusert. Dersom det ikkje kjem nye afrikanske slavar til Vestindien, vil då vareflyten frå koloniane til Europa stanse. Alle delane av det transatlantiske systemet er avhengige av kvarandre. Såleis vil systemet kollapse dersom ein fjernar ein del av det. Her seier Biørn at dette vil koste mange Europearar levebrødet deira. Vidare vil det å frigjere slavane også i følgje forfattaren føre til at Europerane over tid vil miste kontroll over koloniane sine.<sup>229</sup> Her spekulerer Biørn i at dei frigjorde afrikanske slavane og Kreolane vil krevje uavhengigheit.

---

<sup>225</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 6.

<sup>226</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 7.

<sup>227</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 6.

<sup>228</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 8.

<sup>229</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 7.

Dersom dette skulle skje, er det lite europearane i koloniane kan gjere med det, då europeane er ein liten minoritet i forhold til dei frigjorde afrikanske slavane og kreolane. Dersom dette skulle skje vil det tyde at Danmark-Noreg vil miste kontroll over produksjonen på plantasjane. Det ser ut til at sukker er det produktet som Biørn legg mest vekt på.

Den afrikanske slavehandel, (især den naar den viseligen benyttes), og at de ved den – selv til umiskiendelig Gavn for Menneskeheden – have mede Millioners aarlige Vinding, forøget deres Landes Velstand og Industrie, saa vilde det jo være i høi Grad uklogt, at give Slip Paa denne Erverv, inden man paa anden Maade havde tilveiebragt et Æqvivalent, der fremmede større Menneskeheld.<sup>230</sup>

Her fortel Biørn kvifor den afrikanske slavehandelen har vore fordelaktig for menneskeheita. For det første vi ser at det er snakk om økonomisk vinning. Vi har allereie etablert at Biørn har eit noko meir globalistisk syn på slavehandelen. Men vi ser her at mykje av fokuset til Biørn framleis ligg hjå europearane og kva nytte dei har av den afrikanske slavehandelen. Vi kan og sjå at det er den fordelaktige økonomien i slavehandelen som er det viktigaste argumentet for slaveriet hjå Biørn. Men han byggjer også vidare. Ved å seie at tallause mengder afrikanarar vert ofra til avgudar, evigvarande krigar, vert offer for kidnappingar og for menneskejetrarar, freistar Biørn å vise til skjebnar som ein kunne lide i Afrika.<sup>231</sup> Her ser vi at forfattaren freistar å stille slaveriet opp mot dei grusomheitene han beskriv i Afrika. Slik Biørn forklarar det, lever menneskja i Afrika ofte i brutale samfunn medan dei i koloniane kan vere med på å betre forholda for menneskeheita i si heilheit. Han snakkar ikkje om den behandlinga dei afrikanske slavane fekk i *The Middle Passage* og i koloniane, men frå kontekst skjønner vi at Biørn meiner at den behandlinga afrikanarane fekk i Afrika var både brutal, og var verre enn dei fekk i koloniane. Dette kjenner vi att frå Pontoppidan og Rømer, der vi også las om til dømes menneskeeterarar. Dette gir bilete som vart brukte for å sjokkere lesaren.

Omsider, da den christelige Religion, der gjorde Menneskerettigheder gjeldende og lærte et tilkommende Liv for alle Mennesker, Efterhaanden udbredte sig, fremmede Konster og Videnskaper, oplyste Menneskers Fornuft og forædle deres Sæder, saa aftog ogsaa efterhaanden hinte stygge Barbarie, thi mange veldædige Love indskrenkede Slaveriet.<sup>232</sup>

<sup>230</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater efter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 9-10.

<sup>231</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 10.

<sup>232</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 13.

Biørn ser på samtidas Afrika som like barbarisk som *oldtidens Europa*.<sup>233</sup> Her ser vi at forfattaren rett og slett kallar Afrika for ei bakevje, og han meiner at dersom ein vil endre på dette må ein innføre kristendommen i Afrika. Men det som kanskje er mest treffande er at på tross av at Biørn snakkar om menneskerettigheiter, så er han framleis for slavehandel.

Grunnen han gir til dette er at sjølv om alle europeiske makter skulle slutte den afrikanske slavehandelen, så tyder ikkje det at slavehandelen i Afrika sluttar.<sup>234</sup> Tvert om meiner Biørn at dersom Europa sluttar med den afrikanske slavehandelen så vil det resultere i at forholda i Afrika vert enda meir barbarisk. Her seier han at det er særleg indre Afrika som er verst, med tyrannisk styre, tortur og menneskeofringar som eksempel på skjebene der.<sup>235</sup> I koloniane derimot, er afrikanarane fri for den behandlinga dei får i Afrika, der er ingen menneskeofringar, dei er frie for slag og anna därleg behandling, dei vert ikkje selde vidare og dei får vere nyttige medmenneskjer. Biørn sitt tankesett vert då å spreie menneskerettar til dei afrikanske slavane i Vestindia, dette kan vere ei vidareføring eller ei utvikling av Pontoppidan sit forsvar av slavehandelen i frå ein kristeleg ståstad. Ved å drive slavehandel gir ein i Biørn sine auge til dei ”barbariske” afrikanarane i Vestindien eit meir sivilisert liv.

Biørn seier også at dei kristne europearane/danskane har ei plikt til å befri Afrikanarane frå tyranniet i Afrika.<sup>236</sup> Det er ikkje mogeleg å berge dei mange millionane av menneskja i Afrika, men det er mogeleg å berge nokre av dei. Dette er ei legitimering av slavehandelen med bakgrunn i at dei afrikanske slavane vart kristna i koloniane, og stemmer i stor grad med den generelle haldninga til kyrkja i Danmark-Noreg, som vi også har sett Pontoppidan nemne.

Biørn sin argumentasjon og informasjon om slaveriet og slavehandelen går for det meste ut på at der er stor fordel av og god lønnsameheit i slavehandelen. Dette gjeld for det første salet av europeiske varer i Afrika, samt kjøp og sal av varer/produkt frå koloniane. For det andre, dersom ein avsluttar slavehandelen ville ein og verte nøydde til å avslutte slaveriet, noko Biørn er imot. For det tredje er slaveriet til det beste for afrikanarane, ettersom Afrika i følgje Biørn er ein valdeleg og tyrannisk stad. Grunna Biørn si stilling som guvernør i Christiansborg, kan ein slik argumentasjon verte tillagt noko vekt. Biørn skriv om

---

<sup>233</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 11.

<sup>234</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 15.

<sup>235</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, s. 16.

<sup>236</sup> Biørn, Andreas Rigelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater etter lagttagelser og mangeaarige Erfaring*, København, s. 17.

medmenneskeheit, moral og kva Europa ville tape dersom slavehandelen tok slutt. Alt dette er med på å danne eit komplekst og blanda bilet av den transatlantiske slavehandelen.

## 6. Avslutting:

Vi har i denne oppgåva sett på levningar frå samtidas Danmark-Noreg som viser til førestellingar og tankesett kring slavehandelen og slaveriet i Danmark-Noreg, før under og etter avskaffinga av slavehandelen. Vi har sett at det var stor grad av kunnskap og informasjon kring slavehandelen og slaveriet i reisedagbøker og i artiklar. Der er også ein del overlapping, då til dømes redaktør Martinus L. Nissen i *Adresseavisa* brukte Ludwig Ferdinand Rømer si reisedagbok som kjelde. Vi har også sett at ulike tankeformer og førestellingar har prega både motstanden og legitimeringa av slavehandelen og slaveriet.

Vi kan dele desse førestellingane og tankesetta inn i tre tema, *Religion, Økonomi, og Humanisme* (sekulære tankesett). I Danmark-Noreg har vi sett spesielt på Pontoppidan og Oldendorp innan religiøse førestellingar og tankesett. Vi har sett at dei begge er for slavehandel og slaveri, då dei ser på kristninga av afrikanarane som viktig. Pontoppidan førestiller seg at livet i Afrika er mykje verre enn i koloniane. Oldendorp såg ikkje på afrikanarane som menneskjer før dei var kristna. Sjølv om dei afrikanske slavane vart kristna, var ikkje dette grunn nok til å frigjere afrikanarane. Her skil ein mellom det materielle livet og sjelelivet. Dersom sjela til slavane vart berga, var dette etter det religiøse tankesettet så viktig, at det vog opp for behandlinga slavane fekk i koloniane

Vi har sett på to økonomiske syn, merkantilismen og frihandelen. Desse to syna har forskjellege tankesett. Merkantilismen såg på det fordelaktige som viktigast. Her var produkta og varene frå Vestindia svært viktig. I *Dansk Oeconomus* seier forfattaren "E" at fleire av produkta, slik som sukker og kaffi frå Vestindien, ikkje var fordelaktige å importere. Difor såg han på slavehandelen som lite fordelaktig, og var slikt sett kritisk til slavehandelen. Dette tankesettet ser vi også hjå Nissen, som såg på varene frå Vestindien som overdådige i artikkelen frå 1770. Men vi har også til dømes Ludwig Ferdinand Rømer som såg på varene frå Vestindien som fordelaktige, og argumenterte for å danne fleire fort i Guinea for å sikre tilgangen på afrikanske slavar til koloniane. Det var altså delte meiningar kring fordelaktigheita av slavehandelen.

Frihandelen såg negativt på slavehandelen og slaveriet. Her var lønnsamheita viktigare enn fordelaktigheita. Vi har sett at Martinus L. Nissen stilte spørsmål kring lønsamheita i slavehandelen i artikkelseriens frå 1784. Vi kan altså sjå at der var førestellingar om at

slavehandelen ikkje var lønsam. Vi ser også at Adam Smith presenterer eit tankesett der individet vart sett i fokus. Her meiner altså Smith at dersom ein jobbar for si eiga sjølvinteresse vil ein jobbe hardare og betre. Den afrikanske slaven hadde inga sjølvinteresse anna enn ønsket om å ikkje verte straffa. Såleis ville den afrikanske slaven gjere det som trengtest for ikkje å verte straffa, men ikkje noko meir. Smith sa at slaveriet var ineffektivt. Dette er noko artikkelseryen frå 1784 ønsker å fortelje mellom anna ved å vise til sabotasjen dei afrikanske slavane i Vestindien utførte.

Dei humanistiske førestellingane og tankesetta var avhengig av om ein såg på dei afrikanske slavane som menneskjer eller ikkje. *Adresseavisen* var igjennom heile vår periode negativ til slavehandelen, men det var berre nokre få gongar, nærmere bestemt i artiklane frå 1780 og 1803, at trykkefridomen tillåt redaktørane Martinus L. Nissen og Willum Stephanson å skrive det dei eigentleg mente. Ofte viser ein til den behandlinga dei afrikanske slavane fekk som argument mot slavehandelen. I andre tider, der trykkefridomen var innskrenka, var artiklane meir informerande enn dømmande i høve slavehandelen og slaveriet. Men ved å bruke verkemiddel slik som overdriving og satire, slik som det til dømes vart gjort i artikkelen frå 1769, ga Nissen leseren moglegheita til å danne seg si eiga mening, men med bakgrunn i det tankesettet som låg bak artikkelen.

Vi kan også sjå ei endring frå Pontoppidan sitt tankesett til Andreas Rigelsen Biørn sit tankesett. Der Pontoppidan argumenterte for slavehandelen som metode for å kristne afikanarane, argumenterte Biørn for å bruke slavehandelen til å spreie menneskerettar og sivilisasjon til afikanarane i Vestindien. Såleis kan ein seie at det humanistiske aspektet vart viktigare enn det religiøse mot slutten av perioden.

Vi har sett på den *14. Forordninga av 1792*, og kva tankesett og førestellingar som var avgjerande i avskaffinga av slavehandelen. Økonomisk tankesett tilsa at slavehandelen var ulønsam, men likevel fordelaktig. Såleis var der ønske om å fortsette slaveriet, men ikkje slavehandelen. Frå eit humanistisk tankesett såg vi at der var ønske om å betre behandlinga av dei afrikanske slavane ved å fjerne tilgangen på nye slavar. Det religiøse tankemønsteret såg ut til å vere mindre viktig. Vi har sett at det i større grad vart brukt til legitimering, og vi ser no at det humanistiske tankesettet sin motargumentasjon vart lagt større vekt på i forordninga.

Vi kan konkludere med at der var forskjellelege økonomiske og humanistiske tankesett og førestellingar, der ein argumenterte både for og i mot slavehandelen og slaveriet. Men at religiøse tankesett og førestellingar vart mest brukt til legitimering av slavehandelen.

## 7.Kjelder og Litteratur:

### Aviser:

Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (30. Juni 1769), *Negerens Tilbøyelighet til Sjølv-Mord*. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (10.05.1770), *Angående de Afrikanske Negers Slaverie*. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger, (08.11.1771) – *Efterreting om Europæernes handel paa kusten af Guinea, som bestander i Slaver, Guld og Elephant-Tænder eller Elfenbeen*. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger (01.10.1784), En Franskmands Efterretning om den frandske Slavehandel. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger (08.10.1784), En Franskmands Efterretning om den frandske Slavehandel. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Kongelig allene privilegerede Tronhiem Adresse-Contoirs Efterretninger (22.10.1784), En Franskmands Efterretning om den frandske Slavehandel. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Trondhjems borgerlige Realskoles alene-priviligerede Adressecontoirs-Efterretninger, (09.13.1803), *ingen tittel*, Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

## Bøker og artikklar:

Monrad, Hans Christian, (1822), *Bidrag til en Skildring af Guinea-Kysten og dens Indbyggere, og til en Beskrivelse over de danske Colonier paa denn Kyst, samlede under mit Ophold i Africa i Arene 1805-1809*. Kiøbenhavn Trykt hos Andreas Seidelin, hofs og Universitets-Bogtrykker. Tilgjengeleg i GoogleBooks:

[https://books.google.no/books?id=2DBDAAAACAAJ&printsec=frontcover&hl=no&source=gbs\\_ge\\_summary\\_r&cad=0#v=onepage&q&f=false](https://books.google.no/books?id=2DBDAAAACAAJ&printsec=frontcover&hl=no&source=gbs_ge_summary_r&cad=0#v=onepage&q&f=false)

Anonym Forfattar, underteikna E., (14.02.1771), *Den Danske Oeconomus første del*, Trykt hos Joh. R. Thiele, Kiøbenhavn. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Birckner, M.G., (1798), *M.G. Birckners Samlede Skrifter – Anden Deel*, U. Bodins Forlag, Kiøbenhavn. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Isert, Paul Erdmann, (1788), *Reise nach Guinea und Den Caribäischen Inseln in Columbien, in Briefen an Seine Freunde beschrieben*. Kopenhagen, Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Montesquieu (1748), Oversett av Thomas Nugent (1752), *The Spirit of Laws*, S. 157. Batoche Books, Kitchener 2001. Henta 01.05.2021. frå <https://socialsciences.mcmaster.ca/econ/ugcm/3ll3/montesquieu/spiritoflaws.pdf>

Oldendorp, G.C.A, (1784), *Fulstændigt Udtog af C.G.A. Oldendorps Missions-Historie om de evangeliske Brødres Mission paa de caraibiske Øer St. Thomas, St. Crux og St. Jan, udgivet paa Tydsk i to Dele*, Trykt på Christ. L. Buds Forlag hjå J. Rud. Theile., Kiøbenhavn Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Pontoppidan, Erik, (1768), *Sandhed til Gudfrygtighed, udi en eenfoldig og efter Muelighed kort, dog tilstrekkelig Forklaring over Sal. Doct. Mort. Luthers Liden Catechismo, Indeholdende alt det, som den, der vil blive salig, har behov, at vide og giøre. Paa Kongel. allernaadigst Befalning til almindelig Bruk*. Waÿsenhuses Bogtrykkerie, trykt av Gerhard Gise Salikath. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Rask, Johannes, (1969), *Ferd til og frå Guinea: 1708-1713*. Fonna Forlag, Oslo. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Raunkklær, Ingeborg, (1917), *Lægen Paul Iserts Breve fra Dansk Guinea 1783-87*, I kommission hjå G.E.C. Gad.

Rømer, Ludwig Ferdinand (1997), *Tilforladelig Efterretning om Kysten Guinea*, Frifant Forlag, Nesodden.

### Andre kjelder:

Biørn, Andreas Riegelsen, (1806), *Tanker om Slavehandelen. Resultater efter Iagttagelser og mangeaarige Erfaring*, Kiøbenhavn. Henta 25.03.2021 frå <http://www5.kb.dk/e-mat/dod/130017400755.pdf>. Tilgjengeleg hjå det Kongelige Bibliotek (<https://www.kb.dk/>).

Christian 7., 14. *Forordning om negerhandelen*, 16. mars 1792 Tilgjengeleg hjå <https://danmarkshistorien.dk/> Henta 01.10.2020 frå <https://danmarkshistorien.dk/leksikon-og-kilder/vis/materiale/forordning-om-negerhandelen-1792/>

### Sekundærkjelder frå moderne tid:

Aarsand, Trond, (1975), *Abolisjonisme og Kolonialisme – P.E. Iserts Plander for et Dansk koloniprosjekt på gullkysten 1788-89*, (Hovedfagsoppgave), Universitetet i Trondheim.

Axelrod, Winsnes, Selena, (2009), *A Description of the Guinea Coast and its Inhabitants, by H.C. Monrad*. Translated from Danish by Selena Axelrod Winsnes. Sub-Saharan Publishers, Accra.

Det Norske akademis ordbok, *Billighed*, Henta 19.02.2021 frå <https://naob.no/ordbok/billighet>.

Gøbel, Erik, (2016), *The Danish Slave Trade and its Abolition*, Leiden, Boston, Brill.

Hove, Jon Olav. (2016) *Sukkerhuset i Trondheim: Historia og minnet om industrietablering og transatlantisk slavehandel*. Fabrik & Bolig.

Hernæs, Per Oluf, (Red.), (2017), *Vestafrika, Fortene på Guldkysten*, Gads Forlag. Bosnia-Herzegovina.

Hutton, Patrick H., (1981), *The History of Mentalities: The New Map of Cultural History*, Wesleyan University, Wiley. Henta 02.05.2021 frå

<https://www.jstor.org/stable/pdf/2504556.pdf?refreqid=excelsior%3A1929c711e648cbdd291650db04e056af>

Klein, Herbert S., (2010), *The Atlantic Slave Trade* (Second Edition), Cambridge University Press, New York.

Kjeldstadli, Knut, (1999), *Fortida er ikke hva den en gang var, En Innføring i Historiefaget*, Universitetsforlaget AS, Oslo.

Larsen, Kay & Green-Pedersen, Sv. E.: *Paul Isert*, i Dansk Biografisk Leksikon på lex.dk.

Henta 02.04.2021 fraå [https://biografiskleksikon.lex.dk/Paul\\_Isert](https://biografiskleksikon.lex.dk/Paul_Isert).

Law, Robin, (2018), *Chapter 6, William's Fort: The English Fort at Ouidah, 1680s–1960s*. I Osei-Tutu, John Kwadwo, (Red.), *Forts, Castles and Society in West Africa Gold Coast and Dahomey 1450-1960*. (s. 119 – s. 148), Brill, Leiden, Boston.

Marks, Robert B., (2007), *Den Moderne Verdens Opprinnelse – En global og økonomise beretning frad det femtende til det tjueførste århundre*, Pax Forlag A/S, Oslo.

Neiiendam, Michael, (04.04.2016), *Erik Pontoppidan - 1698-1764*, i Dansk Biografisk Leksikon på lex.dk., Henta 10.03.2021 fraå

[https://biografiskleksikon.lex.dk/Erik\\_Pontoppidan\\_-\\_1698-1764](https://biografiskleksikon.lex.dk/Erik_Pontoppidan_-_1698-1764).

Seip, Jens Arup, (1958), *Teori om Det Opinionsstyrte Enevelde*, Universitetsforlaget, Oslo. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Stevenson, E., Brenda, *What is slavery?*, (2015). Cambridge, Polity Press.

Strøholm, Per, (1989), *Farvel til Fortida: Idehistorie og vår Livsverden*, Spartacus Forlag, Oslo. Tilgjengeleg hjå Nasjonalbiblioteket (<https://www.nb.no/>).

Stugu, Ola Svein, (2016), *Historie i Bruk*, Det Norske Samlaget, Oslo.

Swaminathan, Srividhya, (2009), *Debating the Slave Trade Rethoric of British National Identity, 1759-1815*, Ashgate Publishing, New York.

## Tabellar:

Tabell 1: Estimat av ombordstigne afrikanske slavar hjå portugisiske skip 1500-1600. Henta 08.05.2021. frå; <http://www.slavevoyages.org/estimates/LBCYg2v8>.

Tabell 2: Antall slavar som reiser frå Afrika, 1501-1866. Henta 08.05.2021 frå <http://slavevoyages.org/estimates/WJUpabmd>

Tabell 3: Antall slavar kjem fram til Amerika i live 1501-1866. Henta 08.05.2021 frå <http://slavevoyages.org/estimates/onej967n>.

## Figurar:

Figur 1: Slavehandelen sit omfang i Dansk-Vestindia frå Afrika, i perioden 1750-1850. Henta 05.05.2021., i frå <https://www.slavevoyages.org/voyages/Oqk5zrnJ>.

Figur 2: Slaveskipet "Brooks" frakta 452 slavar per reise, og hadde om lag 6 kvadrat fot plass til kvar slave. Henta 10.12.2020 frå; <https://www.virgin-islands-history.org/en/history/slavery/danish-decision-to-abolish-transatlantic-slave-trade-in-1792/>.

Figur 3: Kronologisk dødsrate med slaveskip-kapteinar som gjorde fire eller fleire reiser frå Nantes på 1700 talet. Basert på data henta frå, Klein, Herbert S., (2010), The Atlantic Slave Trade, s. 155.

Figur 4: Antal afrikanske slavar sende til Vestindien med dansk-norske skip i perioden 1780-1810. Henta 15.05.2021 frå; <https://www.slavevoyages.org/voyages/w9wuXECt>.

